

**Magne Espeland, Trond Egil Arnesen, Ingrid A. Grønsdal,
Asle Holthe, Kjetil Sømoe, Hege Wergedahl og Helga Aadland**

Skolefagsundersøkelsen 2011

Praktiske og estetiske fag på barnesteget i norsk grunnskule

HSH-rapport 2013/7

Magne Espeland, Trond Egil Arnesen, Ingrid A. Grønsdal,
Asle Holthe, Kjetil Sømoe, Hege Wergedahl og Helga Aadland

Skolefagsundersøkelsen 2011

Praktiske og estetiske fag på
barnesteget i norsk grunnskule

HSH-rapport 2013/7

HSH-rapport 2013/7
ISBN 978-82-90909-15-9 (trykt)

Omslagslayout: Terje Rudi, HSH
Trykk: A1 Grafisk Idé

Publisert av:
Høgskolen Stord/Haugesund
Klingenbergsvegen 8
5414 Stord
www.hsh.no

For bestilling: postmottak@hsh.no

Copyright © Magne Espeland, Trond Egil Arnesen, Ingrid A. Grønsdal,
Asle Holthe, Kjetil Sømoe, Hege Wergedahl og Helga Aadland, 2013

Det må ikke kopieres fra rapporten i strid med åndsverkloven og
fotografloven eller i strid med avtaler om kopiering inngått med
KOPINOR, interesseorgan for rettighetshavere til åndsverk.

Innhold

Kap.1 Metode eller danningsfag? Lærarperspektiv på praktiske og estetiske fag på barnesteget	5
1.0 Innleiing og bakgrunn	6
2.0. Praktiske og estetiske fag på barnesteget- ei gløymd faggruppe?.....	6
3.0 Metode	8
3.1 Skolefagsundersøkelsen 2011	8
3.2 Informantgruppa	10
3.3 Kjønnsskilnader i informantgruppa	12
4.0. Resultat frå fellesdelen.....	12
4.1 Haldningar til praktiske og estetiske fag.....	12
5.2 Praktiske og estetiske fag som metodefag	16
5.3 Kjønnsskilnader.....	20
6.0 Internasjonal forsking om bruk av PE-fag som metode i andre fag	21
7.0 Kvalitetsspørsmålet.....	23
Referansar	25
Kap. 2 Kroppsøving på barnesteget- vektlegging av leik og rørsleglede	29
1.0 Innleiing.....	30
2.0 Metode.....	30
3.0 Bakgrunn	31
3.1 Kjønn.....	31
3.2 Utdanning	32
3.3 Alder, erfaring og undervisning	33
3.4 Eigenvurdert kompetanse	35
4.0 Rammefaktorar	36
4.1 Tilgang til arenaer og utstyr.....	36
4.2 Hovudlærar for kroppsøving.....	37
4.3 Fordeling av kroppsøvingsundervisning	38
4.4 Foreldreengasjement i faget.....	40
5.0 Fagsyn kroppsøving	40
6.0 Organiserings- og arbeidsformer.....	42
6.1 Kjenneteikn på kroppsøvingsundervisninga på barnesteget.....	45
7.0 Undervisningstid i ulike aktivitetar.....	47
7.2 Tid brukt til friluftsliv og uteskule.....	49
7.3 Oppnåing av kompetansemål i symjing.....	51
7.4 Oppsummering av aktivitetsprioriteringar	52
8.0 Oppleving av læreplanen	53
8.1 Planarbeid.....	53
8.2 Vurdering av læreplan	54
9.0 Grunnleggande dugleikar og IKT i faget	56
10.0 Prioriteringar for framtida	59
11.0 Oppsummerande kommentar.....	60
Referansar	66

Kap. 3 Kunst og håndverk i barne-skolen- et fag i oppløsning?	69
1.0 Innledning.....	70
1.2 Utformingen av kunst- og håndverkdelen av spørreundersøkelsen	70
2.0 Frekvensbaserte funn	73
2.1 Respondentenes kjønn, alder, utdanning og praksiserfaring.....	73
2.2 Rammefaktorer – organisering, undervisningstimer, gruppestørrelse og utstyr.....	74
2.3 Selvfølt kompetanse og elevaktivitet	77
2.4 Lærernes holdninger til LK-06.....	81
2.5 Undervisningsmetoder	83
2.6 Bruk av IKT	83
3.0 Faktoranalyser og korrelasjoner.....	85
3.1 Faktoranalyser	85
3.2 Korrelasjoner	89
4.0 Oppsummering og drøfting.....	93
Referanser	100
Vedlegg 1: Kommentarer fra respondentene.....	101
Kap. 4 Mat og helse på barnetrinnet – praktisk, men ennå ikke kreativt	104
1.0 Innledning.....	105
2.0 Frekvensbaserte funn	105
2.1 Undervisningserfaring/bakgrunn.....	106
2.2 Praktisk kompetanse	108
2.3 Rammebetingelser.....	112
2.4 Organiseringsformer.....	113
2.5 Innhold og aktiviteter i faget	118
2.6 IKT i faget	120
2.7 Oppfatninger og fagsyn/praksisteori.....	121
3.0 Oppsummering	125
Referanser	126
Kap. 5 Musikkfaget på barnesteget- eit redusert musikkfag?	127
1.0 Innleiing.....	128
2.0 Frekvensbaserte funn	129
2.1 Undervisningserfaring og utdanningsbakgrunn	129
2.2 Praktisk kompetanse	130
2.3 Rammevilkår	137
2.4 Organiseringsformer - ytre og indre	140
2.5 Innhold, aktivitetar og arbeidsformer i faget	144
2.6 IKT i musikkfaget.....	151
2.7 Oppfatningar og fagsyn	156
3.0 Oppsummerande drøfting	159
Referansar	163
Tabell-liste	164
Figurliste	165

Aadland, H., Arnesen, T. A., Espeland M., Grønsdal, I. A
Sømoe, K.:

Kap.1

Metode eller danningsfag?

**Lærarperspektiv på praktiske og
estetiske fag på barnesteget**

1.0 Innleiing og bakgrunn

Skolefagsundersøkelsen 2011 er ei vidareføring av arbeidet som vart starta med gjennomføringa av Skolefagsundersøkelsen 2009, som var knytt til forskingsprosjektet ”Utdanning, fag og teknologi”. Dette prosjektet var finansiert av Norges forskingsråd og hadde ei nasjonal survey undersøking som hovedelement i arbeidet. Hovudrapporten vart utforma av ei tverrfagleg forskargruppe der også praktiske og estetiske fag var sterkt representerte (Vavik m.fl., 2010). Det tverrfaglege samarbeidet som oppstod gjennom førebuing og gjennomføring av denne undersøkinga er vidareført i arbeidet med Skolefagsundersøkelsen 2011. Denne gongen er temaet situasjonen for praktiske og estetiske fag på barnesteget i norsk grunnskule. Nærare bestemt skulefaga kroppsøving, kunst og handverk, mat og helse og musikk (PE-fag), slik den blir opplevd av praktiserande lærarar. Forskargruppa som står bak denne rapporten er samansett av lærarutdannarar og fagdidaktikarar innan skulefaga kroppsøving, kunst og handverk, mat og helse og musikk. I første del av rapporten fokuserer me på det som er felles for dei praktiske og estetiske faga medan andre del består av fagrapportar frå faga. Metodiske spørsmål er gjort greie for og drøfta i kapittel 1 i rapporten.

2.0. Praktiske og estetiske fag på barnesteget- ei gløymd faggruppe?

Den norske grunnskulen har fått auka merksemd dei siste åra, frå politikarar så vel som frå media. Kravet om at norske elevar skal prestera godt og hevda seg internasjonalt i fag som norsk, matematikk, naturfag og engelsk er blitt høglydt sett fram, og skuleverket kjenner prestasjonspresset.

Dei praktiske og estetiske faga er mindre omtalte og har lenge hatt eit langt svakare lys på seg. Skulefaga kunst og handverk, musikk, kroppsøving og mat og helse har vore lite omtalte i rapportar og oversikter som viser kva for nivå og resultat skuleverket oppnår. Foreldre og andre som frekventerer skulerommet møter likevel desse faga ofte, i form av turar og ekskursjonar, konserter, utstillingar og framsyningar, og i form av ulike ting elevane tek med seg heim. Men få spør om kva for vilkår desse faga har, og om skuleverket ser på dei praktiske og estetiske faga berre som metode for noko anna, eller om dei har ein posisjon som fag på eigne premiss som gir elevane ei kvalitetsorientert praktisk og estetisk danning.

I grunnskulen slik denne er utforma etter Læreplanen frå 2006 (LK06) utgjer PE-faga samla ca. ein fjerdedel av grunnskulen sitt samla timetal. Dette er uttrykk for ein klar politisk intensjon om at desse faga skal spela ei viktig rolle i nasjonal opplærings- og danningsverksemnd for barn og unge. Denne intensjonen har vore og er tydeleg i læreplanverka sidan starten av det norske utdanningsprosjektet. Rett nok finn ein små men klare endringar mellom dei to siste læreplanane, L97 og LK06. Endringane innbyrdes mellom desse faga på barnesteget er ikkje store og dreier seg om ein svak auke for kroppsøvingsfaget, mens dei andre faga har mindre reduksjonar. Endringane mellom dei to siste læreplanane er klarare når det gjeld det læreplanfesta grunnlaget for kva rolle dei praktiske og estetiske skulefaga skal ha. Mens fleire av PE-faga var tett kopla til metodedelen i L97 sine tekstar (Brua), t.d. ”skapande evner og kreativitet” og ”allsidig og praktisk dugleik”, er denne delen tatt vekk i LK06, ein plan som opererer med metodefridom i arbeidet med å implementera praksis. Fleire forskrarar peikar også på at tradisjonelle undervisningsformer dominerer undervisning og læreprosessar i norsk skule (Imsen, 2009).

Den manglande merksemda, eller låge statusen om ein vil, som dei praktiske og estetiske faga synes å ha fått i skulekvardagen og skuledebatten dei siste 10 åra er litt av bakgrunnen for temaet i Skolefagsundersøkelsen 2011. Årsakene til den låge statusen er truleg samansette, t.d. låg lærarkompetanse i PE-faga på barnesteget, større resultatpress på *basisfag* knytta til innføringa av internasjonale og nasjonale prøvar i desse faga. Andre årsaker kjem fram i relativt ferske innspel i den svært avgrensa, men likevel eksisterande norske debatten om PE-fag i skulen. Sentral her er rapporten ”Arts and cultural education in Norway” (Bamford, 2012). Rapporten har sett på både innhald og kvalitet i kunst- og kulturopplæringa for barn og unge i Noreg. Undersøkinga omfattar ei vurdering av skulefaga musikk og kunst og handverk og korleis desse blir brukte i grunnskulen, og på effekten og kvaliteten av ulike statlege tiltak som ”Den kulturelle skolesekken” (DKS).

Hovudkonklusjonen til Bamford er at måla for praktiske og estetiske fag er høgt verdsett i den norske skulen og at eit felles trekk for oppfatninga av desse faga er at dei har funksjon som ”cosy arts”. ”The intrinsic aims of the arts are highly valued in Norway, in particular, a sort of ‘cosy’ feeling that stresses fun, enjoyment, and pride...” (Bamford, 2012, s. 8).

Eit anna døme er rapporten ”Kroppsøving i skolen”, der ei arbeidsgruppe har sett på læreplanen i kroppsøving med vekt på vurderingsproblematikk. Rapporten refererer nyare

forsking og debatt om faget, og slår fast at kunnskapsgrunnlaget for ei drøfting av faget er mangefullt, og at det er spørsmål knytte til fysisk aktivitet og helse som har dominert den offentlege debatten om faget dei siste åra (Lyngstad mfl, 2011). Danningsdimensjonen i kroppsøving er sentral i to artikklar av Yngvar Ommundsen (2008, 2013). Ommundsen drøftar fagets legitimering og allmenndannande funksjon med utgangspunkt i arbeidet den skotske filosofen og pedagogen Peter J. Arnold. Arnold argumenterer for at eigenarten til kroppsøving primært er knytt til *læring i rørsle*, og at det er her ein finn danningsverdien til faget. Dei andre dimensjonane av faget, *læring om rørsle* (teoretisk kunnskap) og *læring gjennom rørsle* (faget som middel på andre områder) er sekundære, men integrerte sider av faget (Arnold, 1988, 1991). Desse lærings- og danningsdimensjonane av kroppsøvingsfaget er ikkje høgt prioriterte av styresmaktene. I staden har dei innført timar i fysisk aktivitet utan å knyta dette til kroppsøvingsfaget, noko som er eit uttrykk for at helseperspektivet for tida har ein høgare status enn dannings- og læringsperspektivet, slik dette tradisjonelt er utvikla i kroppsøvingsfaget.

Det kan hevdast at ei liknande utvikling lenge har gått føre seg knytt til kultur og estetikk gjennom statlege tiltak som ”Skulekonsertordninga” og ”Den kulturelle skolesekken”. Desse tiltaka er i sak nært knytte til fag som musikk, drama, kunst & handverk og norsk (litteratur), men svært mykje tyder på at skuleverket ikkje har etablert eigarforhold til slike tiltak og at tiltaka ikkje er integrerte inn i dei praktiske og estetiske faga sin skulekvardag (Holdhus & Espeland, 2013).

3.0 Metode

3.1 Skolefagsundersøkelsen 2011

Spørjeskjemaet som undersøkinga byggjer på er administrert online og var delt opp i ein fellesdel med spørsmål for alle lærarar, og fire sjølvstendige skjema for lærarar i faga kroppsøving, kunst og handverk, musikk, mat og helse. Alle respondentane svara først på fellesdelen, og dei som underviste i praktiske og estetiske fag vart oppfordra til å velja ein av fagdelane. Slik håpa forskargruppa å kunne identifisera haldningar til PE-fag blant heile respondentgruppa og samstundes kartlegga praksis innan kvart enkelt fag. I denne delen av rapporten fokuserer me på svara i fellesdelen av undersøkinga.

Fellesdelen i spørjeskjemaet bestod av 13 spørsmålsgrupper om alder, kjønn, utdanningstype, utdanningsmengde, undervisningstimar i ulike fag, kva fag lærarane lika best å undervisa i, fritidsinteresser, skuleeigar/rektor/kollegaer sine haldningar til PE-fag, etterspørrelse frå foreldre om PE-fag, og spørsmål knytte til PE-fag sin status og rolle i skulen. I fellesdelen av undersøkinga spurde me også om, korleis og i kva grad lærarane brukte metodar frå dei praktiske og estetiske faga i anna fagundervisning. Me tok som utgangspunkt at lærarane med *metodar frå PE-fag* forstår at kjerneelement frå desse faga – kropp i rørsle, skaping og gjenskaping i materialar, rytmar og tonar osv. – blir integrerte og brukte som didaktiske grep i andre fag sine metodesett.

I spørjeskjemadelane for dei einskilde skulefaga stilte me spørsmål om undervisningserfaring i faget, utdanningsbakgrunn, korleis dei vurderte deira eigen praktiske kompetanse i faget, vurdering av rammevilkår for faget, vektlegging av organiséringsformer i faget, prioritering av innhald og aktivitetar, bruk av IKT i faget, og om ulike oppfatningar og fagsyn. Kvar del av spørjeskjemaet hadde i tillegg opne felt der lærarane kunne rapportera med eigne ord.

Me starta datainnsamlinga i mai 2011 og stengde spørjeskjemaet i desember same år. I første omgang vart det trekt ut eit tilfeldig utval på 20% av barneskular på bakgrunn av data frå GSI (Grunnskolens Informasjonssystem). Ein e-post med invitasjon til deltaking vart send til rektorane ved desse skulane. Det var vanskeleg å få inn svar, og det vart avgjort at alle dei 2485 barneskulane i landet skulle inviterast. Dette resulterte i at me fekk inn svar frå lærarar ved 416 skular (16,5% av barneskulane). Det var totalt 794 av 8855 lærarar ved desse skulane som svara på undersøkinga. Når ein reknar ut svarprosent for dei skulane som er representerte i undersøkinga, vert denne 9,2%. For heile populasjonen av lærarar på barnesteget (42365) vert svarprosenten 1,9%. For å få inn eit fyldig nok materiale gjekk me som nemnd bort frå målet om eit tilfeldig trekt representativt utval. Om ein likevel tenkjer seg at respondentgruppa er representativ for populasjonen vil me ved utrekning av undersøkinga si truverd finna at feilmarginen ved 95% konfidensnivå er på 3,4% noko som inneber at det er 95% sikkert at dersom alle lærarar hadde svart ville dei ha svart innanfor +/- 3,4 % av svara i denne undersøkinga. Me ser heller ikkje vekk frå at det kan ligga potensielle veikskapar ved undersøkinga i konstruksjonen av spørjeskjemaet, med ein fellesdel for alle respondentane og ein del der respondentane måtte velja mellom dei fire faga, mat og helse, kroppsøving, kunst og handverk og musikk. Denne sjølvseleksjonen kan gje meir kompetente og dedikerte informantar, og dermed er det ein viss fare for skeive svar i fagdelane. Analysane av svara


knytte til fagdelane må også vurderast i lys av svar for kvart einskilt fag. Ein siste metodereservasjon gjeld truverdet i lærarar si sjølvrapportering i slike undersøkingar. Delar av forskingslitteraturen om sjølvrapportering hevdar at slike rapportar ikkje har stort truverd (Koziol & Burns, 1986).

Samanlikning mellom vår respondentgruppe og tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) syner at trass i at me måtte gjera nokre grep i datainnsamlinga som svekkar undersøkinga sin validitet, så ligg viktige parameter i respondentgruppa vår tett opptil landsgjennomsnittet. Me vil difor konkludera med at det finst potensielle feilkjelder i materialet vårt, knytte til den forma spørjeskjemaet hadde (online), til mottak og formidling internt på skulane, til tolkinga av utsegner og omgrep i våre spørsmål, og til utsendingsprosedyren. Likevel representerer datasettet eit rikt materiale som kan vera eitt av fleire bidrag i arbeidet med å skaffa fram eit forskingsbasert grunnlag for ei drøfting av dei praktiske og estetiske faga sine vilkår og kvalitet i norsk grunnskule.

Dataprogrammet SPSS er brukt som hovudreiskap i analysen av data. I Skolefagsundersøkelsen 2011 har me prøvt å fanga opp haldningar og praksisar knytte både til eigenverdien til PE-faga og til den rolla dei kan spela for læring i andre fag. I tolkinga av svara har me teke som utgangspunkt at informantane har svart ut frå eigne og kollegaers praksisar og praksisteoriar (Handal & Lauvås, 1999).

3.2 Informantgruppa

Av dei 794 informantane som svarte på surveyen var 637 kvinner (80,1 %) og 157 menn (19,9%). Svar frå kvinnelege lærarar er dermed litt overrepresenterte i datamaterialet vårt jamført med SSB statistikk, som viser at ca. 73,44 % av dei som arbeider i grunnskulen er kvinner (2011/2012 GSI). Dei fleste av lærarane som har svart på undersøkinga er mellom 30 og 59 år (82%). Når det gjeld utdanningsbakgrunnen til informantane er denne som forventa dominert av lærar med allmennlærarutdanning. Men informantgruppa har også vesentlege innslag av andre utdanningar, slik det går fram av Figur 1 nedanfor.



Figur 1: Utdanningsbakgrunnen til informantane

Vår informantgruppe kan samanliknast med tala frå ”Kompetanse i grunnskolen 2005-2006” (Lagerstrøm, 2007). I vårt materiale har 69 % av lærarane som har svart allmennlærarutdanning (Lagerstrøm 74 %), 16 % faglærerutdanning (Lagerstrøm 4%), 6,5% praktisk pedagogisk utdanning (PPU) (Lagerstrøm 10%), 14,1% førskulelærarutdanning (Lagerstrøm 10%) og 1,4% inga utdanning (Lagerstrøm 4%). Skilnaden er størst for dei med faglærerutdanning (12%), noko som kan skuldast metodologiske skilnader mellom undersøkingane, men som også kan vera uttrykk for ein reell skilnad mellom den generelle kompetanseprofilen i norsk barneskule og profilen til vår informantgruppe, t.d. ved at undersøkinga i noko større grad er svara på av informantar med praktisk-estetisk bakgrunn. Skilnadene frå Lagerstrøm si undersøking ”Kompetanse i grunnskolen” er likevel relativt små og styrkjer slik sett representasjonsaspektet av undersøkinga vår.

Av dei 794 informantane som har svart på undersøkinga underviser 648 lærarar (81,5%) i eitt eller fleire praktiske og estetiske fag. Lærarane som har svart på undersøkinga vår har lang undervisningserfaring og vel ein tredjedel (35,7%) av dei har arbeidd meir enn 15 år og vel ein fjerdedel (26,5%) har arbeidd i 10-15 år¹.

¹ Dette vil seia at hovudtyngda av dei som har svart i vår undersøking var utdanna lærarar medan det var obligatorisk med minimum 15sp praktiske og estetiske fag i allmennlærarutdanninga. I 1992 vart allmennlærarutdanninga endra frå 3-årig til 4-årig og dette medførte endringar for innhaldet i undervisninga. Ein av endringane medførte at det ikkje lenger vart obligatorisk med minimum eit praktisk og estetisk fag i utdanninga på 15 sp frå 2003. (Lagerstrøm, B.O., 2007).

3.3 Kjønnsskilnader i informantgruppa

I materialet vårt er det klare kjønnsskilnader både knytt til utdannings- og fagbakgrunn, prioriteringar og synspunkt, haldningar til fag og til undervisning med meir. Når det gjeld kjønnsskilnader knytt til utdannings- og fagbakgrunn, ser bildet slik ut:

I faget kroppsøving har signifikant ($p=.003$) fleire menn (48,6%) fagutdanning enn kvinner (37,8%). Kvinner (13 %) har signifikant ($p=.005$) meir fagleg fordjuping (30 stp eller meir) i mat og helse enn menn (6%). Kvinner (30 %) har meir ($p=.001$) fagleg fordjuping (30 stp eller meir) i kunst og handverk enn menn (18%), men dei underviser om lag like mykje i faget (1-2 timer per veke). Signifikant ($p=.045$) fleire menn (28%) har fagutdanning i musikk enn kvinner (20%). Menn underviser gjennomsnittleg også signifikant ($p=.036$) meir i musikk enn kvinner (35 minutt).

4.0. Resultat frå fellesdelen

4.1 Haldningar til praktiske og estetiske fag

For å laga ein skala som uttrykkjer haldningar til PE-fag tok me utgangspunkt i åtte haldningsvariablar som er viste i Tabell 1, snudde dei i felles retning og laga samlevariabelen *haldningar til PE-fag*. Samlevariabelen har ein Cronbach alpha verdi på 0,84 og me kan derfor gå ut frå at skalaen er reliabel (Pallant 2007). Det er ikkje mogleg å få inn alle dimensjonar av haldningar til PE-fag i ein skala, men dei åtte variablane i Tabell 1 gir samlevariabelen ei breidde som forsvarer at me nyttar den som eit uttrykk for haldningar til PE-fag. På ein Likert-skala frå 1 (svært ueinig) til 6 (svært einig) bad me informantane vurdera påstandane i Tabell 1 nedanfor og oppgi grad av samtykke. Resultatet er gitt i høgre kolonne som gjennomsnittsskår for kvar påstand (mean).


Tabell 1: Lærararhaldningar til verdien av praktiske og estetiske fag.

Påstandar om praktisk-estetiske fag	Gjennomsnittsskår 1 (svært ueinig) - 6 (svært einig) N=750
Praktisk- estetiske fag gir elever som sliter i teorifagene viktige alternative mestringsarenaer	5,21
Praktisk- estetiske fag er viktige for elevenes allmenndannelse og utvikling av kreative evner	5,19
Metoder fra de praktiske og estetiske fagene er viktige for å oppnå gode resultater i de andre skolefagene	4,50
God kvalitet i de praktiske og estetiske fagene på skolen gir bedre resultater også i de andre skolefagene	4,44
Praktiske og estetiske fag bør få flere timer i barneskolen	4,35
Fokus på praktiske og estetiske fag svekker arbeidet med basisfag som matematikk og norsk	2,03
Metoder fra de praktiske og estetiske fagene skulle hatt mindre plass i de andre fagene	1,9
Praktiske og estetiske fag bør overføres til kulturskolen	1,56

Tabell 1 viser at informantane vurderer PE-fag positivt i påstanden ”Praktisk- estetiske fag gir elever som sliter i teorifagene viktige alternative mestringsarenaer” (gjennomsnittsskår: 5, 21) og påstanden ”Praktisk- estetiske fag er viktige for elevenes allmenndannelse og utvikling av kreative evner” (gjennomsnittsskår: 5,19). Påstanden ”Metoder fra de praktiske og estetiske

fagene er viktige for å oppnå gode resultater i de andre skolefagene (gjennomsnittsskår: 4,50) og påstanden ”God kvalitet i de praktiske og estetiske fagene på skolen gir bedre resultater også i de andre skolefagene” (gjennomsnittsskår: 4,44) har også positive skårar midt mellom ”einig” og ”litt einig”. Lærarane er ueinige i dei tre påstandane ”Fokus på praktiske og estetiske fag svekker arbeidet med basisfag som matematikk og norsk (gjennomsnittsskår: 2,03), ”Metoder fra de praktiske og estetiske fagene skulle hatt mindre plass i de andre fagene (gjennomsnittsskår: 1,9)” og ”Praktiske og estetiske fag bør overføres til kulturskolen”(gjennomsnittsskår: 1,56). Samla sett viser desse tala svært positive haldningars til dei praktiske og estetiske faga allment sett, og dei viser også at lærarane har klare oppfatningar om metode- og kvalitetsspørsmåla.

For å få innblikk i haldningane til PE-fag (Tabell 1) hjå ulike lærargrupperingar har me nytta t-testar for å samanlikne gjennomsnittsverdiar på samlevariabelen *haldningars til PE-fag* og gjennomført korrelasjonsanalysar for å sjå etter samvariasjon mellom bakgrunnsfaktorar og samlevariabelen *haldningars til PE-fag*. Me fann at kvinner har signifikant meir positive haldningars til PE-fag enn menn (skilnad gjennomsnittsskår: 0,28). Kor mange år informantane hadde undervist gav ingen signifikante utslag, mens aukande alder hjå lærarane hadde ein svak positiv korrelasjon med haldningars til PE-fag ($r=,099$ $p<,005$). Me fann nokre signifikante skilnadar i haldningars til PE-fag for lærargrupper med ulike utdanningstypar. Faglærargruppa er signifikant meir positive til PE-fag enn resten av lærarane (skilnad gjennomsnittsskår: 0,24) medan allmennlærarar (skilnad gjennomsnittsskår: 0,25) har signifikant mindre positive haldningars til PE-fag enn dei med andre typar utdanning. Når me samanliknar gjennomsnittskåren for haldningars til PE-fag for kvar av utdanningstypane praktisk pedagogisk utdanning, førskulelærarutdanning eller inga pedagogisk utdanning med resten av lærarane fann me ingen signifikante skilnader. Figur 2 nedanfor viser at utdanningsmengde i PE-fag har noko å seia for haldningane lærarane har til PE-fag.



Figur 2: Utdanningsmengde og haldning til praktiske og estetiske fag.

Lærarar med 30 studiepoeng (stp) eller meir i PE-fag har gjennomgåande signifikant meir positive haldningar til alle påstandane i Figur 2, enn lærarar som har mindre enn 30 stp i PE-fag (skilnad gjennomsnittsskår: 0,35). Påstanden om at PE-faga skulle ha hatt fleire timer på barnesteget (skilnad gjennomsnittsskår: 0,47) og at fokus på PE-fag svekker arbeidet med basisfag som matematikk og norsk (skilnad gjennomsnittsskår: 0,52) synte størst skilnad mellom desse to gruppene.


Ut frå denne delen av undersøkinga konkluderer me at lærarane har positive haldningar til PE-fag og at dei finn dei viktige for allmenndanning, utvikling av kreativitet og læring i andre fag i barneskulen. Eit interessant funn, slik me ser det, er at lærarane legg vekt på at god kvalitet i dei praktiske og estetiske faga gir betre resultat også i dei andre skulefaga. Slik sett er dei *ikkje* heilt på linje med funn i rapporten til Bamford (2012), der dei praktiske og estetiske faga i grunnskulen blir omtalte som "cosy arts" og der Bamford seier at kvalitetsspørsmål knytte til "arts" er "a contentious issue in Norway". Ho seier: "The arts themselves are not viewed as 'proper' subjects, and are often given low status and low priority in the school days" (Bamford, 2012, s. 92). Men funna våre stadfester langt på veg funna til Bamford om at

norske lærarar er svært merksame på dei utdanningsmessige, sosiale, kreative og kulturelle verdiane som er knytte til dei praktiske og estetiske faga, og at dei ser på desse faga som ”sine”. Dette er også tilfelle for lærarane si oppfatning av rektor, skuleeigar og kollegaer sine haldningar til dei danningsmessige verdiane som ligg i PE-fag. Gjennomsnittet av svara frå lærarane ligg her frå 4,3 til 5,09 på ein skala frå 1-6, noko som er relativt høgt (1 = svært negativ og 6 = svært positiv). Ser ein samla på haldningar til praktiske og estetiske fag i undersøkinga vår, er resultatet kanskje uventa positivt med tanke på det fokuset som har vore på basisfag dei siste åra.

I debatten om dei praktiske og estetiske faga ser ein også av og til synspunkt som antyder at faga burde ha vore tekne hand om av oppsökjande kunstnarar, idrettsorganisasjonar og statlege besøksprogram som ”Den kulturelle skolesekken”, eller kulturskulen. Funna våre viser at dei praktiserande lærarane på barnesteget, hovudsak allmennlærarar, seier eit klart nei til å overføra PE-fag til kulturskulen.

5.2 Praktiske og estetiske fag som metodefag

I undersøkinga spurde me lærarane om kor ofte dei brukte konkrete metodar frå praktiske og estetiske fag i anna fagundervisning. Svara vart gitt langs ein 6-delt Likert-skala der ”Aldri = 1” og ”Svært ofte = 6”. Som vist i Figur 3 under valde me to sentrale arbeidsformer/aktivitetar frå kvart av dei PE-faga. I tillegg valde me å ta inn arbeidsmåtar frå drama, som har lang tradisjon som metodefag i grunnskulen og lærarutdanning. Dessutan la me inn eit ope felt der lærarane kunne gi utdjupande informasjon. Figur 3 viser korleis svara fordelte seg.




*Figur 3: Bruk av praktisk-estetiske metodar i anna fagundervisning
(p = signifikansverdi)*

Svara frå lærarane på om dei brukar PE-metodar i anna fagundervisning viser verdiar som ligg mellom 3,0 og 3,5 for metodane ”måltider som arena for læring” (3,07) og ”drama” (3,39). Verdiane for metodane ”musikklytting” (3,58), ”laget ting i ulike materialer” (3,76), ”turdag/uteskule/aktivitetsdag”(3,93) og klassesang (3,95) ligg mellom 3,5 og 4,0. Høgast verdi finn for metoden ”teikning/maling/”(4,06) medan metodane ”dans” (2,71) og ”lage mat”(2,76) har lågast verdiar. Figur 3 viser og at det er klare skilnader mellom kvinner og menn i bruken av desse metodane. Gjennomsnittet for kvinner er signifikan høgare enn for menn på alle metodane me har spurt om, bortsett frå turdag/uteskule/aktivitetsdag og musikklytting. Skilnaden mellom kjønna er størst i bruk av klassesong, der svara tyder på at menn syng sjeldnare med elevane enn kvinner. Svar henta frå det opne feltet i spørjeskjemaet nemner i tillegg fleire arbeidsområde der ein nyttar metodar frå PE-fag, som til dømes spesialundervisning, arbeid med framandspråklege elevar, og ei lang rekke arbeidsmåtar i

leseopplæring, praktisk matematikk ute og på kjøkkenet, leik som læringsaktivitet og fysisk aktivitet som avveksling.


Figur 4 under viser at lærarane i informantgruppa underviser i snitt (mean) 0,5-1,8 timer i veka i alle fag utanom norsk, som har eit snitt på 4,5 timer og matematikk med 2,8 timer.



Figur 4: Undervisningstimar pr. veke pr. fag.

Snitt-tala i Figur 3 indikerer at informantgruppa i all hovudsak er typiske klasselærarar ved at dei underviser i dei fleste faga i sin klasse. Ut frå dette kan me anta at lærarane har rikeleg høve til å bruka metodar frå PE-fag i andre fag. Me har tidlegare sett at heile informantgruppa er svært samstemde i synet på at metodar frå praktiske og estetiske fag er viktige for å oppnå gode resultat i dei andre skulefaga (Tabell 1). Når bruk av PE-metodar berre skjer sjeldan eller av og til må det liggja andre forklaringar til grunn, som til dømes vanskelege rammevilkår, at dei ikkje finn det hensiktsmessig oftare, eller manglante kompetanse hjå lærarane.

Utdanningsprofilen i informantgruppa vår speglar i hovudsak utdanningsprofilen i andre undersøkingar, som til dømes ” Kompetanse i grunnskolen: hovedresultater 2005/2006” (Lagerstrøm, 2007). Utdanningsprofilen i vår informantgruppe går fram av Figur 5 nedanfor, som viser kor stor prosentandel av lærarane som har 30 studiepoeng eller meir i dei ulike skulefaga.



Figur 5: 30 stp eller meir i dei ulike faga.

Det er ikkje eit nytt funn at den praktiske og estetiske faggruppa har låg utdanning. Dette er også vist i andre undersøkingar (Lagerstrøm, 2007). I vår informantgruppe varierer dekninga for dei som har 30 stp eller meir i PE-fag frå 11,7% for mat og helse til 27,6% for kunst og handverk medan hos Lagerstrøm varierer det frå 17% for mat og helse til 34,4% for kroppsøving. Skolefagsundersøkelsen 2011 stadfestar dermed at dei praktiske og estetiske skulefaga har langt därlegare fagdekking på barnesteget enn fag som norsk, matematikk, samfunnssfag, naturfag og RLE. Manglande utdanning i PE-fag er ikkje eit uventa funn sett på bakgrunn av at PE-fag er blitt meir og meir marginale, og frå 2003 heilt borte som obligatoriske fag, i den tidlegare allmennlærarutdanninga og i den nye grunnskulelærarutdanninga. Det er difor rimeleg å tru at manglande kompetanse hjå lærarane kan vera ei mogleg forklaring på våre funn om beskjeden bruk av PE-metodar i andre fag, sjølv om haldninga til slik bruk hjå lærarane samla sett er svært positiv.

Skolefagsundersøkelsen 2011 sine funn peika mot at bruken av PE-fag som metode i grunnskulearbeid finst i mindre omfang og i varierande grad, frå 'av og til' og til 'sjeldan'. Undersøkinga kan påvisa konkrete samanhengar mellom bruk av praktiske og estetiske fag som metode og utdanning til informantane, sjølv om funna ikkje er veldig klare.

Ser me på dette spørsmålet med eit sideblikk til Bamford si undersøking, kan det vera grunn til å merka seg hennar funn om kva grunnutdanninga betyr i bruken av PE-metodar i andre fag. I tilknyting til det Bamford omtalar som "creative and culture-rich instruction" hevdar ho at informantane hennar har klare oppfatningar om manglar i lærarutdanninga for grunnskulen:

Many new teachers leave the teacher education system without the skills and knowledge needed to teach the arts and culture, or to use creative and cultural-rich methods of instruction. Knowledge and skills of evaluation, research, and reflection necessary for implementing creative learning programmes and arts education are lacking in teacher education... (Bamford, 2012, s. 10).

5.3 Kjønnsskilnader

I materialet vårt er det klare kjønnsskilnader knytt til lærarane sine prioriteringar og synspunkt, haldningar til fag og undervisning med meir. I faget kroppsøving underviser kvinner mindre enn menn i kroppsøving ($p=.000$) og det er også signifikant ($p=.001$) fleire menn (13,4%) enn kvinner (3,6%) som likar best å undervisa i kroppsøving.

Kvinner har meir fagleg fordjuping i mat og helse enn menn (sjå 3.3.). Dette ser me igjen i faktiske undervisingstimar, der kvinner underviser meir enn menn ($p=.000$). Likevel er det ikkje nokon signifikant forskjell for kjønna når det gjeld kor mange som likar best å undervisa i mat og helse (4,4 % kvinner og 1,9% menn). Kvinner har meir fagleg fordjuping i kunst og handverk enn menn, men dei underviser om lag like mykje i faget (1-2 timer per veke). Likevel er det signifikant ($p=.001$) fleire kvinner (11,4%) enn menn (4,6%) som likar best å undervisa i kunst og handverk.

Fleire menn har fagutdanning i musikk enn kvinner. Menn underviser gjennomsnittleg også signifikant ($p=.036$) meir i musikk enn kvinner (35 minutt). Dette viser seg også igjen i kor

mange som likar best å undervisa musikk: 12,1% menn og 4,7 % kvinner. Denne skilnaden er også signifikant ($p=0.008$).

6.0 Internasjonal forsking om bruk av PE-fag som metode i andre fag

Skolefagsundersøkelsen 2011 viser at metodar frå praktiske og estetiske fag blir lite brukte på barnesteget i norsk skule, sjølv om lærarkorpset har tru på læringseffekten slike metodar kan ha. Undersøkinga viser også at lærarane gir uttrykk for eit klart eigarforhold til desse faga, og at svært mange meiner faga må styrkast. I siste del av dette kapittelet skal me kort sjå på i kva grad det finst forsking som støttar ei slik tru og kort drøfta funna frå Skolefagsundersøkelsen 2011 i lys av norsk og internasjonal forsking.

Det finst lite forsking knytt til haldninga i praktiske og estetiske fag og til bruk av element frå slike fag som metode i andre fag i Noreg. I dei evalueringsrapportane av L97 som ligg føre, m.a. Haug (2003, 2004), Klette (2003) og Sæbø (2003) hevdar forskarane at grunnskulen legg lita vekt på elevaktive, estetiske og kreative undervisnings- og læringsformer. I motsetnad til nasjonal forsking er den internasjonale forskinga på dette omfattande, særleg i amerikansk skuleforskning. Forskinga er først og fremst knytt til overføring av læring (Burton mfl. 2000) og resultat i andre fag enn PE-faga (Catterall, 2005), og ofte konkret knytt til spørsmål om i kva grad metodar frå PE-fag kan gje betre resultat i språk- og leseopplæring (Wilhelm, 1995, Burger & Winner, 2000), i matematikk (Graziano mfl. 1999), i resonnering og tenking (Keinänen mfl. 2000), i sosiale dugleikar, motivasjon for betre læring, og i forbetering av skolemiljø (Nelson, 2001). I tillegg finst det ein betydeleg internasjonal forskingslitteratur knytt til rørsle og læring (Ericsson 2005, Hillman m.fl. 2008, 2011, Ratey & Hagerman, 2010), som både byggjer på skuleforskning og på hjernehelseforskning, og forsking knytt til bruk av drama som læringsmetode (Cooper, 2010). Nasjonalt er Høgskulen i Sogn og Fjordane i gang med eit stort forskingsprosjekt, der målet er å studera kva effekt 60 minutt dagleg fysisk aktivitet har på skuleprestasjonar hos elevar gjennom eit skuleår (Anderssen, 2013).

Kritiske vurderingar av delar av denne forskinga er mellom anna gjort av Deasy (2002). Sjølv om svært mange studiar viser at metodar frå PE-fag gir gode akademiske og sosiale effektar, er funna ikkje presise nok til utan vidare å kunna slå fast at slik er det, seier han. Skal slike effektar finna stad må metodane vera ”well crafted” seier Deasy:

... well-crafted arts experiences produce positive academic and social effects, but they long for more research that reveals the unique and precise aspects of the arts teaching and learning that do so (Deasy, 2002, s. 7).

To av dei mest kjende forskarane innan dette feltet, Ellen Winner og Lois Hetland, har gått kritisk gjennom det meste av forsking som er gjort sidan 1950 innanfor denne legitimeringsforskinga (Winner & Hetland, 2008). Dei er skeptiske til at verdien av ”arts education” først og fremst skal byggja på verdien dette fagområdet har for andre fag:

We argue instead that the arts have great value in a child’s education, but that this value is due first and foremost to the importance of learning in the arts. Although arts study may in some cases instill skills that strengthen learning in other disciplines, arts programmes should never be justified primarily on what the arts can do for other subjects (Hetland & Winner, 2004, s. 136).

Sjølv om det er debatt i det internasjonale forskingsmiljøet om verknader og verdi av praktiske og estiske fag som metode i andre skulefag, vil me her likevel dra fram eit innspel som syner kva for gjennomslag slik forsking har fått i internasjonale skulespørsmål. Det første er ein rapport som er utarbeidd av den amerikanske ”President’s Committee of the Arts and Humanities” (Dwyer, 2011). Rapporten går grundig inn på eksisterande forsking, og hevdar at dei gode effektane av kvalitetsrik ”arts education” er påvist i elevprestasjonar, inklusive overføring av læring frå eitt område til eit anna, elevmotivasjon og engasjement, utvikling av tanke og handlingsmåtar som inkluderer problemløysing, risikotaking, samarbeid, kreativ tenking, uthaldning, vurderingsevne, og utvikling av sosial kompetanse og sjølvtillit. I forordet til rapporten skriv utdanningsminister Arne Duncan følgjande om rapporten:

It documents that the process of making art — whether it written, performed, sculpted, photographed, filmed, danced, or painted — prepares children for success in the workforce not simply as artists, but all professions. Most importantly, it makes a compelling argument for creating arts-rich schools and engaging artists in ways that complement the study of other subjects such as literature, history, science, and mathematics (Dwyer, 2011, s. 1).

7.0 Kvalitetsspørsmålet

I dette kapittelet av rapporten har me presentert og drøfta funn frå fellesdelen av Skolefagsundersøkelsen 2011. Me har særleg løfta fram ulike funn som gjeld alle dei praktiske og estetiske faga som felles gruppe, ulike aspekt ved lærarkompetanse, haldningar til PE-fag og bruk av praktiske og estetiske metodar i andre fag.

Det kan sjå ut til at funna frå Skolefagsundersøkelsen 2011, som viser at lærarane har sterk tru på verknaden av å bruka metodar frå PE-fag i andre fag, har eit solid internasjonalt forskingsgrunnlag å byggja på. Det kan likevel vera vert å merka seg at forskinga og dei som drøftar denne forskinga synest å vera samde om at arbeidet med PE-metodar må vera av høg kvalitet. Bamford går så langt som til å seia at bruk av PE-metodar med dårleg kvalitet kan gje skadeverknader både for metodefaget som er involvert og for faget der metoden blir brukt. Ho viser til at kvalitetsspørsmålet knytt til ”arts education” kan vurderast ut frå ein standard som kan konkretiserast i form av arbeidsmåtar i faga, haldningar til faga og ei rekke andre faktorar som saman ”... form the baseline alpha that needs to be considered prior to the measurement of impact” (Bamford, 2012, s. 25). Sett i tilknyting til ”arts education” i skuleverket seier Bamford:

... these indicators of quality hold true for both education through the arts and education in the arts. In both these complementary ways in which the arts contribute to education, the indicators of quality remain quite stable and consistent (Bamford, A., 2012, s. 25).

Bamford viser ikkje til den forskinga me har referert til, men det er liten tvil om at internasjonal forsking gir støtte til eit slikt synspunkt. Skolefagsundersøkelsen 2011 gir oss ikkje eit godt nok grunnlag for generelt å hevda at bruken av PE-metodar i andre fag i norsk barneskule har dårleg kvalitet. Det kan etter vårt syn berre avklarast gjennom observasjonsstudiar i norske kontekstar. Denne undersøkinga viser likevel at det er eit mistilhøve mellom lærarane sine positive haldningar til PE-faga som metodeleverandørar, og bruken av desse metodane. Det er eit stort paradoks at det store fleirtalet av nye lærarar som skal arbeida på barnesteget kjem til å gå ut av lærarutdanninga med store manglar i kompetansen sin. I ein rapport frå Kunnskapsdepartementet ”Praktiske og estetiske fag og lærarutdanning” om potensielle konsekvensar for praktiske og estetiske fag i ny

grunnskulelærarutdanning vert det hevda at det er stor fare for at nye lærarar på barnesteget kan bli uteksaminert med

... manglende kunnskaper, ferdigheter og generell kompetanse knyttet til praktiske og estetiske fag, ferdigheter i kreative og estetiske læreprosesser, manglende praktisk og teoretisk kultur- og tradisjonskunnskap, manglende kroppsrelaterte ferdigheter som utøvende klasseromlærer (stemme, bevegelse, mimikk, rolle) ... (Espeland m.fl., 2011, s. 24).

Skolefagsundersøkelsen 2011 kan ikkje stadfesta eller avkrefta om eller i kva grad desse manglane er synlege på barnesteget i grunnskulen. Funna våre, saman med konstateringa av den svekka rolla desse faga har fått i den nye grunnskulelærarutdanninga 1 – 7, styrkjer oss likevel i trua på at utviklinga på barnesteget er inne i eit alvorleg feilspor, der praktiske og estetiske fag i aukande grad blir marginaliserte, og der variasjonen mellom skulane med tanke på kvaliteten i arbeidet som blir gjort ikkje blir mindre men større. Dette vil etter vårt syn vera ei trist utvikling, og ei utvikling som er svært lite i pakt med ny skule- og læringsforsking.

Referansar

Anderssen, S. (2013). *The ASK Study - A randomized controlled trial investigating the effect of daily physical activity on children's school performance*. Forskningsprosjekt ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Nedlasta 5. juni 2013 frå:

http://www.forskningsradet.no/no/Artikkel/Strategiske_hogskoleprosjekter_SHP_Beviling_til_atte_nye_prosjekter/1253980699869?lang=no

Arnold, P.J. (1988). *Education, movement and the curriculum*. London: Falmer Press.

Arnold, P.J. (1991). The preeminence of skill as an educational value in the movement curriculum. *Quest*, 43(1), 66-77.

Bamford, A. (2012). *Arts and cultural education in Norway 2010/2011*. The Norwegian Center for Arts and Cultural Education, (KKS). Spesialtrykk as. Stavanger.

Burger, K. & Winner, E. (2000). Instruction in visual art: Can it help children learn to read? *Journal of Aesthetic Education*, 34(3/4), 277-293.

Burton, J.M., Horowitz, R. & Abeles, H. (2000). Learning in and through the arts: The question of transfer. *Studies in Art Education*, 41(3), 228-257.

Catterall, J. S. (2005). Conversation and silence: Transfer of learning through the arts. *Journal for Learning through the Arts*, 1(1)

Cooper, C. (2010). Making a world of difference: A DICE resource for practitioners on educational theatre and drama. *DICE–Drama Improves Lisbon Key Competences in Education, DICE Consortium*.

Deasy, R. J. (2002). *Critical links: Learning in the Arts and Student Academic and Social development*. Arts Education Partnership, Washington, DC.

Dwyer, C. (2011). *Reinvesting in Arts Education: Winning America's future through creative schools*. President's Committee on the Arts and the Humanities. Washington,DC.

Ericsson, I. (2005). Fysisk aktivitet och kunskaps-utveckling i skolan. *Svensk Idrottsforskning*, (4), , 24-27.

Espeland, M., Allers, T-H., Carlsen, K & Kalsnes, S. (2011). *Praktiske og estetiske fag og Lærerutdanning* (HSH-rapport 2011/1). Hentet fra:
http://idtjeneste.nb.no/URN:NBN:no-bibsys_brage_16239

Graziano, A. B., Peterson, M.,& Shaw, G. L. (1999). Enhanced learning of proportional math through music training and spatial-temporal training. *Neurological Research*, 21(2), 139-152.

Handal, G. & Lauvås, P. (1999). *På egne vilkår*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.

Haug, P. (2003). *Evaluering av Reform 97. Sluttrapport fra styret for Program for evaluering av Reform 97*. Norges Forskningsråd, Oslo

Haug, P (2004). *Resultat fra evalueringa av Reform 97*. Noregs Forskningsråd, Oslo.

Hetland, L. & Winner, E., (2004). Cognitive transfers from arts eduation to noneart outcomes. Research evidence and policy Implications. I Eisner, E.W. & Day, M.D. (Eds) *Handbook in Research and Policy in Art Education*, s. 136). Laurence Erlbaum Associates Inc.. New Jersey.

Hillman, C. H., Erickson, K.I. & Kramer, A.F. (2008). Be smart, exercise your heart: Exercise effects on brain and cognition. *Nature Reviews Neuroscience*, 9(1), 58-65.

Hillman, C., Kamijo , K. & Scudder, M. (2011). A review of chronic and acute physical activity participation on neuroelectric measures of brain health and cognition during childhood. *Preventive Medicine*, 52, S21-S28.

Holdhus, K. & Espeland, M. (2013). The visiting artist in schools: Arts based or school based practices? *International Journal of Education & the Arts*, 14(SI 1.10). Henta 190213 fra <http://www.ijea.org/v14si1/>

Imsen, G. (2009). *Lærerens verden: innføring i generell didaktikk*. Oslo: Universitetsforlaget

Keinänen, M., Hetland, L. & Winner , L. (2000). Teaching cognitive skill through dance: for near but not far transfer. *Journal of Aesthetic Education*, 34(3/4), 295-306.

Klette, K. (red.) (2003). *Klasserommets praksisformer etter Reform 97*. Oslo: Pedagogisk forskningsinstitutt, Universitetet i Oslo.

Koziol, S. M. Jr. & Burns, P. (1986). Teachers' Accuracy in Self-Reporting about Instructional Practices Using a Focused Self-Report Inventory. *The Journal of Educational Research* 79, 4, 205-209. Nedlasta 5. juni 2013 frå:
<http://www.jstor.org/stable/27540198>

Lagerstrøm, B. O. (2007). *Kompetanse i grunnskolen. Hovedresultater 2005/2006*.

Statistisk sentralbyrå 2007. Oslo-Kongsvinger.

Lyngstad, I., Flagstad, L., Leirhaug, P.E. & Nelvik, I. (2011). *Kroppsøving i skolen*. Rapport fra arbeidsgruppe i kroppsøving. Uddanningsdirektoratet 2011, Oslo.

Nelson, C. A. (2001). The arts and education reform: Lessons from a four-year evaluation of the A schools program, 1995-1999. Executive Summary. In R. Deasy (Ed.). *Critical Links: Learning in the Arts and Student Achievement and Social Development*. Washington, DC: AEP.

Ommundsen , Y. (2008). Kroppsøving: Danning eller helse? Om to ulike begrunnelser for faget og konsekvenser. I P. Arneberg & L. G. Briseid (Red.), *Fag og danning: mellom individ og fellesskap*. Bergen: Fagbokforlaget, s. 193-208.

Ommundsen , Y. (2013). Fysisk-motorisk ferdighet gjennom kroppsøving– et viktig bidrag til elevenes allmenndanning og læring i skolen. Norsk pedagogisk tidsskrift, 02/2003 s. 155-166. Universitetsforlaget Oslo.

Pallant, J (2007). *SPSS survival manual: A step by step guide to data analysis using SPSS*. McGraw-Hill, Open University Press, Great Britain.

Ratey, J.J. & Hagerman, E. (2010). *Spark! How exercise will improve the performance*

of your brain. Quercus London.

Sæbø, A. B. (2003). Drama i L97. *I hvilken grad og hvordan er drama som fagområde og metode en del av innholdet og arbeidsmåtene i grunnskolen?* Høyskolen i Stavanger.

Utdanningsdirektoratet (2012). *Grunnskolens informasjonssystem 2011/2012.* Lasta ned fra:
<https://gsi.udir.no/informasjon/apne/>

Vavik, L., Andersland, S., Arnesen, T.E., Arnesen T., Espeland, M., Flatøy., Grønsdal, I. & Tuset, G.A. (2010). *Skolefagsundersøkelsen 2009. Utdanning, skolefag og teknologi.* (HSH rapport 2010/1).

Wilhelm, J. D. (1995). Reading is seeing: Using visual response to improve the literary reading of reluctant readers. *Journal of Reading Behavior, 27*(4), 467-503.

Winner, E. & Hetland, L. (2008). Art for our sake school arts classes matter more than ever-but not for the reasons you think. *Arts Education Policy Review, 109*(5), 29-32.

Arnesen, T.E., Aadland, H.:

Kap. 2

Kroppsøving på barnesteget- vektlegging av leik og rørsleglede

1.0 Innleiing

I denne rapporten vert resultata frå kroppsøvingsdelen av Skolefagsundersøkelsen 2011, ein nasjonal kartleggingssurvey for dei praktiske og estetiske faga på steg 1-7, presenterte.

Kroppsøving er det tredje største gjennomgåande faget i skulen; på steg 1-7 er det 478 timer til fordeling. Det er vanleg med omlag ein time i veka på steg 1-4, medan steg 5-7 som oftast har omlag to timer i veka. Ein kunnskapsoversikt for kroppsøvingsfaget (Jonskås, 2010) peikar på at mengda av forsking på faget ikkje står i stil til det store omfanget faget har i skulen. ”*Det er svært mangelfull kunnskap om hva elever lærer og hvordan undervisningen foregår*” (Jonskås, 2010, s. 7). Viktige unnatak er Jacobsen, By, Moser, Fjell, Gundersen og Stokke (2001, 2002, 2006) si evalueringa av kroppsøvingsfaget etter Læreplanen frå 1997 (L97). Den inneholder mellom anna ei brei surveybasert kartlegging som er spesielt interessant som samanliknings- og drøftingsgrunnlag for denne undersøkinga. Ein har elles lite forskingsbasert kunnskap om kroppsøving dei første sju åra i skulen. Denne rapporten er eit lite bidrag til å bøte på dette.

Lærarane som har svara på undersøkinga underviser i kroppsøving på barnesteget. Dei har svara med utgangspunkt i eigen praksis og erfaring. Undersøkinga har soleis eit lærarperspektiv på kroppsøvingsfaget. Ei overordna problemstilling for kroppsøvingsdelen er:

Kva er stoda for kroppsøvingsfaget på steg 1-7 på område som kompetanse, fagsyn, oppleving av læreplan, organisering, arbeidsmåtar, innhald og rammefaktorar?

2.0 Metode

For overordna design og metodiske vurderingar sjå generell del av rapporten, kapittel 1.

Spørjeskjema for fagdelen i kroppsøving har spørsmål knytte til bakgrunnen til kroppsøvingslærarane, innhald i undervisinga, rammefaktorar, organisering av faget i skulen, organisering og arbeidsmåtar i faget, vektlegging av grunnleggande dugleikar og oppfatningar knytte til fagsyn i kroppsøving. Det er også tekstsvar der lærarar kan utdjupa poeng eller ta opp element som ikkje er dekka i spørjeskjemaet.

Datainnsamlinga vart gjort i 2011 og gjeldane læreplan for kroppsøving, Kunnskapsløftet 2006, heretter LK06 (Utdanningsdirektoratet, 2006) hadde då ”Aktivitet i ulike rørslemiljø” som einaste hovudområde for steg 1-4. På steg 5-7 var det to hovudområde, ”Idrettsaktivitet og dans” og ”Friluftsliv”.

Dei 110 spørsmåla i kroppsøvingsdelen tek utgangspunkt i hovudområda og kompetansemåla for faget i LK06 samt vår fagdidaktiske kjennskap og fagtradisjon. Spørjeskjema vart utforma for å gje eit breitt bilet av kroppsøvingsfaget på steg 1-7, men det vil alltid vera dimensjonar som ikkje vert dekka av ei slik undersøking. I tillegg til det deskriptive biletet som vert presentert her, opnar undersøkinga for å utforska samanhengar mellom ulike sider av praksis i faget. Der det er interessante skilnader mellom steg 1-4 og 5-7 har me valt å løfta fram desse. På ein av variablane måtte lærarane velja om dei ville svara på resten av spørjeskjemaet med utgangspunkt i hovudsteg 1-4 eller 5-7. Nokre av analysane på skilnader mellom hovudsteg er gjort på spørsmål som kom før lærarane hadde valt hovudsteg. Dette er vurdert forsvarleg med bakgrunn i at det store fleirtalet berre underviser på eitt hovudsteg. Men svara representerer dei lærarane som i *størst grad identifiserer* seg som kroppsøvingslærar på eit av hovudstega og ikkje dei lærarane som berre underviser på eitt hovudsteg.

I kroppsøvingsdelen er det 173 respondentar, men det er eit aukande fråfall utover undersøkinga. Det er 164 som har valt hovudsteg, av dei er 84 på steg 1-4 og 80 på 5-7. Det er desse som er med på dei samanliknande analysane mellom hovudstega.

3.0 Bakgrunn

3.1 Kjønn

Av dei 794 informantane som svarte på den generelle delen av surveyen var 80,1 % kvinner og 19,9 % menn. Svar frå kvinnelege lærarar er dermed litt overrepresentert i datamaterialet samanlikna med statistikk frå Grunnskolens informasjonssystem (GSI), som viser at ca. 73,44 % av dei som arbeider i grunnskulen er kvinner (GSI 2011/2012). Av dei 173 (n=173) informantane som svarte på kroppsøvingsdelen av surveyen er det 64,9 % kvinner og 35,1 % menn. Samanliknar ein steg 1-4 og 5-7 ser ein at det er 52,5 % menn og 47,5 % kvinner som underviser i kroppsøving på steg 5-7, medan det på steg 1-4 er 78,6 % kvinner og 21,4 % menn. Dette syner at dei mannlige lærarane er svært overrepresenterte i kroppsøving på steg 5-7, medan dei berre er marginalt overrepresenterte på steg 1-4 i forhold til populasjonen. Kroppsøving er eit kjønna fag på lærarsida på mellomsteget, men ikkje på småskulesteget. Skiljet mellom kjønn på hovudstega botnar delvis i at klasselærar i større grad følgjer klassen sin på steg 1-4, medan det på steg 5-7 må vera noko med fagets funksjon, form eller innhald som appellerer til mannlige lærarar. Samanlikna med kjønnsfordelinga på evalueringa av L97

(Jacobsen m.fl., 2001), er kjønnsfordelinga på mellomsteget nesten heilt likt medan kvinnedominansen på barnesteget er større i vår undersøking.

3.2 Utdanning


Når det gjeld utdanningsbakgrunnen til informantane er denne som forventa dominert av lærarar med allmennlærarutdanning (75,1 %). Men informantgruppa har også innslag av andre utdanningar, som forskulelærarutdanning (13,3 %), faglærarutdanning (12,1 %), PPU (4,6 %) og inga pedagogisk utdanning (1,7 %). Samanliknar ein steg 1-4 og 5-7 ser ein av Tabell 1 under at det er til dels store skilnader i utdaningsbakgrunnen til informantane.

Steg 1-4	Allmennlærarutdanning (69%)	Forskulelærarutdanning (25%)	Faglærar (8,3%)	PPU (1,2%)
Steg 5-7	Allmennlærarutdanning (80%)	Forskulelærarutdanning (1,3%)	Faglærar (17,5%)	PPU (8,8%)

Tabell 1: Utdanningsbakgrunn til informantane.

På begge hovudstega dominerer allmennlærarutdanninga. I tillegg har steg 1-4 eit ganske stort innslag av forskulelærarutdanning som truleg er med å setta preg på hovudsteget. Tilsvarande er eit vesentleg innslag av ulike typar faglærarar karakteristisk for steg 5-7.

Ser ein på omfanget av kroppsøvingsutdanning viser datamaterialet vårt at av dei som underviser i kroppsøving har 23,0 % ingen utdanning i faget, 3,4 % har fagdidaktisk kurs (FD-kurs), 13,2 % har 15 sp, 14,4 % har 30 sp, 34,5 % 60 sp, 5,7 % har mellomfagsnivå , 2,9 % har faglærarutdanning og 2,3 % bachelor utdanning. Desse tala ligg langt over tidlegare tal for heile populasjonen som syner at 51,3 % av dei som underviser i faget på steg 1-4 ikkje har utdanning i det heile, tilsvarande tal for 5-7 er 35,1 % (Lagerstrøm, 2007). Dette botnar truleg i at undersøkinga har sjølvseleksjon på kva fag lærarane vel å svara på. Respondentane på kroppsøving er truleg dei som i størst grad identifiserer seg med faget. Dette kan gjera undersøkinga skeiv i retning av meir kvalifiserte og oppdaterte svar.



Figur 1: Utdanning i kroppsøving.

Me finn til dels store skilnader i utdanning mellom steg 1-4 og 5-7. Prosentdel av lærarar som ikkje har utdanning i kroppsøving er for steg 1-4 på 26,4 % mot 18,8 % på steg 5-7. Skilnaden er størst for 60 studiepoeng der me finn 28,6 % på steg 1-4 og 41,3 % på 5-7. Me finn altså ei klart større fagfordjuping på steg 5-7.


3.3 Alder, erfaring og undervisning

Dei fleste av lærarane som har svart er mellom 30 og 49 år (67,9 %) medan aldersgruppa 20-29 år og 50-59 år kjem likt ut med 14,9 %. Det er berre 2,3% som er 60 år eller meir.

Gjennomsnittslæraren er om lag 40 år. Det er ikkje signifikante skilnader i alderssamansetning mellom steg 1-4 og steg 5-7.


Datamaterialet syner at 35,8 % av lærarane har undervist i kroppsøving i 10-20 år og 30,1 % har undervist i 4-9 år medan 20,2 % har undervist i 1-3 år. Det mest interessante funnet er i gruppa som har undervist meir enn 20 år; her er det ein markant nedgang i undervisningstid. Berre 13,9 % av lærarane har undervist meir enn 20 år i faget.

Eldre lærarar kuttar altså ut å undervisa i kroppsøving. Dette stadfester fleire tidlegare undersøkingar (Jakobsen, 2010).



Figur 2: Undervisningserfaring kroppsøving.

I Figur 3 ser ein at kroppsøvingslæraren underviser i snitt 2,27 timer kroppsøving i veka om ho jobbar på steg 1-4, medan ho underviser i snitt 3,58 timer i veka om ho er på steg 5-7. Så når me omtalar kroppsøvingslæraren så er det kanskje litt misvisande, det er meir tale om lærarar som også underviser i kroppsøving. Det er i svært liten grad snakk om fagspesialisering i kroppsøving på barnesteget. Frå den generelle delen av undersøkinga veit me at kvinner underviser signifikant mindre enn menn i kroppsøving ($p=.000$) og det er også signifikant ($p=.001$) fleire menn (13,4%) enn kvinner (3,6%) som likar best å undervisa i kroppsøving.




Figur 3: Timar lærarar underviser i kroppsøving i veka.

3.4 Eigenvurdert kompetanse

Lærarane vart bedne om å vurdera eigen kompetanse innanfor ni ulike aktivitetar på ein Likert-skala frå 1-6 der 1 er *ingen kompetanse* og 6 er *veldig sterke kompetanse*. Lærarane svarar at dei er *kompetente* eller har *sterk kompetanse* i alle aktivitetar utanom dans. Dans skil seg ut ved at 54,6 % av lærarane svarar at dei har *svak*, *veldig svak* eller *ingen kompetanse* i dans. Samla sett opplever lærarane at dei har middels kompetanse i dans. Aktivitetane organisert leik, vinteridrett, friluftsliv og lagidrettar skil seg ut ved at 20 % - 27 % av lærarane svarar at dei har *veldig sterke kompetanse* i desse aktivitetane. Dette biletet samsvarar med godt med Jacobsen m.fl. sine funn (2001).

Om me samanliknar steg 1-4 med 5-7 finn me signifikante skilnader for symjing/livberging, lagidrett og individuelle idrettar, sjå Figur 4. For alle desse ligg den eigenvurderte kompetansen høgast for 5-7 lærarane. For dans rapporterer lærarane på steg 1-4 høgast kompetanse, men skilnaden er ikkje signifikant.



Figur 4: Den eigenvurderte kompetansen til lærarane.

Ein kan spekulera litt på kvifor den eigenvurderte kompetansen ligg så høgt som den gjer. Ein grunn kan vera at det er dei mest dedikerte kroppsøvingslærarane med mest kroppsøvingsutdanning som har svara på undersøkinga. Ein annan grunn er at lærarane har svart ut frå eiga oppleving av kompetanse i undervisninga. Det er sjølv sagt positivt at lærarane opplever at deira kompetanse strekk til i undervisninga. Men det kan vera at eksterne blikk ville ha vurdert kompetansen deira annleis.

4.0 Rammefaktorar

4.1 Tilgang til arenaer og utstyr

Når det gjeld tilgang til undervisningsarenaer og utstyr så rapporterer lærarane om eit litt variert bilet; nokre arenaer er det god tilgang til, medan det er klare avgrensingar på andre. På den eine sida rapporterer eit stort fleirtal (91,4 %) at dei *alltid* eller *av og til* har tilgang til gymsal/idrettshall. Tilsvarande tal for musikkanlegg er 87,4 %, eigna uteområde på skulen 92,5 %, eigna område for friluftsliv innan kort gå-avstand 96,6 % og eigna område for friluftsliv innan ein times sykling 94,8 %. Dette er høge tal samla sett for faget, men det er likevel 6,9 % som har *liten* eller *ingen* tilgang til gymsal/idrettshall.

På den andre sida rapporterer lærarane om avgrensa tilgang til arena for skeiseaktivitet og symjing og livberging. 23,0 % seier at dei ikkje har tilgang til arena for skeising. Dette er ikkje overraskande når ein tek høgd for klima og at kompetansemålet for skeiser i læreplanen tek etterhald om at det ikkje ved alle skular ligg til rette for undervisning på is. Undervisning i symjing og livberging er ofte knytt til nokre få årssteg, og særleg 4.steg. Dette forklarar kvifor tala for tilgang er veldig låge i denne undersøkinga; 17,8 % rapporterer om *ingen tilgang* og 25,9 % om *liten tilgang* til basseng. Synovate (2009) fann at 99 % av skulane gav symjeopplæring, men seier ingenting om omfanget. Det kan godt vera at omfanget ligg innanfor det lærarane definerer som *liten tilgang*.

Når det gjeld utstyr finn me at 13,2 % av lærarane rapporterer *liten* eller *ingen tilgang* til småreiskap og tilsvarende 25,3 % for store apparat. Berre 40,8 % har *alltid tilgang* til store apparat. Det siste kan kanskje forklara med at det i ein del idrettshallar er lite fast utstyr av denne kategorien. Den avgrensa tilgangen til småreiskap kan på si side vera knytt til manglande prioritering av denne typen innkjøp på skulane. Det er ein svak positiv korrelasjon ($r = .155$) mellom omfang av kroppsøvingsutdanning og tilgang på småreiskap. Dette kan tyda på at lærarar med meir kroppsøvingsutdanning ved ein skule bidreg til at det vert kjøpt inn meir småreiskap, eller at dei i større grad ser potensialet i eksisterande utstyr.

Medan Jacobsen m.fl. (2006) fann at majoriteten av lærarane vurderte føresetnadane knytte til anlegg og utstyr som relativt positive, så finn me eit litt meir variert bilet. For tilgang til gymsal eller idrettshall er tala høge, men på utstyrssida ser det ut til at lærarane har ei oppleving av større manglar.

4.2 Hovudlærar for kroppsøving

Kroppsøvingsfaget har nokre administrative utfordringar knytt til bruk av eigne arenaer og særleg til utstyr, det vera seg innkjøp, halda orden og halda utstyret ved like. Det er og ein tradisjon mange stader at kroppsøvingslærarar er sentrale i planlegging og gjennomføring av ulike aktivitetsdagar, skidagar og friluftslivturar for heile skulen. Ein hovudlærar for kroppsøving kan ha spesielt ansvar for planarbeid, kompetanseutvikling og koordinering for å få utnytta kompetansen i kollegiet best mogleg. 65,9 % av lærarane svarar at ein utvald lærarar har hovudansvaret for kroppsøvingsfaget ved deira skule og stadfester at dette er ein vanleg måte å organisera fagansvar på. Men det er berre 36,4 % av lærarane som svarar at det

vert gitt ekstra ressurs til å administrera faget, så om lag halvparten av dei som har eit hovudansvar får ikkje ekstra ressursar til arbeidet.

4.3 Fordeling av kroppsøvingsundervisning

Skulen er organisert både i fag, klassesteg og hovudsteg. På barneskulen har det vore klassesteget (kullteamet) og klasselæraren som har stått sentralt i organiseringa, medan det på vidaregåande er ein tradisjon for organisering med faglærarar. Forholdet mellom kull og fag er eitt av fleire moment som kan legga føringar for korleis kroppsøvingsundervisninga vert fordelt i kollegiet. Dette vil igjen vera avgjerande for kor godt skulen klarar å utnytta den totale kompetansen i kollegiet. På ein firedele Likert-skala frå *stemmer ikkje (1)* til *stemmer (4)* vart lærarane spurde om å gje si grad av samtykke til fem utsegner om korleis kroppsøvingsundervisninga vert fordelt på deira skule.

Tabell 2 syner at det er påstandane ”Ressurssituasjonen på kullteamet er avgjerande” med 13.8 % og ”Formell kompetanse er avgjerande” med 13,2 % som flest lærarar rapporterer *stemmer* med korleis dei opplever at kroppsøvingstimane vert fordelt på deira skule. Det er 7,6 % som gjev sitt samtykke til at ”Dei som har lyst får undervise i kroppsøving uavhengig av kompetansen” *stemmer*.

Slår me saman *stemmer* og *stemmer som oftast* vert det tydeleg at det er ressurssituasjonen på kullet som vert sett på som den viktigaste faktoren med 43.7 %, medan formell kompetanse med 36,2 % vert passert av ”Dei som har lyst får undervise i kroppsøving uavhengig av kompetanse” som her oppnår 37.0 %. Det at ”Kontaktlærar følgjer klassen uavhengig av kompetanse” får tilsvarende tilslutning frå nesten ein tredel av lærarane. Alternativet som får lågast tilslutning er ”Kroppsøvingstimane vert sett på som lette timer som vert jamt fordelt i kollegiet”, heile 68.4 % seier at dette *ikkje stemmer* ved deira skule.

Utsegn:	Formell kompetanse er avgjerande	Resurssituasjonen på kullteamet er avgjerande	Kontaktlærar følgjer klassen uavhengig av kompetanse	Dei som har lyst får undervise i kroppsøving uavhengig av kompetanse	Kroppsøvingstimane vert sett på som lette timar som vert jamt fordelt i kollegiet
Stemmer ikkje	28.2	16.7	37.4	20.6	68.4
Stemmer av og til	33.3	37.4	32.2	42.4	20.7
Stemmer som oftast	23.0	29.9	23.6	29.4	6.9
Stemmer	13.2	13.8	4.6	7.6	1.7

Tabell 2: Grunnlag for fordeling av kroppsøvingsundervisning.

Det er tydeleg at det er fleire faktorar som spelar inn ved fordeling av kroppsøvingsundervisninga, men av dei faktorane me fangar opp er det ressurssituasjonen på kullet som er den viktigaste, medan det er jamt mellom dei motstridane utsegna knytte til formell kompetanse og lyst uavhengig av kompetanse, om å vera den nest viktigaste faktoren. Det at kontaktlærar som ynskjer å følgja sin klasse underviser i kroppsøving, er og relativt vanleg, særleg på steg 1-4 der 39.3 % seier at dette *stemmer* eller *stemmer som oftast*. Det er berre på dette utsegnet ein finn signifikant gjennomsnittsskilnad ($p=.001$)² mellom steg 1-4 og 5-7. For dei andre utsegna er det berre mindre ikkje signifikante skilnader mellom hovudstega.

Meir kompetanse i fag er ein av dei verkemidla som er etterlyst for å auka kvaliteten på faget (Ommundsen, 1995; Sloan, 2010). Det er difor uheldig at ressurssituasjonen på steget er meir avgjerande for fordeling av undervisning enn faglege kriterium som kompetanse og meir sosialpedagogiske kriterier som at kontaktlærar følgjer klassen. Men det er viktig å ha med seg at det er mange små skular der det kanskje først og fremst handlar om å få ressurskabalen til å gå opp og at meir kroppsøvingsfaglege vurderingar kjem i andre rekke. Den same tendensen finn me for faget mat og helse i Skolefagsundersøkelsen 2011. Samstundes er det truleg slik ved mange skular at ein med nokre organisatoriske grep kunne fått utnytta fagkompetansen betre.

² Sig mellom hovudstega 1-4 ($M=2.17$, $SD=.917$) og 5-7 ($M=1.71$, $SD=.874$); $t(162)=3.35$, $p=.001$ (2-tailed).

4.4 Foreldreengasjement i faget

Foreldre etterspør sjeldan eleven sin kompetanse i kroppsøving, men samanlikna med dei andre praktiske og estetiske faga så er det i kroppsøving dei oftast spør læraren om korleis det går med eleven i faget. Det er berre 11 % av lærarane som rapporterer at det *ofte* eller *svært ofte* kjem førespurnad frå foreldre om eleven sin kompetanse i kroppsøving, medan heile 47 % seier at dette skjer *sjeldan* eller *svært sjeldan*. Dette samsvarar med Jacobsen m.fl. (2006) som fann at berre eit mindretal av lærarane meinte at foreldra var interessert i kroppsøvingsfaget.

5.0 Fagsyn kroppsøving

I LK06 vert det under føremålet til faget trekt fram ulike verdiar som kroppsøving skal vera med å realisera; allmenndanning, glede, helse, kroppsleg læring og kreativ utfalding, sosialt fellesskap og kunnskap om trening. Planen uttrykkjer eit breitt syn på kva faget er tenkt å vera. For å finna ut kva lærarane synes er viktig i faget vart det laga sju utsegn som skulle fanga opp dei verdiane som av læreplanen vert knytte til faget. I tillegg vart verdsetjing av konkurranse og estetikk tatt med då mange av aktivitetane i faget har desse aspekta i seg, sjølv om dei ikkje vert trekte fram i føremålet med faget.

Det er ein pågåande debatt om kva kroppsøving er eller skal vera, kva det er som skal legitimira den plassen faget har i skulen. Dei sju utsegna fangar opp noko av det som blir lagt vekt på i dei ulike posisjonane i debatten. Helseperspektivet er sentralt i debatten om kroppsøving, aukande utfordringar knytte til livsstilssjukdomar har aktualisert dette. Ommundsen (1995, 2008, 2013) legg vekt på at kroppsøving som eit direkte helseførebyggjande tiltak er urealistisk med dagens timetal. Fysisk form er ferskvare, det er gjennom den kompetansen elevane kan få gjennom kroppsøving at eventuelle helsegevinstar kan oppstå. Ommundsen argumenterer for eit allsidig fysisk-motorisk læringsperspektiv i faget. Dowling (2010) hevdar at læreplanen representerer eit snevert helseomgrep der helse vert gjort til eit individuelt val lausrive frå den sosiale røyndomen.

På spørsmåla knytte til fagsyn i kroppsøving gav lærarane sin grad av tilslutning til ulike utsegn på ein seksdelt skala der 1 er *svært ueinig* og 6 er *svært einig*.

Fagsyn påstand:	Mean
Lekpregede aktiviteter, der gleden av å være i bevegelse i et sosialt felleskap står i sentrum, er det viktigste i faget	4,95
Det viktigste i faget er å få elevene i god form for å styrke helsen deres	4,77
Læring av motoriske ferdigheter i ulike miljø, bevegelser og teknikker er det viktigste i faget	4,73
Grunntrening (utholdenhetsstyrke, spenst, bevegelseshurtighet, basistrenings) er det viktigste i faget	4,51
Det viktigste med kroppsøvingsfaget er at det bidrar til allmenndannelsen	3,85
Utvikling av kroppslig kreativitet og estetisk kompetanse er det viktigste i faget	3,70
Konkurranser, der elevene får vise hvor gode de er i idrett, er det viktigste i faget	2,67

Tabell 3: Grad av tilslutning til utsagn om fagsyn.

Lærarane skil tydeleg mellom kor einige dei er med dei ulike utsegnene. Det er ikkje slik at alt vert opplevd som like viktig.

Lærarane gir størst tilslutning til påstanden ”Lekpregede aktiviteter, der gleden av å være i bevegelse i et sosialt felleskap står i sentrum, er det viktigste i faget”, og gjennomsnittet her ligg tett opp til *einig*. Innhaldet her er nært til det Bamford (2012) har skildra med omgrepet ”cosy arts” i si framstilling av kunstfaga sin posisjon i den norske skulen: ”*The intrinsic aims of the arts are highly valued in Norway, in particular, a sort of ‘cosy’ feeling that stresses fun, enjoyment, and pride*” (Bamford, 2012, s. 8). Denne utsegna ekskluderer ikkje læring eller dei andre verdiane i læreplanen, men om dei andre verdiane ikkje vert gjort synlege og undervisninga står fram berre som rekreasjon kan det vera ei utfordring for legitimeringa av faget.

Tilsvarande kan det vera legitimeringsutfordringar knytte til eit einsidig helsefokus i kroppsøving. Den høge tilslutninga til utsegna om helse og grunntrening kan vera eit uttrykk for eit snevert helseperspektiv der læring og danningsdimensjonen ikkje vert veklagt i undervisninga. Men lærarane gir også stor tilslutning til utsegna om at motorisk læring er det viktigaste i faget, så det er tydeleg at lærarane verdset fleire verdiar høgt. Det er ikkje er eitt einskildt syn på kva som er viktig i kroppsøving som er dominante for lærargruppa.

Men alt er ikkje like viktig. Lærarane gir markant lågare tilslutning til utsegna om allmenndanning og utvikling av kreativ og estetisk kompetanse. I snitt er dei korkje einige eller ueinige i at dette er det viktigaste i faget. Den påstanden lærarane gir klart minst tilslutning til er: ”Konkurranse, der elevene får vise hvor gode de er i idrett, er det viktigste i faget”. Denne påstanden skil seg tydeleg ut nedst på skalaen mellom *litt ueinig* og *ueinig*. Lærarane legg meir vekt på andre sider av aktivitetane enn konkurranse, som til dømes glede og fellesskap eller trening og helse. Kva elevane, som opplever aktiviteten på kroppen, erfarer som sentrale aspekt i aktivitetane seier ikkje undersøkinga noko om.

6.0 Organiserings- og arbeidsformer

I evalueringa av L97 vert det hevda at lærarar i kroppsøving tradisjonelt har vore meir orienterte mot innhaldet i undervisninga enn mot arbeidsmåtane i faget. Evaluatoren gav støtte til denne påstanden, og dei etterlyste utdanning og etterutdanning innan eit større mangfald av arbeidsmåtar som kunne auke kompetansen til lærarane med tanke på elevmedverknad, elevsamarbeid i undervisninga samt tema- og prosjektarbeid (Jacobsen m.fl. 2006, s. 9). Med LK06 kom metodefridomen attende og fokuset på metode og arbeidsmåtar som kom med L97 vart redusert.

På spørsmål knytte til arbeids- og organiseringsformer svara lærarane på i kor stor grad dei nyttar dei ulike formene på ein Likert-skala frå 1-6 der 1 er *aldri* og 6 er *ofte*.

	Mean totalt	Mean 1.- 4.	Mean 5.- 7.	T-test Sig.2-tailed. p=
Lærer leder fellesundervisning	5.33	5.32	5.35	
Lærer leder fellesundervisninga og deltar i aktiviteten	4,78	4.91	4.64	
Tverrfaglige arbeid/prosjektarbeid	2.62	2.68	2.55	
Arbeidsplan	2.21	2.05	2.39	
Elevane påverkar innhaldet i faget	3.94	4.02	3.86	
Elevane driver eigen valfri aktivitet	3,14	3.39	2.88	0.002
Organisering med landskap i gymsal eller ute	3,96	4.07	3.84	

Stasjonsarbeid inne eller ute	4,26	4,33	4,19	
Opne oppgåver, der elevane finner egne bevegelsesløysningar	3,50	3.77	3.22	0.001
Oppgåver der elever skal lære bestemte bevegelser	4.19	4.43	3.95	0.001
Praktiske lekser	2.19	2.12	2.26	
Praktiske prøver	2.30	2.05	2.56	0.011
Motoriske / fysiske testar	3,13	2.68	3.60	0.000
Elevane driver eigenvurdering / kvarandrevurdering i faget	2.96	2.78	3.16	

Tabell 4: Organiserings- og arbeidsformer i kroppsøving.

”Lærar leier fellesundervising” og ”lærar leier fellesundervising og tek del i aktiviteten” er dei to arbeids- eller organiseringsformene som lærarane seier dei brukar mest, med eit snitt litt over *ganske ofte* for førstnemnte og litt under for sistnemnte. Resultatet er om lag det same for faga musikk og mat og helse i Skolefagsundersøkelsen 2011 (sjå kap. 5 og 1), så dette er ikkje noko som berre gjeld kroppsøving. Ein kan spekulera over om det faglege innhaldet og eigenarten til fleire av dei praktiske og estetiske faga kanskje kan ha det til felles at lærarane opplever at undervisninga fungerer best med ei tydeleg leiing. Det er viktig å vera klar over at dette er overlappande variablar og at desse to truleg også kan romme dei fleste av dei andre variablane alt etter kor strengt lærarane tolkar ”lærar leier” og ”fellesundervising”.

Omfanget av lærarleia fellesundervising er så å seia likt på begge hovudstega, medan det ser ut til at litt fleire lærarar er med på aktiviteten på steg 1-4 sjølv om skilnaden ikkje er signifikant. Men det er verdt å legga merke til at det er over 10 % som berre *av og til* eller *sjeldnare* leiar fellesundervising. For variabelen ”å leia og ta del i fellesaktivitet” er det verdt å ta med seg at 68.2 % av lærarane på steg 1-4 *ganske ofte* eller *ofte* organiserer undervisninga på denne måten. Dette talet er lågare på steg 5-7, men likevel så høgt som 57.2 %. Me finn altså ei veldig aktivt deltakande og styrande lærarrolle.

For tverrfagleg eller prosjektorientert arbeid i faget er og tala låge, men dei er litt nærrare *sjeldan* enn *veldig sjeldan*. Her ligg steg 1-4 litt over 5-7 men det er ikkje ein signifikant skilnad. Så mange som 28.6 % på steg 1-4 seier at dei aldri nytta tverrfagleg- eller prosjektarbeid i faget.

Bruken av arbeidsplan ligg nærmere *veldig sjeldan* enn *sjeldan* og sjølv om det ser ut til at bruken er litt større på steg 5-7 så er skilnaden ikkje signifikant.

På spørsmål om elevmedverknad på innhaldet i faget rapporterer lærarane om at dette skjer i snitt *av og til* og at det skjer litt oftare, men ikkje signifikant meir, på steg 1-4. Korleis det skjer, om det er spontant, innarbeidd i årsplan, om fleirtalet rår eller om det sikrar at alle får noko dei likar, vert ikkje fanga opp i surveyen. Elevmedverknaden kan synast låg med tanke på at elevmerknad er eit av dei sentrale punkta under *Prinsipp for opplæringa* i LK06.

På steg 1-4 er det signifikant ($p=.002$)³ meir vanleg at lærarane legg opp til at elevane driv eigen valfri aktivitet enn på steg 5-7, men det er i gjennomsnitt nærmere *sjeldan* enn *av og til*. 50.2 % av lærarane på steg 1-4 rapporterer om at dette skjer frå *av og til* til *ofte*, med klar overvekt på *av og til*. For steg 5-7 ligg snittet under *sjeldan*. Så det er ikkje ofte at elevane driv med eigen valfri aktivitet i kroppsøvingstimane på barnesteget.

Det å organisera undervisninga ved å bruka ”landskap ute eller inne” eller ”stasjonsarbeid inne eller ute” vert nytta *av og til*, stasjonsarbeid vert nytta litt meir enn landskap. Det er ikkje signifikant skilnad i bruken mellom hovudstega.

”Opne oppgaver, der elevane finner egne bevegelsesløsninger”, vert rapportert brukt midt mellom *sjeldan* og *av og til* om ein ser steg 1-7 under eitt. Men det er signifikant skilnad ($p=.001$)⁴ mellom hovudstega. For steg 1-4 nærmar bruken seg *av og til*, medan den for 5-7 kryp ned mot *sjeldan*. Dette kan delvis forklaraast med at ein på steg 5-7 ser ei dreiling vekk frå arbeid med grunnleggande rørsler i læreplanen.

Også for ”Oppgaver der elever skal lære bestemte bevegelser” er det signifikant skilnad ($p=.001$)⁵ mellom hovudstega. Læring av spesielle rørsler ligg nesten halvvegs mellom *av og til* og *ganske ofte* på steg 1-4, medan den er rett under *av og til* for steg 5-7. Skilnaden mellom hovudstega er truleg knytt til at det ikkje er kompetanse mål knytte til grunnleggande rørsler på steg 5-7. Eit større fokus på læring av spesielle rørsler knytt til teknikkar i idrettar som for eksempel turn, ser ikkje ut til å vega opp for nedgangen på mellomsteget.

Praktiske lekser vert veldig sjeldan nytta i faget og det er ikkje signifikant skilnad mellom hovudstega i bruken. Det er berre 1.7 % av som seier dei nyttar praktiske lekser *ganske ofte*

³ Sig. mellom hovudstega 1-4 ($M=3.39$, $SD= 1.05$) og 5-7 ($M=2.88$, $SD=1.01$); $t(157)= 3.09$, $p=.002$ (2-tailed)

⁴ Sig. mellom hovudstega 1-4 ($M=3.77$, $SD= 0.99$) og 5-7 ($M=3.22$, $SD=1.13$); $t(157)= 3.26$, $p=.001$ (2-tailed)

⁵ Sig. mellom hovudstega 1-4 ($M=4.43$, $SD= 0.72$) og 5-7 ($M=3.95$, $SD=1.05$); $t(157)= 3.37$, $p=.001$ (2-tailed)

eller ofte. Praktiske prøvar vert veldig sjeldan nytta på steg 1-4, men vert nytta signifikant ($p=.011$)⁶ meir på steg 5-7, men bruken er stadig låg og litt nærmere sjeldan enn veldig sjeldan.

Den største skilnaden mellom hovudstega ($p=.000$)⁷ finn ein på bruk av ”Motoriske/fysiske testar” Lærarane på steg 5-7 brukar fysiske/motoriske testar i undervisninga sjeldnare enn av og til, men det er markant oftare enn lærarane på steg 1-4 som ligg godt under sjeldan. Men motoriske/fysiske testar vert ikkje brukt ofte på nokon av stega.

Gjeldane forskrift for vurdering (Kunnskapsdepartementet, 2006) set krav til eigenvurdering og kvarandrevurdering, men set ikkje krav til omfanget av desse formene for vurdering. Den gjennomsnittlege bruken lærarane rapporterer, nemleg at vurderingsformene gjennomsnittleg vert nytta sjeldan, er truleg ikkje tilstrekkeleg til å oppfylla intensjonen bak vurderingsforskrifta så lenge det er 19 % på steg 1-4 og 10 % på 5-7 som aldri nyttar desse vurderingsformene. Totalbruken er litt større på steg 5-7, men skilnaden er ikkje signifikant. Undersøkinga skil ikkje mellom dei to vurderingsformene og fangar heller ikkje opp på kva måte vurderinga går føre seg.

6.1 Kjenneteikn på kroppsøvingsundervisninga på barnesteget

Kroppsøving ser ut til å vera prega av lærarleia fellesundervisning innan aktivitetar som læraren har valt ut og som det er vanleg at læraren også tek del i. Det er lite av meir elevstyrde former å organisera faget på som arbeidsplan eller at elevane styrer innhaldet i timane direkte, men me finn ein del elevstyring av innhald særleg på steg 1-4. Men elevane påverkar innhaldet i faget ein del, men truleg då i planleggingsprosessen. Med tanke på at generell del av LK 06, § 1-3 *Tilpassa opplæring og tidleg innsats* og kap. 5 om spesialundervisning i opplæringslova (1998) slår fast at undervisninga skal tilpassast alle elevar, ligg graden av forventa elevmedverknad i faget truleg noko lågt.

Den tydelege lærarstyringa seier ikkje at faget berre er prega av instruksjon, sjølv om det er rapportert om meir bruk av deduktiv enn induktiv metode ved læring av rørsler. Tydelege innslag av bruk av landskap inne og ute, stasjonsarbeid inne og ute, induktiv metodebruk ved læring av rørsler samt det store innslaget av leik på innhaltsida, peikar mot ein relativt variert bruk av ulike arbeidsmåtar.

⁶ Sig. mellom hovudstega 1-4 ($M=2.05$, $SD= 1.20$) og 5-7 ($M=2.56$, $SD=1.10$); $t(157)= -2.57$, $p=.011$ (2-tailed)

⁷ Sig. mellom hovudstega 1-4 ($M=2.68$, $SD= 1.21$) og 5-7 ($M=3.60$, $SD=1.00$); $t(157)= -5.18$, $p=.000$ (2-tailed)

Med LK06 kom metodefridomen attende og fokus på prosjektarbeid forsvann. Om dette er grunnen til at omfanget av tverrfagleg arbeid og prosjektarbeid er lågt, eller om kroppsøving fell utanfor desse prosjekta, veit me ikkje. Men uansett så ser det ut som om potensialet for å nytte ulike prosjektarbeid i liten grad vert realisert. Dette samsvarar godt med det Jacobsen m.fl. (2006) fann i evalueringa av L97. Her vert trangen for utdanning og vidareutdanning innan eit større mangfald av arbeidsmåtar presisert, for å få til ein auke i elevmedverknad og elevsamarbeid i undervisninga samt tema- og prosjektarbeid. Tabell 5 syner samvariasjonen mellom utdanningsdjupne i kroppsøving og bruk av ulike organiserings- og arbeidsformer. Den syner at aukande kompetanse i kroppsøving samvarierer⁸ svakt, men signifikant med auka bruk av varierte arbeidsformer. Sterkast er samvariasjonen mellom utdanning og bruk av opne oppgåver.

	Korrelasjon med utdanningsdjupne kroppsøving. r=
Tverrfaglige arbeid/prosjektarbeid	,171*
Opne oppgåver, der elevane finner egne bevegelsesløysningar	.280**
Oppgåver der elever skal lære bestemte bevegelser	.166*
Praktiske lekser	.176*
Elevane driver eigenvurdering / kvarandrevurdering i faget	.172*

* $p < .05$; ** $p < .01$ (2-tailed)

Tabell 5: Samvariasjon mellom kroppsøvingsutdanning og bruk av organiserings- og arbeidsformer i kroppsøving.

Mellan dei to hovudtrinna er det visse skilnader innan arbeids- og organiseringsformer, men dette er på avgrensa områder og det er ikkje snakk om store skilnader mellom hovudstega i bruk av arbeidsmåtar og organisering.

Dei yngste elevane driv litt meir med eigne valfrie aktivitetar. Eit anna skilje mellom hovudstega er i bruk av *opne* og *lukka oppgåver* i samband med rørslelæring. Her ligg steg 1-4 høgare, dette er

⁸ Korrelasjonane er signifikante på $p < 0.05$ (2-tailed).

knytt til innhaldet på hovudsteget. Det siste området det er skilnader mellom hovudstega er innan bruk av praktiske prøvar og fysisk/motorisk testing; dette er det meir av på mellomsteget. Denne bruken kan ikkje knytast direkte til læreplan eller vurderingsforskrift, men må ha sin bakgrunn i ein tradisjon innanfor faget. Undersøkinga kan ikkje seia om dette er vurdering som er knytt til læringa i faget og brukt formativt, eller om det er lausrive frå læringa og av ein meir summativ karakter. Om det siste er tilfelle, så er det ueitliggjande om ein slik praksis har fotfeste allereie på mellomsteget.

Utfordingane faget har på ungdomssteget og i vidaregåande skule knytte til bruk av fysiske testar som er lausrivne frå kompetansemåla, er no søkt løyste med ei presisering i eit rundskriv om endringane i kroppsøvingsplanen (Utdanningsdirektoratet, 2012). Endringane for faget kom i samband med revideringa av kroppsøvingsdelen av LK06, gjeldane frå 01.08 2012.

Rundskrivet slår fast at *"Bruk av tester kan være problematisk og være i strid med prinsippene for vurdering"* (s. 16). Framtidige undersøkingar burde sjå på om slik bruk av testing og prøvar er eit problem også på mellomsteget.

7.0 *Undervisningstid i ulike aktivitetar*

For å få eit overblikk over innhaldet i faget vart lærarane spurde om å kryssa av for kor mykje tid dei brukar på ulike aktivitetar i faget. Det er viktig å vera klar over at dette vert omlag tal, og at det svært ofte vil vera slik at ein nyttar seg av fleire aktivitetar i løpet av ein undervisningstime. Det er og slik at lista over aktuelle aktivitetar ikkje kan dekka alle tenkte typar aktivitet.

Lærarane skulle rapportera kor mange timer dei i snitt pr. år nytta ulike aktivitetar i sine klassar. Grunna ulikt timetal på hovudstega er det uråd å samanlikna hovudstega statistisk, difor er Tabell 6 laga for å sjå på kor høgt dei ulike aktivitetane er prioriterte på dei to hovudstega.

	Mest bruk på Steg 1-4	1.- 4. Steg mean	Mest bruk på Steg 5-7	5.-7. Steg mean
Arbeid med grunnleggende bevegelser i varierte miljø	1	5,30	1	4,71
Organisert lek	2	5,29	2	4,71
Arbeid med småredskap	3	4,41	9	3,94
Svømming og livberging i basseng	4	4,29	12	3,66
Arbeid med store apparat	5	4,18	11	3,82
Fri lek	6	4,05	17	3,03
Kanonball / stikkbball	7	3,95	3	4,62
Utforsking av rytmer og bevegelser	8	3,76	16	3,05
Ski, inkludert langrenn, brett, alpint, telemark	9	3,70	13	3,66
Fotball	10	3,68	8	4,25
Friidrett	11	3,63	4	4,38
Turn	12	3,22	14	3,38
Sangleker og dans fra andre kulturer	13	3,12	23	2,39
Utholdenhetsstrening inkludert jogging	14	3,09	5	4,34
Styrketrening inkludert basistrening	15	3,05	6	4,34
Volleyball, basket, håndball	16	3,05	7	4,32
Innebandy	17	2,87	10	3,89
Aerobic og andre rytmiske treningsformer til musikk	18	2,66	18	2,86
Skøyter	19	2,59	20	2,53
Orientering	20	2,56	15	3,05
Folkedans	21	2,41	22	2,42
Elevene lager egne danser	22	2,40	21	2,44
Sykling / trafikkopplæring	23	2,09	19	2,71
Tennis, badminton, bordtennis	24	1,82	24	2,22

Tabell 6: Gjennomsnittleg timetal til ulike aktivitetar i året pr klasse.

Det er viktige skilnader mellom hovudstega når det kjem til innhold. Hovudsteg 1-4 er tydeleg dominert av arbeid med dei grunnleggande rørslene, organisert leik og fri leik. Noko sjeldnare vert det arbeidd med store apparat, småreiskap og symjing. Utforsking av rytmar og rørsler kjem nede på ein åttande plass, men høgare enn alle dei tradisjonelle konkurranseidrettane.

For hovudsteg 5-7 er det noko overraskande arbeid med dei grunnleggande rørslene og organisert leik som toppar lista rett føre stikkbball/kanonball. Det er altså ikkje tale om ein

dominans av dei tradisjonelle konkurranseidrettane (friidrett, turn, ballspel) på mellomsteget heller, sjølv om dei heilt klart styrkar sin posisjon samanlikna med steg 1-4. Ei anna aktivitetsgruppe som klart styrkar sin posisjon på mellomsteget er grunntrening som uthald og styrke. Idrettane og grunntreninga styrkar sin posisjon på kostnad av arbeid med store apparat og småreiskap, fri leik og symjing. At symjing vert svekka stadfestar at skulane prøver å nå kompetansemålet på steg 4, medan mindre ressursar vert sette inn på å nå målet på steg 7. Ei anna gruppe aktivitet som blir svekka på mellomsteget er dans. Dei av innhaldskomponentane som er knytte til kompetansemåla i dans på steg 1-4 vert svekka utan at innsatsen for å nå måla på steg 5-7 aukar tilsvarende. Dette samsvarar godt med relativt låg sjølvopplevd kompetanse i dans hjå lærarane på mellomsteget (sjå kap. 3.4). At menn er overrepresenterte i faget på mellomsteget spelar ei hovudrolle i å forklara nedgangen på mellomsteget, då kvinner rapporterer om signifikant høgare kompetanse i dans og om signifikant meir bruk av dans på alle våre variablar.

Val av innhald kan seiast å reflektera godt kva lærarane meiner er viktigast i faget (kap. 5.0), nemleg *leikprega aktivitet, glede i rørsle i eit sosialt fellesskap*; dette samsvarar godt med fokus på leik. Helse vert sett på som viktig, men på innhaldssida er det vanskelig å knytte helse til spesielle aktivitetar. At motorisk læring vert sett på som viktig, samsvarer med innhaldsfokuset på grunnleggjande rørsler på same måte som at opplevinga av kor viktig grunntrening er samsvarar med omfanget av grunntrening i faget. Den låge prioriteringa av dans reflekterer at estetikk og kreativitet ikkje blir sett på som særleg viktige dimensjonar i faget. Konkurranse med fokus på å syna kor god ein er i idrett vart ikkje sett på som viktig, men innslaget av dei tradisjonelle konkurranseidrettane er ganske stort, særleg på mellomsteget. Ei forklaring på dette kan vera at lærarane ikkje legg så stor vekt på konkurransedimensjonen til desse aktivitetane, men i like stor grad knyter dei til dei andre dimensjonar, som leikprega glede i rørsle, helse og grunntrening. Det er og truleg tilfelle at denne delen av innhaldstradisjonen i faget står litt i kontrast til dei allmenne verdiane lærarane ser i faget.

7.2 Tid brukt til friluftsliv og uteskule

Historisk sett har friluftsliv hatt ulik plass i kroppsøvingsfaget, men som omgrep kom friluftsliv inn i mønsterplanen i 1974 (Kyrkle- og undervisningsdepartementet, 1974) og er vidareført i seinare planar. I LK06 er friluftsliv eige hovudområde i kroppsøvingsfaget.

Uteskule vart etablert som eit sentralt pedagogisk omgrep då L97 (Kyrkje, utdannings og forskingsdepartementet, 1996) skulle omsetjast til praksis for småskulesteget (Brattenborg & Engebretsen, 2007). Jordet seier at ”*Uteskole er en arbeidsmåte hvor man flytter deler av skolehverdagen ut i nærmiljøet. Uteskole innebærer dermed regelmessig aktivitet utenfor klasserommet*” (Jordet 1998, s. 24). I skulen sitt første år er det blitt ganske vanleg med utedagar, og tverrfagleg samarbeid om uteskule som arbeidsmåte gir moglegheiter for å auka omfanget av friluftslivsliknande aktivitetar (Utdanningsdirektoratet, 2008).

I denne undersøkinga vart lærarane bedne om å rapportera gjennomsnittleg tal på dagar friluftsliv pr. klasse i året, på ein skala frå 1-6 der 1 er *ingen* og 6 er *meir enn ti*.

Hovudsteg	1.- 4.	5.-7.
Friluftsliv, ulike turer og utedager	5,05	3,99
Overnattingsturer	1,17	1,69

Tabell 7: Gjennomsnittleg tal på dagar friluftsliv, ulike turar og utedagar i året pr klasse.


Friluftsliv, ulike turar og utedagar er eit vesentleg innslag i kroppsøvingsfaget, og særleg på hovudsteg 1-4 der ein i snitt nyttar 7-9 dagar til dette. Talet går ned på mellomsteget, men det er stadig tale om 5-6 dagar i året. Når det gjeld overnattingturar av ulikt slag så er det nesten ikkje eksisterande på steg 1-4, medan det er eit lite innslag av dette på steg 5-7 Samla sett rapporterer 32.8 % av lærarane om 1-2 overnattingsturar i snitt i året for klassane sine på steg 5-7.

Då friluftslivet er rapportert i dagar, medan dei andre aktivitetane er rapporterte i timer er det ikkje råd å samanlikne bruken av dei direkte. Men det ser ut til at tidsbruken på friluftsliv på steg 1-4 er relativt stor i forhold til timetal i faget og truleg tilstrekkeleg til å kunna nå kompetanseområda for fagområdet. Men det er viktig at desse dagane truleg også har innslag av arbeid på tvers av fag. For steg 5-7 går omfanget av friluftsliv ned samstundes som totaltimetalet går opp. Denne svekkinga gjer at ein må spørje seg om omfanget er nok til å dekka eit heilt hovudområde i faget som det her er tale om.

Jacobsen m.fl. (2006) fann i evalueringa av L97 at friluftsliv var underprioritert. Våre tal tyder på at situasjonen på steg 1-4 no er betre, medan det på steg 5-7 kanskje er ei for låg prioritering av friluftsliv.

7.3 Oppnåing av kompetansemål i symjing

LK06 følgjer opp tidlegare læreplanar der symjing og livberging er eit obligatorisk emne i kroppsøving. Sjølv om symjing og livberging inngår i kompetansemåla for kroppsøving etter 4., 7. og 10. årsteg og at skuleeigar difor pliktar å gi elevane symje- og livbergingsopplæring, er det er store lokale variasjonar med tanke på tilgjengelege symjebasseng for skulane og om elevane får symjeundervisning (Utdanningsdirektoratet, 2008). I undersøkinga vår vart lærarane på steg 1-4 bedne om å anslå kor mange prosent av elevane som når målet om å vera symjedyktig etter steg 4 ut i frå Norges Svømmeforbund og Redningsselskapet sin definisjon på det å vera symjedyktig ”*svømme 200 meter eller lengre sammenhengende uten flytehjelpe midler*” (Synovate, 2009, s. 16), sjå fig.5. 41,4 % av lærarane svara at dei rekna med at 76-100 % av elevane deira er symjedyktige. 22,4% av lærarane veit ikkje om elevane er symjedyktige eller ikkje. 44,8 % av lærarane på steg 5-7 svara at 76-100 % av elevane greidde å oppnå kompetansemålet i symjing etter steg 7 som er ”*Kunna utføra grunnleggjande teknikkar i symjing på magen, på ryggen og under vatn*”. Her svara 28,2 % at dei ikkje visste om elevane nådde dette kompetansemålet etter 7 steget.



Figur 5: Prosent av lærarar som angir kor stor prosentdel av elevane deira som oppfyller kompetansemåla innan symjing og livberging.

7.4 Oppsummering av aktivitetsprioriteringar

Jacobsen m.fl. (2006) fann i evalueringa av L97 at leik og idrett dominerte faget og at dei var høgare prioritert enn friluftsliv og dans. I denne undersøkinga er hovudfunnet at det er såpass store skilnader i innhaldet mellom hovudstega at dei må sjåast på kvar for seg, men at leik står sterkt på begge hovudstega. Jacobsen m.fl. (2006) fann det tvilsamt om det gjennom L97 hadde blitt meir akseptabelt for mannlege kroppsøvingslærarar å driva med leik i undervisninga. Denne undersøkinga finn ikkje signifikante kjønnsskilnader i bruk av organisert leik eller fri leik. Dette tyder på at leik har blitt akseptert av mannlege kroppsøvingslærarar. Den tradisjonelle konkurranseidretten ser ikkje ut til å dominera faget korkje på steg 1-4 eller 5-7. Sjølv om idretten har ein sterkare posisjon på mellomsteget enn på barnesteget så tyder undersøkinga på at den tradisjonelle konkurranseidretten har fått svekka sin posisjon i faget. For dansen sin del ser den ut til å ha mindre plass enn idretten på steg 5-7, medan det på småskulesteget ser ut til å vera ei jamnare fordeling mellom dei. Det er vanskeleg å samanlikna omfang av friluftsliv med dei andre aktivitetane, då friluftsliv er rapportert i dagar og ikkje timer som resten av aktivitetane. Resultata frå Jacobsen m.fl.

(2006) peikte i retning av at dans og friluftsliv var i ferd med å forsterke sin posisjon; denne tendensen ser ut til å ha utvikla seg vidare. Friluftsliv og dans ser ut til å stå sterkare i 2011, sjølv om det spesielt for dans på mellomtrinnet enno er eit stykke att.

Sett i eit internasjonalt perspektiv så stadfestar funna våre at det norske kroppsøvingsfaget på steg 1-7 ligg innanfor det Anerstedt (2008) omtalar som den Skandinaviske modellen for kroppsøving, kjenneteikna av ein breidde av aktivitetar som idrett, leik, friluftsliv, trening og dans. Han seier at faget er eit ”smörgåsbord” som trass i litt skeiv prioritering ser ut til i ein viss grad å dekke breidda som LK06 legg opp til.

8.0 *Oppleving av læreplanen*

8.1 Planarbeid

LK06 føreset at dei ulike kompetanse måla vert tolka i ljós av den generelle delen av læreplanen, læringsplakaten og føremålet med faget for å bli konkretisert på lokalt nivå. For å sikra progresjon og variasjon i løpet av dei 3-4 åra eit hovudsteg varer skal det lagast ein lokal plan for faget. Lokal læreplan vart innført med Mørsterplanen i 1987 og vidareført i seinare læreplanar. Ved utarbeiding av lokale læreplanar fordeler ein stoffet på kvart klassesteg innan for treårsperiodane som lærestoffet er sett opp for (Kyrkje og undervisningsdepartementet, 1987). Del to av LK06 ”Prinsipp for opplæringa” framset på ein kortfatta og komprimert måte retningslinjer for undervisninga i alle fag. ”*Denne delen tydeleggjør hver enkelt skoles behov for å utvikle lokale læreplaner*” (Brattenborg & Engebretsen, 2007, s. 31). I denne undersøkinga rapporterer 45.2 % på steg 1-4 at dei har ein lokal læreplan for kroppsøving, medan talet er noko høgare på steg 5-7 med 50 %⁹. Talet på skular som har lokale læreplanar er lågt, og ein kan spørja seg korleis viktige kvalitetsdimensjonar som variasjon og progresjon vert sikra utan at det ligg ein plan for alle åra på hovudsteget til grunn for arbeidet.

For bruk av årsplan er tala høge. Det er 97.6 % av lærarane på steg 1-4 som arbeider etter ein årsplan, for steg 5-7 er tilsvarande tal 88.8 %. Skilnaden er ikkje veldig stor, men den er signifikant¹⁰. Ser ein på alle lærarane under eitt så nyttar 93.3 % ein årsplan i arbeidet sitt. Me kan ikkje seia noko om kvaliteten på årsplanane, men dei bidreg truleg til variasjon og progresjon i

⁹ Men ein Chi-Square test syner at det ikkje er signifikant skilnad mellom hovudstega på dette spørsmålet.

¹⁰ Chi-Square test for independence (with Yates Continuity Correction) syner eit signifikant forhold mellom hovudsteg og rapportert bruk av årsplan i faget, $\chi^2(1, n = 164) = 3.83$, $p = 0.05$, $\phi = 0.18$.

faget på kvart årssteg. Utfordringa med å sikra elevane utvikling i faget er i større grad knytt til manglande lokal læreplan.

8.2 Vurdering av læreplan

For å få innsyn i korleis LK06 vert opplevd, og om innføringa av planen hadde ført med seg endringar i eigen undervisningspraksis, vart lærarane spurd om å gje til kjenne sin grad av samtykke til utsegn om opplevelingar og endringsprosessar. Ein Likert-skala frå 1 (*svært ueinig*) til 6 (*svært einig*) vart nytta. I Tabell 8 er dei tre kategoriane av *ueinig* slått saman og tilsvarande er gjort for dei tre kategoriane av *einig*. På desse variablane var det i tillegg til skalaen også mulig å svara *veit ikkje*, då ein del av lærarane ikkje hadde undervist før innføringa av LK06. Dei høge prosentdelane *veit ikkje* som kjem på nokre av utsegna er i stor grad knytte til om dei har erfaring frå før LK06, men i tillegg er det eit varierande tal av andre lærarar som også svarer *veit ikkje* på dei ulike spørsmåla.

Grad av samtykke til utsegn om endring etter LK06:	Svært ueinig til litt ueinig	Litt einig til svært einig	Kan ikkje svara	Mean
Jeg har endret min kroppsøvingsundervisning etter Lk06	32.1%	46.6%	21.3%	3,45
Jeg opplever målene i kroppsøvingsplanen som gode	8.6%	87.4%	4.0%	4,59
Kroppsøvingsplanen gir meg god hjelpe til å kunne planlegge god kroppsøvingsundervisning	15.5%	81.1%	3.4%	4,37
Kroppsøvingsplanen gir god hjelpe til å drive underveisvurdering/vurdering for læring. (Formativ vurdering)	17.7%	77.1%	5.2%	4,18
Jeg driver mer underveisvurdering/vurdering for læring (formativ vurdering) nå enn før Lk06	24.1%	58.7%	17.2%	4,10
Økt fokusering på kompetanse mål svekker elevenes motivasjon i kroppsøvingsfaget	53.5%	37.3%	9.2%	3,12
Økt fokusering på kompetanse mål bedrer elevenes læring i kroppsøvingsfaget	24.7%	64.4%	10.9%	3,92
Elevene lærer mer i kroppsøving nå enn før Lk06	33.9%	39.7%	26.4%	3,42

Tabell 8: Grad av samtykke med utsegn om endring etter LK06.

Internasjonal forsking peikar på at endringar på læreplannivå i kroppsøving har avgrensa effekt på undervisningspraksis i faget. Innføringa av nasjonal læreplan i kroppsøving i England og Wales resulterte korkje i vesentleg endra filosofi eller undervisningspraksis (Curtner-Smith, 1999, Curtner-Smith, Todorovic, Lacon og Kerr, 1999, Green, 1998). I Skolefagsundersøkelsen 2009 av kroppsøvingsfaget på ungdomsskulen, kom det fram at innføringa av LK06 med tilhøyrande vurderingsforskrift førte til ein del endringar av ulikt slag både innan undervisnings- og vurderingspraksis (Arnesen, Leirhaug og Nilsen, 2013).

32,1 % av lærarane svarar at dei er på den ueinige sida til utsegna ” Jeg har endret min kroppsøvingsundervisning etter LK06”. Dette stadfester at det er langt frå *den formelle læreplan* til *den operasjonaliserte læreplan* (Goodlad & Ammons, 1979), og at ulik praksis og praksisteori fører til stort sprik i tolking av plan og endring av praksis.

Tilslutninga til utsegnene knytt til opplevinga av LK06 peikar i retning av at lærarane er relativt positive til planen. Heile 87.4 % er på den *einige* sida til utsegna: ”jeg opplever målene i kroppsøvingplanen som gode”. Det er altså relativ stor semje om at kompetansemåla er veleigna. Det er denne utsegna som lærarane seier seg mest einig med eit gjennomsnitt på 4.59 som svarer til nærmere *einig* enn *litt einig*. God oppslutning er det også for utsagnet: ”Kroppsøvingsplanen gir meg god hjelp til å kunne planlegge god kroppsøvingsundervisning” der 81.1% av lærarane er på den *einige* sida og der gjennomsnittet er 4.37, altså godt over *litt einig*. Den tredje utsegna lærarane i stor grad seier seg einig i er: ” Kroppsøvingsplanen gir god hjelp til å drive underveisvurdering/vurdering for læring (formativ vurdering)”. Heile 77.1 % er her på den *einige* sida. Gjennomsnittet ligg på 4.18 som er litt over *litt einig*.

Om det er planen eller det generelle fokuset på formativ vurdering som er grunnen til at så mange som 58.7 % er på den *einige* sida for utsegna: ”Jeg driver mer underveisvurdering/vurdering for læring (formativ vurdering) nå enn før LK06 ”, gir ikkje våre data grunnlag for å seia noko om. Men tala samsvarar godt med Utdanningsdirektoratet si evaluering av Kunnskapsløftet 2006-2012, der 7 av 10 lærarar på barnesteget svarar at LK06 har ført til betre vurderingspraksis (Utdanningsdirektoratet, 2012). Når det gjeld andre endringsprosessar knytt til læreplanen så svarar lærarane at dei stadig er relativt positive til planen. Når det gjeld korleis LK06 har verka på motivasjonen elevane har for faget, så er 53.5 % mellom *litt ueinig* og *svært ueinig* til utsegna: ” Økt fokusering på kompetansemål svekker elevenes motivasjon i kroppsøvingsfaget”. Gjennomsnitt på 3.12 svarar til *litt ueinig*. Det er altså ikkje noko uro hjå lærarane knytt til fokus på kompetansemål og motivasjon. 64.4 % av

lærarane er også på den *einige* sida til utsegna: ” Økt fokusering på kompetanse mål forbedrer elevenes læring i kroppsøvingsfaget”. Gjennomsnitt her er 3.92 som er rett under *litt einig*.


For utsegna: ”Elevene lærer mer i kroppsøving nå enn før LK06 ” hamnar gjennomsnittet litt under midt på skalaen med 3.42. Dei er altså korkje *einige* eller *ueinige*. Det er altså ikkje tilslutning til at det har blitt meir læring i kroppsøvingsfaget etter innføringa av LK06.

Generelt er lærarane meir positive enn negative til dei endringane LK06 legg opp til, og den hjelpe dei opplever dei får i planen og dei konsekvensane endringane har for læringa og motivasjonen til elevane. Men det er verd å merke seg at lærarane ikkje er samde om elevane lærer meir no enn før LK06.

9.0 Grunnleggande dugleikar og IKT i faget

I følgje LK06 er det fem dugleikar som utgjer grunnleggjande føresetnader for læring og utvikling i skule, arbeid og samfunnsliv. Då undersøkinga vart gjort i 2011 var dei fem grunnleggjande dugleikane *å kunne uttrykke seg muntlig, å kunne bruke digitale verktøy, å kunne rekne, å kunne skrive og å kunne lese*. Dei to første dugleikane har endra namn etter revisjon av LK06 i 2012 til *muntlige ferdigheter og digitale ferdigheter* (Utdanningsdirektoratet, 2012).

Lærarane vart spurde om kor ofte dei arbeidde med dei fem grunnleggjande dugleikane i løpet av eit år i kroppsøvingsfaget. Skalaen her var 6 delt og bestod av kategoriane: *ingen gonger, 1-2 gonger, 3-4 gonger, 5-6 gonger, 7-9 gonger og meir enn 10 gonger*. Figur 6 viser at lærarane vektlegg dei grunnleggjande dugleikane svært lite i undervisninga i kroppsøvingsfaget. Ingen av dei grunnleggjande dugleikane vert nytta meir enn 3-4 gonger i året, og snittet for alle dugleikane samla er at dei vert nytta 2,44 gonger pr. år. Det er ingen skilnad i mellom hovudstega i omfanget av arbeidet med dei grunnleggjande dugleikane. Funna samsvarar godt med dei låge tala som kom fram for arbeid med grunnleggjande dugleikar i kroppsøving på ungdomstrinnet (Arnesen, 2010).



Figur 6: Talet på gonger det vert arbeidd med dei grunnleggjande dugleikane i kroppsøving i løpet av eit år.

Revidert læreplan for kroppsøving gjeldande frå 01.08 2013 har ikkje eigne spesifiserte kompetansemål for dei ulike grunnleggande dugleikane, ”*De grunnleggende ferdighetene er integrert i kompetansemålene der dette er naturlig og på fagets premisser*” (Utdanningsdirektoratet 2012, s. 3). Dette er truleg ei god endring som gjer at lærarane ikkje vil kjenna seg pressa til å jobba med dei grunnleggande dugleikane på måtar som bryt med deira oppfatning av kva som er viktig i kroppsøvingsfaget, men heller finna vinn-vinn læringssituasjonar som vert oppfatta som gode både med tanke på kroppsøving og for dei ulike grunnleggande dugleikane. Omfanget av arbeid med dei grunnleggande dugleikane er så låg at endringa truleg ikkje kjem til å resultera i særlege endringar i praksis.

Informantane vart spurde om å ta stilling til to ulike påstandar knytte til grunnleggjande dugleikar i faget kroppsøving. Skalaen som vart brukt var seksdelt og gjekk frå *svært ueinig* til *svært einig*. Lærarane er *litt einige* (4) og *einige* (5) i den første påstanden ”I kroppsøvingsfaget bør man legge vekt på fagets egenart (læring knyttet til bevegelse) og ikke de grunnleggende ferdighetene (lese, regne osv)” og så er dei *litt ueinig* (3) i den andre

påstanden ”De grunnleggende ferdighetene (lese, regne osv.) støtter fagets egenart (læring knyttet til bevegelse)“.

Påstandar:	Mean
I kroppsøvingsfaget bør man legge vekt på fagets egenart (læring knyttet til bevegelse) og ikke de grunnleggende ferdighetene (lese, regne osv)	4,91
De grunnleggende ferdighetene (lese, regne osv) støtter fagets egenart (læring knyttet til bevegelse)	3,38

Tabell 9: Grad av samtykke til utsegn knytte til dei grunnleggande dugleikane.

Lærarane er i hovudsak *einige* om at ein ”I kroppsøvingsfaget bør legga vekt på fagets eigenart (læring knytt til bevegelse) og ikkje dei grunnleggande dugleikane“. Samstundes er dei svakt negative til utsegna om at dei grunnleggande dugleikane støtter fagets eigenart (læring knytt til bevegelse). Dette peikar i retning av at lærarane ser på kroppsøving som eit fag der ein bør legga vekt på læring knytt til rørsle, og at dei er svakt skeptiske til at dei grunnleggande dugleikane kan støtta opp under læring knytt til rørsle i ulike samanhengar. Det er viktig å streka under at det å sjå på dei grunnleggande dugleikane under eitt, kanskje skjuler meir enn det opplyser då det er kan vera stor skilnad mellom for eksempel munnleg kompetanse og digitalkompetanse og deira forhold til rørsle.

Me spurde informantane om i kva grad dei var einige i utsegn knytt til bruk av IKT i kroppsøving. Skalaen gjekk frå *svært ueinig* (1) til *svært einig* (6). Kroppsøvingslærarane rapporterer at dei i liten grad har endra sin praksis som følgje av innføring av meir IKT i skulen, men samstundes er svakt positivt *einige* i at IKT er ein naturleg del av førebuing og etterarbeid i faget. Dei er svakt *einige* i at bruk av IKT kan vri fokus vekk frå eigenarten til kroppsøvingsfaget og er *ueinige* i at utvikling av IKT-kompetanse er ein naturleg del av kroppsøvingsfaget. Dette er i tråd med Arnesen (2010) som rapporterte at kroppsøvingslærarane på ungdomsstegene var positive til bruk av IKT i førebuing og etterarbeid, men ikkje til bruk i opplæringa i faget, då dei rapporterte at dette kunne bryta med eigenarten til faget.

Utsegner	Mean
Jeg har ikke endret min praksis som kroppsøvingslærer som følge av innføring av mer IKT i skolen	4,67
Bruk av IKT i kroppsøvingsfaget vil dra fokus vekk fra fagets egenart og redusere kvaliteten på opplæringen	4,05
Bruk av IKT er en naturlig del av forberedelse og etterarbeid til kroppsøvingslærerjobben	3,67
Utvikling av IKT-kompetansen til elevene er en naturlig del av kroppsøvingsfaget	2,47

Tabell 10: Grad av samtykke til utsegn knytte til bruk av IKT i kroppsøving.

10.0 Prioriteringar for framtida

For å få eit bilete av kva lærarane meiner bør prioriterast i utviklinga av kroppsøvingsfaget i framtida, vart dei spurde om å gje si grad av samtykke til ulike utsegn om framtidige prioriteringar på ein skala frå 1-6 frå *svært ueinig* til *svært einig*. Desse utsegna er langt frå utfyllande med tanke på alle moglege prioriteringar, men det dukka ikkje opp andre perspektiv i dei opne tekstsvara.

	Innføring av ekstraressurs til administrering av faget	Meir utstyr til kroppsøving	Fleire timer i faget	Færre elevar i klassen	Høgare kompetanse hos lærar som underviser i faget
Mean	3,55	4,94	4,85	3,91	4,63
Std. Deviation	1,42	1,10	1,07	1,47	1,06

Tabell 11: Grad av tilslutning til utsegn om framtidige prioriteringar for kroppsøvingsfaget.

Det er utsegna om ”meir utstyr” ($M=4.94$) og ”fleire timer” ($M=4.85$) lærarane er mest *einige* i. ”Høgare kompetanse” ($M=4.63$) følgjer deretter framfor ”færre elevar i klassen” ($M=3.91$) og nedst ”innføring av ekstraressurs til administrering av faget” ($M=3.55$). Det er ikkje

signifikante skilnader mellom steg 1-4 og 5-7 i tilslutning til utsegn for framtidige prioriteringar. Jacobsen m.fl. (2006, s. 10) rapporterte at eit auka timetal til faget ”... synes å være et allment krav blant både elever og lærere.” Våre lærarar er einige i at fleire timer i faget bør prioriterast i utviklinga av faget, men at ei styrking av utstyrssituasjonen er vel så viktig. Det er ei relativt stor semje om at ei styrking av kompetansen er viktig for utviklinga av faget.

At tilslutninga til alle utsegnene kom opp på den øvre halvdel av skalaen er ikkje overraskande, då desse utsegnene representerer ulike goder for faget. Men det er verdt å leggja merke til at både tilslutninga til utsegna om ekstraressursar til administrering av faget og færre elevar i klassen får relativt låg tilslutning. Det kan ha si forklaring i at det er mange små skular der dette kanskje ikkje vert sett på som ei utfordring. Dette kan underbyggast med at standardavviket for desse variablane ligg langt over avviket på dei tre andre variablane. Det er primært allmennlærarar som har svara på undersøkinga. Ei mogeleg tolking av svara her kan vera at informantane vil sjå kroppsøving som ein del av ein heilskap, der dei ser prioritering i kroppsøving i samband med prioriteringar i andre fag. Det er likevel noko overraskande at ynskje om å prioritera høgare kompetanse i faget ikkje er enno sterkare når ein veit at det er 51,3 % på steg 1-4 og 35,1% på steg 5-7, som underviser i faget utan formell kompetanse (Lagerstrøm, 2007). Det kan vera verdt å ha i tankane at respondentane i undersøkinga har langt høgare kompetanse enn totalpopulasjonen i faget på barnesteget og at dei dermed kanskje opplever andre utfordringar som viktigare.

11.0 Oppsummerande kommentar

I LK06 er det kompetansemål i kroppsøving etter steg 4 og steg 7. Denne inndelinga i hovudsteg representerer ein tydelegare overgang mellom hovudstega enn tidlegare planar gjorde, ettersom dei hadde mål etter kvart årssteg. Resultata i denne undersøkinga syner at det er klare skilnader i kroppsøvingsfaget mellom dei to hovudstega. Dette gjeld både på område der skilnadane kan knytast direkte til planen og på område der det må vera andre årsaker til skilnadane. Ein viktig faktor er truleg at det på mange skular er slik at lærarane berre jobbar på eitt av hovudstega.

Kroppsøvingsfaget på steg 1-4 er dominert av kvinnelege klasselærarar, medan det på steg 5-7 er omlag like mange menn som kvinner som underviser i faget. Statistisk er menn sterkt overrepresenterte i faget på steg 5-7, noko dei ikkje er på steg 1-4. På småskulesteget er det

allmennlærarane som dominerer med innslag av førskulelærarane, medan allmennlærarane på mellomsteget har med seg eit innslag av faglærarar. Me finn ei klart større djupne i fagutdanning innan kroppsøving på steg 5-7 enn på 1-4. I snitt har kroppsøvingslærarane på steg 5-7 også meir undervisning i faget enn sine kollegaer på steg 1-4. Gjennomsnittsalderen for dei som underviser i kroppsøving er midten av trettiåra og me finn ein tendens til at eldre lærarar sluttar å undervisa i faget.

Sjølvopplevd kompetanse innan ulike delar av faget er høg for heile breidda av aktivitetar på begge hovudstega med unnatak av dans, der den sjølvopplevd kompetansen er middels. Lærarane rapporterer om at kroppsøvingsfaget har god tilgang til eigna lokale og uteområde, men at det skortar ein del på utstyrssida.

Det er *ressurssituasjonen på kullet* som er mest avgjerande når kroppsøvingstimane skal fordelast, men det er fleire faktorar som spelar inn. Dei to omsyna *formell kompetanse* og *lyst til å undervisa i faget uavhengig av kompetanse* er begge viktige faktorar. Det at *klasselærar følgjer klassen* er vanlegare å ta omsyn til på småskuletrinnet enn på mellomtrinnet. Ved to tredelar av skulane har dei ein hovudlærar i kroppsøving og ved om lag ein tredel av skulane vert det gitt ein ekstraressurs for dette arbeidet.

Når det gjeld kva lærarane tykkjer er viktig i faget så er det fleire dimensjonar ved sider av faget som får høg tilslutning. *Leik og glede* skårar høgast, etterfølgt av dimensjonane *helse* og *læring av rørsler og teknikkar* som kjem nokså likt ut. *Grunntrening* følgjer deretter, medan lærarane ikkje synes at *allmenndanning* og *utvikling av kreativitet og estetisk kompetanse* er like viktig. *Konkurranse* er den sida ved faget som lærarane finn minst viktig i faget. I fagsyn finn me ikkje vesentlege skilnader mellom hovudstega.

Kroppsøvingsfaget er kjenneteikna av lærarleia fellesundervisning, gjerne med ein lærar som tek del i aktiviteten. Det er relativt lite bruk av meir elevstyrt formar å organisera faget på, og det same kan seiast om tverrfagleg arbeid og prosjektarbeid. Ei tydeleg lærarrolle inneber ikkje at det berre er instruksjon som pregar faget. Det er også tydelege innslag av opne oppgåver, bruk av landskap ute og inne, stasjonsarbeid ute og inne og leik. Det er også skilnader mellom hovudstega når det gjeld bruk av ulike arbeids- og organiseringsmåtar. På steg 1-4 er det større innslag av at elevane driv valfri aktivitet, og dei har meir rørslelæring gjennom både opne og lukka oppgåver. Steg 5-7 har meir praktiske prøvar og motoriske/fysiske testar.

Lærarane rapporterer om eit kroppsøvingsfag som trass i ei noko skeiv prioritering, ser ut til å dekka den breidda som LK06 legg opp til med leik, idrett, dans, friluftsliv og trening. Ulike kompetanse mål i hovudstega vert reflekterte i lærarane sine svar gjennom relativt store skilnader i innhald mellom småskulen og mellomtrinnet. Eit felles trekk er at leik er dominerande i faget. Det er ikkje signifikante skilnader mellom mannlege og kvinnelege lærarar i bruk av leik, noko som tyder på at aksepten blant menn for å nytte leik i undervisninga har auka sidan evalueringa av L97 (Jacobsen, 2006).

Arbeid med rørslelæring står sterkt på småskulesteget. Dans og idrett er relativt jamt fordelt på steg 1-4, men på steg 5-7 får idretten større plass ilag med ulike grunntreningsformer. Her er det eit godt stykke att før omfanget av dans får den plassen den har i læreplanen. Friluftsliv ser ut til å ha eit rimeleg omfang på småskuletrinnet. Jacobsen m.fl. (2006) fann i evalueringa av L97 at friluftsliv var underprioritert, mens våre tal tyder på at situasjonen på steg 1-4 no er betre. På steg 5-7 kan det sjå ut for at friluftsliv er noko underprioritert. For symjing og livberging er også stoda betre for småskulesteget enn for mellomsteget, trass i at omfanget av symjing og livberging i læreplanen er tilsvarande for dei to hovudstega. Men det er ikkje store skilnaden mellom hovudstega på kor stor del av elevane lærarane meinte når kompetanse måla. For begge hovudstega er det ein stor del av elevane som ikkje når kompetanse måla for symjing og livberging. Dette representerer ei utfordring for faget og for skuleeigar.

Ei anna utfordring er at berre om lag helvta av skulane har lokal læreplan for kroppsøvingsfaget. Dette vil ha negative konsekvensar for progresjonen og variasjonen og dermed og for læringa i faget. Dette kan ikkje vegast opp av at nesten alle lærarane arbeider etter ein årsplan i faget, då progresjonen og variasjonen mellom dei ulike åra på hovudstega vert uråd å sikre.

Over helvta av lærarane samtykker i at dei har endra si kroppsøvingsundervisning etter innføringa av LK06. Lærarane opplever at planen for kroppsøving er god, og at den gir god hjelp til planlegging og formativ vurdering. Omfanget av formativ vurdering ser ut til å ha auka etter innføringa av LK06, men lærarane er usikre på om elevane lærer meir i faget no enn før LK06.

Ei annan sentral endring som kom med LK06 var innføring av grunnleggande dugleikar i faga. Lærarane legg svært lite vekt på dei grunnleggande dugleikane i kroppsøvingsundervisninga, noko som truleg botnar i ei oppleving av at dei dugleikane bryt med eigenarten til faget. Dette gjeld og for bruk av IKT i faget. Lærarane seier at meir fokus på IKT i skulen i liten grad har endra deira praksis som kroppsøvingslærarar, sjølv om mange ser på bruk av IKT som ein naturleg del av førebuing og etterarbeid i faget.

For å utvikla kroppsøvingsfaget i framtida ynskjer kroppsøvingslærarane seg meir utstyr, fleire timer i faget og høgare kompetanse blant dei som underviser i faget. I tillegg til desse utfordringane har kroppsøvingsfaget utfordringar knytte til samansetninga av innhaldet i faget på mellomsteget og til kvaliteten på opplæringa.

Det er berre i symjing lærarane i vår undersøking har svart på i kor stor grad elevane når måla for opplæringa. Våre funn stadfestar funn i andre undersøkingar som syner at svært mange born og unge får ei opplæring i symjing og livberging som ikkje er tilfredstillande (Synovate, 2009).

Synovate fann at 99 % av skulane gav symjeopplæring. Det er difor mykje som tyder på at det er omfanget av og/eller kvaliteten på opplæringa det skortar på. Omfanget kan sjølv sagt vera knytt til manglande tilgang til basseng eller manglande økonomi til å få utnytta dei bassenga som fins.

Kvaliteten på opplæringa derimot må vera knytt til kva kompetanse skulen har på området og korleis dei brukar denne kompetansen. Vårt funn om at det er ressurssituasjonen på kullteamet som er den viktigaste premissen for fordeling av kroppsøvingstimar, kan tyda på at fokuset på kvalitet og kompetanse i undervisninga ikkje vert tatt tilstrekkeleg på alvor. Særleg dersom det er avgrensa tilgang til basseng, burde skulane prioritera kompetanse høgast slik at elevane får tilgang til den beste kompetansen ved skulen. Om skulen manglar kompetanse må det vera vilje til å utvikla kompetansen eller få tak i den på anna måte.

Skolefagsundersøkelsen 2011 viser tydeleg at svært mange lærarar underviser i dei praktiske og estetiske faga utan utdanning. Dette gjeld også kroppsøving. Etter omlegginga av allmennlærarutdanninga til grunnskulelærarutdanning, der dei praktiske og estetiske faga har fått svekka sin posisjon, er det ikkje usannsynleg at den samla kroppsøvingskompetansen på barnesteget vert dårlegare i framtida enn i dag. Det er difor grunn til å frykta at det ikkje berre er innan symjing og livberging at det er og kan bli manglande måloppnåing og kvalitet i faget.

Sjølv om små skular i aukande grad vert lagde ned, m.a. grunngitt med etablering av sterke fagmiljø, er det liten grunn til å tru at våre funn om kroppsøvingsfaget som eit klasselærarfag vil bli endra. Dermed må fokus vera på å vidareutvikla kompetansen i det faste kollegiet og ikkje minst å utnytte kompetansen som finst ved skulen. Enkle organisatoriske grep vil truleg kunne auka kvaliteten på undervisninga, t.d. ved at kompetanse i faget i aukande grad blir utnytta på tvers av klassesteg og ved at kompetanse blir det viktigaste for fordeling av kroppsøvingstimar.

Kvalitetsutvikling må vera eit kontinuerlig arbeid i alle fag, ikkje berre i fag som blir målt i nasjonale prøvar og internasjonale samanlikningar. Våre funn viser at lærarane verdset leik, glede og sosialt samspel, men dette må ikkje vera ei orsaking for manglande kvalitet i undervisninga. Då

vert faget fort berre rekreasjon og står i fare for å miste sin verdi som lærings- og danningsfag og dermed sin legitimitet som skulefag.

Dans er den delen av faget der lærarane opplever at dei har svakast kompetanse. Våre funn tyder på at omfanget av danseundervisninga på hovudsteg 5-7 er for liten. Lærarane kjennar seg tryggare på undervisning innan friluftsliv og det kan vera at det er organisatoriske utfordringar som avgrensar denne undervisninga på mellomsteget. Vårt funn om manglande lokale læreplanar i faget tyder på at det bør setjast i verk tiltak som kan vera med på å sikre progresjonen i faget generelt, og i friluftsliv spesielt. Ein slik tydeleg struktur kan og vera eit reiskap for å få på plass organisatoriske rammer som kan styrka undervisninga i friluftsliv.

Ein betre utstyrssituasjon er lærarane sitt sterke ynskje for faget, og det kan berre betrast gjennom prioriteringar frå skuleeigar og rektor. Funn i vår undersøking viser også at auka timetal i faget er eit sterkt ynskje frå lærarane. Andre enn lærarar som underviser i kroppsøving ser også verdien av auka fysisk aktivitet i skulekvardagen. Dette kan illustrerast med at det i staden for å innføra fleire timer i kroppsøving i 2009 vart innført 76 timer til *fysisk aktivitet* på mellomsteget. Det vart presisert at *fysisk aktivitet* ikkje er kroppsøving eller anna opplæring i fag, og at det dermed ikkje var naudsynt med pedagogisk utdanna personell. Men minimumskrava som vert stilte til aktivitetane ligg ganske tett opp til sentrale dimensjonar i føremålet med kroppsøvingsfaget. Rundskrivet *Rett til fysisk aktivitet* (Utdanningsdirektoratet, 2009) presiserer at aktivitetane skal vera helsefremmande, gje glede og meistring, betre dei motoriske dugleikane, fremje sosial kompetanse og at alle skal kunne ta del i aktivitetane uavhengig av føresetnader.

Innføringa av *fysisk aktivitet* er ei utfordring for kroppsøvingsfaget. Denne utfordringa ligg i å vera eit tydeleg lærings- og danningsfag, tufta på kompetanse og kunnskap, og dermed noko meir og anna enn *fysisk aktivitet*. Om dette ikkje vert gjort tydeleg kan faget verta vanskeleg å legitimera. *Fysisk aktivitet* vart pressa fram av eit instrumentelt helseperspektiv der aktivitet som førebyggande helsearbeid står i fokus. Samstundes seier kroppsøvingslærarane seg samd i at *grunntrening* og *det å styrke helsa til elevane* er viktige verdiar i faget. Vert desse dimensjonane kopla fri frå lærings- og danningsdimensjonane i faget, kan kroppsøving fort bli sett på som ein dyr form for *fysisk aktivitet*. Då kan det bli utfordrande å argumentera for ein auke i timetalet i kroppsøving.

Hardman (2005) si oppsummering: "An Up-date on the Status of Physical Education in Schools Worldwide" peiker på ein utbreidd pessimisme i mange land knytt til framtida for kroppsøvingsfaget. Trass i internasjonal uro for faget og tydelege utfordringar for faget også her heime, er det ingen ting i Skolefagsundersøkelsen 2011 som underbyggjer ein pessimisme for

framtida til kroppsøvingsfaget på barnesteget i norsk skule. Lærarane uttrykkjer seg positivt til faget og dei opplever at elevane, kollegaer, skuleleiing og skuleeigar har positive haldningar til faget.

Referansar

- Annerstedt, C. (2008). Physical education in Scandinavia with a focus on Sweden: a comparative perspective. *Physical Education & Sport Pedagogy*, 13(4), 303-318.
- Arnesen, T.E., Leirhaug, P.E. og Nilsen, A.K. (2013). Den læreplanen som ikkje kan tilpassast mi undervisning finst ikkje. Vurdering og undervising i kroppsøving etter kunnskapsløftet. *Tidsskriftet FOU i praksis*, 7(3), 9-32.
- Arnesen, T.E. (2010). *IKT i kroppsøving på ungdomstrinnet – ein trussel mot eigenarten til faget?* Delrapport i Vavik, L., Andersland, S., Arnesen, T.E., Arnesen T., Espeland, M., Flatøy, Grønsdal, I., Fadnes, P., Sømoe, K. og Tusset, G.A. (2010). *Skolefagsundersøkelsen 2009. Utdanning, skolefag og teknologi.* (HSH rapport 2010/1).
- Bamford, A. (2011). *Arts and Cultural Education in Norway.* Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen
- Brattborg, S. & Engebretsen, B. (2007). *Innføring i kroppsøvingsdidaktikk.* Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Curtner-Smith, M.D. (1999). The more things change the more they stay the same: Factors influencing teachers' interpretations and delivery of national curriculum physical education. *Sport, Education and Society*, 4(1), 75-97.
- Curtner-Smith, M.D, Todorovic, J. R., Lacon, S. A. og Kerr, L. G. (1999). Teachers' rules, routines, and expectations prior to and following the implementation of the national curriculum for physical education. *European Journal of Physical Education*, 4(1), 17-30.
- Dowling, F. (2010). Fysisk aktivitet og god helse i kroppsøvingsfaget: Problematisk, ikke automatisk. I: Steinsholt, K. & Gurholt, K. P. (red.): *Aktive liv.* Trondheim: Tapir forlag. 205-218.
- Goodlad, J.I. & Ammons, M.P. (1979). *Curriculum Inquiry. The Study of Curriculum Practice.* New York: McGraw-Hill.
- Green, K. (1998). Philosophies, Ideologies and the Practice of Physical Education. *Sport, Education and Society*, 3(2), 125-143.
- Hardman, K. (2005). *An up-date on the status of physical education in schools worldwide.* The International Council of Sports and Physical Education (ICSSPE) og World Health Organization. Lasta ned 13.02.2013 frå: <http://www.icsspe.org/content/physical-education-schools-update>

- Jacobsen, E. B., Moser, T., By, I.Å., Fjeld, J., Gundersen, K.T. og Stokke, R. (2001). *L97 og kroppsøvingssfaget – fra blå praktbok til grå hverdag? Lærernes erfaringer knyttet til den nye læreplanen i kroppsøving. Hovedrapport 1.* Rapport 3/2001. Tønsberg: Høgskolen i Vestfold.
- Jacobsen, E. B., Moser, T., By, I.Å., Fjeld, J., Gundersen, K.T. og Stokke, R. (2002). *L97 og kroppsøvingssfaget – fra blå praktbok til grå hverdag? Elevenes og lærernes erfaringer knyttet til den nye læreplanen i kroppsøving. Hovedrapport 2.* Rapport 5/2002. Tønsberg: Høgskolen i Vestfold.
- Jacobsen, E. B., Moser, T., By, I.Å., Fjeld, J., Gundersen, K.T. og Stokke, R. (2006). *L97 og kroppsøvingssfaget – fra blå praktbok til grå hverdag? Synteserapport.* NFR. Lasta ned frå: <http://www.forskningsradet.no/servlet/Satellite?c=Page&pagename=ForskningsradetNorsk%2FHovedsidemal&cid=1175003277667&queryString=jacobsen+kropps%C3%B8ving&spell=true&filters=cssitemname%2C%21ForskningsradetEngelsk%2C%2Clangcodes%2Cno&sglobalsearch=true&configuration=nfrsearchersppublished>
- Jakobsen, A.M. (2010). *Trivsel hos kroppsøvingslærerne i ungdomsskolen.* Avhandling til doktor philos. Tromsø: Universitetet i Tromsø.
- Jonskås, K (2010). *En kunnskapsoversikt over FOU-arbeid innen kroppsøvingssfaget i Norge fra januar 1978 – desember 2010.* Oslo: Norges Idrettshøgskole.
- Jordet, A.N. (1998). *Nærmiljøet som klasserom. Uteskole i teori og praksis.* Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Kyrkje- og undervisningsdepartementet (1974). *Mønsterplan for grunnskulen.* Oslo: Aschehoug
- Kyrkje og undervisningsdepartementet (1987). *Mønsterplanen for grunnskulen*
- Kyrkje, utdannings og forskingsdepartementet (1996). *Læreplanverket for den 10-årige grunnskulen.*
- Lagerstrøm, B.O. (2007). *Kompetanse i grunnskulen: hovedresultater 2005/2006.* (SSB Rapport 2007/21)
- Ommundsen, Y. (1995). Kroppsøving i skolen, et helsefremmende fag for alle?
Kroppsøving nr.7/8 1995
- Ommundsen, Y. (2008). Kroppsøving: Danning eller helse? Om to ulike begrunnelser for faget og deres konsekvenser. I P. Arneberg & L. G. Briseid (Red.), *Fag og danning: mellom individ og fellesskap.* Bergen: Fagbokforlaget, s. 193-208.
- Ommundsen, Y. (2013). Fysisk-motorisk ferdighet gjennom kroppsøving–et viktig bidrag til elevenes allmenndanning og læring i skolen.
Norsk pedagogisk tidsskrift nr.2 2013

Opplæringslova (1998). *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa av 17. juli 1998.*
Lasta ned frå: <http://www.lovdata.no/all/nl-19980717-061.html>

Sloan, S. (2010). The continuing development of primary sector physical education: Working together to raise quality of provision. *European Physical Education Review* vol 16 nr 3, s. 267-282.

Synovate (2009). *Undersøkelse om svømmedyktighet blant 5.klassinger.* Lasta ned frå :
http://www.svomming.no/getfile.php/5947/Presentasjon_av_res-pdf_ppt.PDF

Tsangaridou, N. (2006). Teachers' beliefs. I D. Kirk, D. Macdonald og M. O'Sullivan (red.), *The Handbook of Physical Education* (486-501). London: Sage.

Utdanningsdirektoratet (2006). *Kunnskapsløftet.* Oslo.

Utdanningsdirektoratet (2008). *Rundskriv Udir-1-2008 Forsvarlig svømme- og livredningsopplæring i grunnskoleopplæringen.* Lasta ned frå:
<http://www.udir.no/Regelverk/Rundskriv/2008/Udir-1-2008-Forsvarlig-svomme--og-livredningsopplaring-i-grunnskoleopplaringen/>

Utdanningsdirektoratet (2008). *Veiledninger til kunnskapsløftet. Kroppsøving.* Lasta ned frå:
<http://www.udir.no/Lareplaner/Veiledninger-til-LK06/Kroppsoving/Kroppsoving/Eksempler-fra-hovedomradene/container-artikler-hoyremeny/Friliuftsliv-i-kroppsoving/>

Utdanningsdirektoratet (2009). *Rundskriv Udir-11-2009 Rett til fysisk aktivitet.* Lasta ned frå:
<http://www.udir.no/Regelverk/Rundskriv/2009/Udir-11-2009-Rett-til-fysisk-aktivite>

Sømoe, K.:

Kap. 3

Kunst og håndverk i barneskolen

- et fag i oppløsning?

1.0 Innledning

I denne fagrapporten vil de viktigste funnene fra kunst- og håndverksdelen av undersøkelsen presenteres. Målet er å bidra til å løfte frem debatten rundt kunst- og håndverksfagets innhold og metoder, og dermed å gi et lite bidrag til å sikre at fagets utvikling blir styrt av forskningsbasert kunnskap og grunnskolens, barnas og samfunnets behov. Etter en kort gjennomgang av innhold og oppbygging av spørreundersøkelsen, vil jeg presentere frekvensbaserte funn for å tegne et mest mulig komplett bilde av fagets betingelser og innhold i den norske barneskolen. Dernest vil jeg bruke faktoranalyse og korrelasjoner for å synliggjøre mønstre knyttet til respondentgruppen og deres praksis. I faktoranalysen vil jeg identifisere ulike fagperspektiver og kompetanseområder, mens jeg i korrelasjonsanalysen vil sammenholde konstruktene som fremkommer i faktoranalysen med ulike bakgrunnsfaktorer som alder, kjønn, undervisningserfaring og ikke minst utdanning.

1.2 Utformingen av kunst- og håndverkdelen av spørreundersøkelsen

Utforming og analyse av Skolefagsundersøkelsen bygger på en forståelse av at Kunst- og håndverksfaget utgjør et tverrfaglig felt der ulike perspektiver, med historiske røtter tilbake til før sammenslåingen i 1960, konkurrerer om definisjonsmakt over skolefaget. Ved å se på dagens fagpraksis i lys av ulike fagperspektiv, håper jeg å bidra til økt bevissthet om de ulike posisjonene i skolefaget kunst og håndverk.

Karen Brænne beskriver i sin doktorgradsavhandling, *Mellom ord og handling – om verdsetjing i kunst og handverksfaget* (Brænne, 2009), kunst- og håndverksfaget som et felt bestående av fire kontrasterende fagperspektiv: I: Encyklopedisk danningsideal – material- og teknikktame; II: Formalestetisk oppseding; III: Karismatisk haldning og IV: Kritisk bildepedagogikk (Brænne, 2008). De ulike perspektivene eksisterer i følge Brænne som ulike fagposisjoner i dagens kunst og håndverksfag (Brænne, 2011, Sømoe, 2013). Undersøkelsen er utformet med henblikk på disse fagperspektivene slik at de eventuelt kan identifiseres blant kunst- og håndverkslærerne i barneskolen.

Under utformingen av kunst- og håndverksdelen av undersøkelsen, var et av de sentrale spørsmålene om undersøkelsen skulle gjøres kort og rettet mot ett eller noen få forskningsspørsmål, eller om den skulle utformes bredt som en kartlegging. Når valget falt på

å lage en bred og omfattende undersøkelse, er det fordi det ikke tidligere er gjennomført noen slik kartlegging på barnesteget, og fordi undersøkelsen er ment å danne utgangspunkt for mer spissede kvalitative og kvantitative undersøkelser gjennomført av ansatte og master / bachelorstudenter i praktiske og estetiske fag ved HSH. Temaområder og spørsmålsformuleringer i spørreskjemaet ble valgt med utgangspunkt i gjeldende læreplan for faget, funnene fra fagdelen av Skolefagsundersøkelsen 2009 og teori om fagets ulike historiske linjer. Ettersom konstruktene knyttet til ungdomsskolelærernes faglige prioriteringer kommer til å bli bruk som sammenligningsgrunnlag i denne rapporten, vil jeg starte med å presentere noen sentrale funn fra Skolefagsundersøkelsen 2009.

1.2.1 Skolefagsundersøkelsen 2009 om faglige prioriteringer

Skolefagsundersøkelsen 2009 (Sømoe, 2010) viste at de kan påvises en polarisering mellom lærere med kunstfokus og håndverksfokus i ungdomsskolen. Faktoreanalyse av spørsmål om hva lærerne vektlegger i sin undervisning, ga tre komponenter som ble samlet som konstrukt. Disse konstruktene ga jeg navnene ”Klassisk, kunstorientert”, ”Generelt politisk – ikke fagspesifikt orientert”, og ”Håndverks- og kreativitetsorientert”. Konstruktene, forstått som lærerprofiler, korresponderer til en viss grad med Brænne sin klassifisering, noe jeg har utdypet i artikkelen *Kunst og håndverk – fag eller tverrfaglig felt?* (Sømoe, 2013) Mens den klassisk kunstorienterte profilen har stor grad av sammenfall med ”formalestetisk oppseding” i vektleggingen av kunnskap om kunst og formalestetikk, svarer den generelt politiske profilen langt på vei til ”kritisk bildepedagogikk” i vektleggingen av kunnskaper om reklamepåvirkning og visuell kommunikasjon. Den håndverksorienterte profilen svarer langt på vei til ”encyklopedisk danningsideal, material- og teknikktame” og vektlegger nytte, materialkunnskap og håndverksteknisk utøverkompetanse. Et problem med denne sammenligningen mellom lærerprofilene fra ungdomsskoleundersøkelsen i 2009 og Karen Brænnes kategorier, er at hennes kategori ”karismatisk haldning” ikke lar seg tydelig identifisere i datamaterialet. ”Karismatisk haldning” er betegnelsen Brænne har satt på den kunstpedagogiske retningen som førte frem til opprettelsen av forming. I denne fagposisjonen legges vekt på tilrettelegging for personlig utvikling gjennom frie skapende prosesser med utgangspunkt i barnets forutsetninger, interesser og utviklingsnivå. At denne fagposisjonen ikke finner motsvar i dataene fra 2009, har sammenheng med IKT-fokuset i undersøkelsen, og at fritt skapende arbeid og personlighetsutvikling ikke var var med som svaralternativer i spørsmål om elevaktivitet og praksisteori. Dette ble rettet opp i barneskoleundersøkelsen som vil bli presentert her. Av lærerprofilene fra ungdomsskoleundersøkelsen i 2009, var det kun

”Klassisk, kunstorientert” som korrelerte med utdanningsdybde i faget.

Skolefagsundersøkelsen 2009, viste en tydelig tendens til at lærere med høy utdanning vektla kunstteori, praktisk arbeid med kunstuttrykk og kunnskap om kulturarven høyere enn resten av respondentene. Det var ingen korrelasjon å finne mellom utdanning og vektlegging av håndverks- og bruksformområdet. Dette må ikke tolkes som at håndverksområdene nedprioriteres av lærere med høy utdanning.

1.2.2 Skolefagsundersøkelsen 2011

Målet med kunst- og håndverksdelen av Skolefagsundersøkelsen 2011 har vært å danne et bilde av rammevilkår, faglig aktivitet og fagsyn som preger faget i grunnskolen i dag. Spørsmålene omfatter derfor bakgrunnsfaktorer som alder, kjønn og utdanning,

En viktig spørsmålsgruppe omhandler konkret elevaktivitet. Det har ikke vært mulig å dekke all tenkelig faglig aktivitet i disse spørsmålene. Derfor er spørsmålene knyttet til de overordnede material- og kunnskapsområdene i faget, med utgangspunkt i fagtradisjon og gjeldende læreplan.

Ved siden av bakgrunnsfaktorer og elevaktivitet, er lærernes holdninger til fag og læreplan og deres vurdering av egen kompetanse innenfor de sentrale material- og kunnskapsområder kartlagt.

Det er egne grupper spørsmål knyttet til undervisningsmetoder og konkret innhold i arbeid med IKT-verktøy i faget. Grunnen til at IKT vektlegges så sterkt, er dels at Skolefagsundersøkelsen 2009 viste at IKT i liten grad var implementert i fagpraksisen til de fleste lærerne, til tross for at det er et vektlagt område i læreplanen. Jeg ville derfor undersøke om dette gjelder også for barneskolelærerne i 2011.


I tillegg var det åpne innfyllingsfelt der lærerne hadde muligheten til å utdype og komplettere informasjonen de ga gjennom avkryssingsspørsmålene. Dette viste seg å bli en svært god rettesnor i analysen, da svært mange lærere valgte å benytte denne muligheten og skrev lange og gode kommentarer.

2.0 Frekvensbaserte funn

2.1 Respondentenes kjønn, alder, utdanning og praksiserfaring

Lage mat i naturen	5	14	16	23	2	2
Lekser	13	12	9	15	7	6

Tabell 12: Bruk av organiseringssformer eller arbeidsmåter i mat og helseundervisningen.

Lærernes anslag over omfanget av prøver og kontakt med hjemmet fremgår av Tabell 13. Resultatene viser at praktiske og teoretiske prøver blir brukt i mindre grad. Dette kan henge sammen med lærernes begrensede kompetanse på vurdering av elevene i mat og helsefaget (Figur 1) eller en svak vurderingskultur på barnetrinnet.

Mangel på systematisk vurdering i mat og helsefaget er også rapportert i en annen studie ([Holthe, Hallås, Styve, & Vindenes, 2013](#)). Det er også mulig at elevene blir vurdert i faget på andre måter enn gjennom teoretiske og praktiske prøver.

	Prøver og tilbakemelding til hjemmet		Grad av enighet			
	Aldri	Veldig sjeldent	Sjeldent	Av og til	Ganske ofte	Ofte
Praktisk prøve	13	14	9	24		2
Teoretisk prøve	19	8	11	21	1	2
Tilbakemelding til hjemmet		8	12	33	6	3

Tabell 13: Bruk av prøver i mat og helseundervisningen og tilbakemelding til hjemmet.

Tabell 13 viser at de fleste lærerne i mat og helse kun sjeldent eller aldri gir tilbakemelding til hjemmet. Dette samsvarer godt med etterspørsmålet etter informasjon til hjemmet om elevenes kompetanse i mat og helsefaget. På spørsmål om hvor ofte foreldre etterspør informasjon om elevers kompetanse i mat og helse faget, svarer nærmere 80 % av lærerne at foreldre i liten grad spør om elevenes kompetanse i faget.

2.6 IKT i faget

Bruk av IKT i form av pedagogisk programvare, publisering- og bearbeidingsverktøy, og kommunikasjonsverktøy blir i liten grad brukt i mat og helseundervisningen (Tabell 14). I overkant av 50 % av lærerne er i varierende grad enig i at bruk av IKT er en naturlig del av mat og helsefaget. Samtidig rapporterer langt færre at de bruker digital programvare eller digitale publisering- og bearbeidingsverktøy i faget. Det er også interessant at i underkant av 50 % av lærerne oppgir at de ikke har endret sin praksis som følge av mer IKT i skolen. En slik praksis må sees i sammenheng med den begrensete tilgangen på PC og AV-utstyr i forbindelse med mat og helseundervisningen (Tabell 6), eller som en lærer uttrykker det «Det er vanskelig å bruke IKT når vi ikke har riktig programvare».

Påstander som gjelder mat og helse undervisningen	Grad av enighet					
	Svært uenig	Uenig	Litt uenig	Litt enig	Enig	Svært enig
Jeg har ikke endret min praksis som følge av mer IKT i skolen	6	13	12	10	14	6
Bruk av IKT er en naturlig del av faget	6	9	10	18	13	5
Jeg bruker ofte digital pedagogisk programvare (spill og læreprogram)	10	19	16	10	5	1
Jeg bruker ofte digitale publiseringss- og bearbeidingsverktøy (tekstbehandling, søkeverktøy, lyd- og bildeverktøy, PowerPoint, m.m.)	16	13	16	8	6	2
Jeg bruker ofte digitale kommunikasjonsverktøy (læringsplattformer, e-post, Twitter, Facebook, mobiltelefon, m.m.)	25	17	11	5	2	1

Tabell 14: Bruk av IKT i mat og helse faget.

2.7 Oppfatninger og fagsyn/praksisteori

Med Kunnskapsløftet endret faget navn fra heimkunnskap til mat og helse, og faget fikk et endret innhold. Som det fremgår av Tabell 15 så mener en stor andel av lærerne at navneendringen har styrket faget, mens 9 lærere er uenige i påstanden.

Lærerne i utvalget er enig i utsagnet om at målene i læreplanen for mat og helse er fornuftige (Tabell 15). Videre er hver femte lærer uenige i at læreplanen gir god hjelp til å planlegge undervisningen (Tabell 15). Resultatet er lite oppsiktvekkende fordi Kunnskapsløftet skiller seg fra den tidligere læreplanen, L-97, blant annet ved at den er mindre detaljert og bygger på kompetansemål som krever at den enkelte skole velger undervisningsmetoder, definerer innhold og velger virkemidler.

Om lag halvparten av lærerne rapporterer at det er utviklet lokal læreplan i mat og helse ved skolen, mens den andre halvparten av lærerne oppgir at det ikke er utviklet lokal læreplan i mat og helse på skolen (data ikke vist). Gjennom Kunnskapsløftet er den enkelte skoleeier

tillagt betydelig organisatorisk frihet og metodefrihet, og læreplanene for fag er utformet på en måte som krever lokal konkretisering.

Når halvparten av lærerne rapporterer at det ikke er utarbeidet lokal læreplan i faget, har en i stor grad overlatt konkretisering og videreutvikling av den sentralgitte læreplanen i mat og helse til enkeltlærere. Videre viser resultatene at lærerne i hovedsak rapporterer at de har endret sin undervisning etter Kunnskapsløftet (Tabell 15).

Kunnskapsløftet har et klart preg av målstyring hvor det er åpne mål framfor lukkede mål. En stor andel av lærerne er enige i at økt fokus på oppnåelse av kompetansemål vil øke elevenes læring i faget (Tabell 15). Likevel er det en betydelig gruppe lærere som er uenige i en slik påstand. Imsen ([2009](#)) hevder at målstyring er et av de mest kontroversielle tema i læreplanteorien, og uenigheten om nytten av å fokusere på kompetansemål kan i vårt materiale sies å gjenspeile ulike oppfatninger av læreplanteoretisk forståelse.

I overkant av 70 % av lærerne er enig eller svært enig i at mat og helse i Kunnskapsløftet først og fremst er et praktisk fag (Tabell 15). En slik forståelse av læreplanen synes også å gjenspeile seg i den undervisningspraksis som lærerne rapporterer (Tabell 8 og 12). Samtidig gir enkelte uttrykk for at de oppfatter det praktiske elementet som svakt i læreplanen:

Det viktigste i dette faget etter mitt syn er å lære elevene å lage god, sunn familiemat fra bunnen av. Engasjere elevene til å smake nye smaker, og kjenne gode råvarer.

Lære knivteknikk og bruk av annet kjøkkenutstyr. Inspirere elevene (og foreldrene) til å lage mat hjemme, gjerne på en fast dag. La meg være ærlig: alt det teoretisk rettede i kompetansemålene i Kunnskapsløftet virker som et skalkeskjul for å slippe å satse økonomisk på en oppreising av faget. Det er ikke slik elever blir inspirert til å lage ordentlig mat! Jeg blir trist når jeg leser Kunnskapsløftet, ikke engasjert og inspirert til å lage mat.

Lærernes oppfatning av Kunnskapsløftet	Grad av enighet						
	Svært uenig	Uenig	Litt uenig	Litt enig	Enig	Svært enig	Kan ikke svare
Målene i mat og helseplanen er fornuftige	1	0	3	7	39	10	1
Mat og helseplanen gir meg god hjelp til å planlegge undervisningen	2	1	10	12	21	13	2
Jeg mener navneendringen fra heimkunnskap til mat og helse har styrket faget	2	1	6	14	18	14	6
Økt fokus på oppnåelse av kompetanse mål vil svekke elevenes motivasjon i faget	6	16	14	10	9	2	4
Jeg har endret min undervisning etter Kunnskapsløftet	3	1	2	14	22	5	14
Økt fokus på oppnåelse av kompetanse mål vil øke elevenes læring i faget	3	2	11	12	21	7	5
Mat og helsefaget er først og fremst et praktisk fag	0	1	2	6	18	30	4
Mat og helsefaget skal først og fremst fokusere på sunnhet og helse	0	2	5	15	23	13	3
Mat og helsefaget skal først og fremst bidra til en god norsk mattradisjon	2	6	11	17	18	6	1

Tabell 15: Lærernes grad av tilslutning til ulike utsagn knyttet til Kunnskapsløftet.


Med Kunnskapsløftet kom også innføringen av de fem grunnleggende ferdighetene. Tabell 16 viser i hvor stor grad lærerne mener de grunnleggende ferdighetene er viktige for elevenes

læring i faget. Når de tre grunnleggende ferdighetene å lese, regne og uttrykke seg muntlig av lærerne anses å være de viktigste grunnleggende ferdighetene for læring i faget, kan vi se at dette i stor grad er forbundet med den dominerende læringsaktiviteten i faget, løsning av klart definerte oppgaver, f.eks. lage mat etter oppskrifter (Tabell 13). For å kunne lage mat etter oppskrifter må eleven ha både kompetanse i lesing og regning. Når muntlig fremheves som viktig av lærerne kan dette i stor grad knyttes til en lang tradisjon i faget ved at elevene samarbeider om å løse praktiske oppgaver i faget ([Wilhelmsen & Holthe, 2009](#)). Til tross for at løsning av skriftlige oppgaver synes å være brukt en god del i faget, rapporterer lærerne ikke at det å kunne uttrykke seg skriftlig som spesielt viktig for læring i faget. Når digital kompetanse ikke oppgis å være spesielt viktig for læring i faget, kan trolig knyttes til dem begrensete tilgangen til digitale hjelpebidrifter i undervisningen (Tabell 6).

Viktigheten av grunnleggende ferdigheter	Grad av viktighet			
	Svært viktig	Meget viktig	Viktig	Lite viktig
Kunne lese	39	14	7	2
Kunne uttrykke seg skriftlig	7	12	22	21
Kunne regne	27	24	10	1
Kunne bruke digitale verktøy	7	9	24	22
Kunne uttrykke seg muntlig	24	18	18	3

Tabell 16: Viktighet av grunnleggende ferdigheter er for elevenes læring i mat og helse.

Som det fremgår av Figur 6 opplever lærerne i hovedsak at kolleger, rektor og skoleeier er positive til mat og helsefaget. De synes å oppleve rektor og kolleger som mer positive til faget, enn skoleeier. Tilsvarende funn er også rapportert i en annen studie der lærerne i praktisk-estetiske fag opplevde at lærere og rektorer var mer positive til fagene enn skoleeier. En mulig forklaring på dette er at lærerne i liten grad opplever at skoleeiere har prioritert de praktisk-estetiske fagene ([Holthe et al., 2013](#)).



Figur 6: Kollegaers, rektors og skoleeiers holdninger til mat og helse faget.

3.0 Oppsummering

Resultatene viser at mat og helselærerne på barnetrinnet har lav formalkompetanse i faget og kort undervisningserfaring i faget. Lærerne selv synes at de har høy kompetanse i å planlegge, gjennomføre og vurdere opplæringen i faget, og høy kompetanse innen fagets hovedområder. Når lærerne selv opplever at de er kompetente kan dette trolig forklares med at de vurderer egne erfaringer som svært relevante for undervisning i faget.

Resultatene viser at undervisningen i stor grad er lagt til eget spesialrom, undervisningskjøkkenet, som på flere av skolene mangler nødvendig utstyr for praktisk kjøkkenarbeid, AV-utstyr og PC –er. Dette kan indikere at skoler mangler nødvendige forutsetninger for å tilby en læreplanrelatert opplæring.

På barnetrinnet fremstår opplæringen i mat og helse som et praktisk fag, med sterkt lærerstyring. Læreplanens fokus på det kreative og skapende fremstår som mindre tydelig i opplæringen. Videre mener lærerne i utvalget at de grunnleggende ferdighetene å lese, regne og uttrykke seg muntlig er de viktigste grunnleggende ferdighetene for læring faget. Funnene kan indikere at det er et sterkt fokus på aktiviteter og i mindre grad fokus på læring, noe som gjenspeiler seg i en svak vurderingskultur i faget.

Referanser

- Helsedirektoratet. (2012). Sluttrapport Handlingsplan for bedre kosthold i befolkningen 2007-2011 Rapport. Oslo: Helsedirektoratet.
- Holthe, A. (2009). Fra sentralgitt plan til lokale planer i mat og helse. I A. Holthe & B. U. Wilhelmsen (Red.), Mat og helse i skolen: en fagdidaktisk innføring (s. 23-35). Bergen: Fagbokforlaget.
- Holthe, A., Hallås, O., Styve, E. T., & Vindenes, N. (2013). Rammefaktorenes betydning for opplæringen i de praktisk-estetiske fagene - en casestudie (innsendt).
- Imsen, G. (2009). Lærerens verden: innføring i generell didaktikk. Oslo: Universitetsforlaget.
- Lagerstrøm, B. O. (2007). Kompetanse i grunnskolen. Hovedresultater 2005/2006. Rapporter. Nr. 21: Statistisk sentralbyrå.
- Løvaas, G. T. (2009). Undervisningskjøkkenet: eget fagrom eller rom for flerbruk? I A. Holthe & B. U. Wilhelmsen (Red.), Mat og helse i skolen - en fagdidaktisk innføring (s. 301-315). Bergen: Fagbokforlaget.
- Nasjonalt råd for ernæring. (2011). Kostråd for å fremme folkehelsen og forebygge kroniske sykdommer: metodologi og vitenskapelig kunnskapsbidrag. Oslo: Helsedirektoratet.
- Rundskriv Udir-01-2011: Kunnskapsløftet - om fag- og timefordelingen for grunnopplæringen og tilbudsstrukturen i videregående opplæring, 1-2011. Hentet fra:
- Wilhelmsen, B. U., & Holthe, A. (2009). Elevaktiv læring med muntlig i mat og helse. I H. Traavik, O. Hallås & A. Ørvig (Red.), Grunnleggende ferdigheter i alle fag (s. 242-258). Oslo: Universitetsforlaget.

Kap. 5

Musikkfaget på barnesteget- eit redusert musikkfag?

1.0 Innleiing

Denne delen av rapporten presenterer resultat frå musikkdelen av Skolefagsundersøkelsen 2011. Musikkfaget er eit lite fag på barnesteget i grunnskolen der timane er fordelt på alle steg, 1.-7. Spørjeskjemaet for musikkdelen har spørsmål om ei rekke sider ved musikkfaget: eigen undervisningserfaring, informantane si vurdering av eigen praktisk fagkompetanse, rammevilkår for faget ved eigen skule, organiseringssformer i faget, prioritering av innhald, aktivitetar og arbeidsformer i faget, bruk av IKT og om oppfattingar og fagsyn knytt til musikkfaget på barnesteget.

Gjeldande læreplan i faget (LK06, Kunnskapsløftet) spesifiserer hovudområda lytting, musisering og komponering. Som dei fleste andre skulefag har fagplanen eksplisitte formuleringar knytt til kompetansemål på 2., 4. og 7. steg. Læreplanen var eit viktig utgangspunkt for utforming av spørsmåla i spørjeskjemaet. I tillegg var spørsmåla basert på vår samla kjennskap til praksisfeltet og til fagdidaktikken i faget. Slike vurderingar vil alltid vera subjektive, t.d. med tanke på spørsmåla om korleis lærarane opplever arbeid med tilrettelegging av undervisning innanfor ulike delar av musikkfaget. Spørsmåla våre i denne gruppa er difor ikkje berre relatert til kompetansemål og faget sine hovudområde, men også valt ut frå vår fagdidaktiske kunnskap og kunnskap om lærarutdanning. Slike utvalsvurderingar er i enno større grad relevante for tilhøve som ikkje er omtalt i læreplanteksten, t.d. spørsmål om rammevilkår i form av utstyr og fasilitetar knytt til musikkundervising.

I tråd med god spørjeskjemapraksis har me i hovudsak nytta Likert-skala med seks ulike avkryssingsalternativ, t.d. graden av vektlegging av ein bestemt aktivitet i undervisninga frå ”ikkje vektlagt” til ”svært mykje vektlagt”. Slike inndelingar kan lett bli ei tvangstrøye og må både tilpassast til det me spør om og utformast slik at det framstår som meiningsfullt og inviterande. Me har prøvd å bøta på dette ved å ha færre svaralternativ i nokre spørsmålsgrupper og ved å gje rom for opne svaralternativ i kvar spørsmålsgruppe der lærarane kan fylla skjemaet med eigne ord. Desse frie tekstsvara er til dels omfattande og vil bli relatert til dei kvantitative funna. Strukturelt sett vil presentasjonen av funn i denne fagrapporten i hovudsak følgja oppbygginga av spørjeskjemaet.


2.0 Frekvensbaserte funn

Denne undersøkinga er i hovudsak ei kartleggingsundersøking. Funn knytt til frekvens og førekomst er difor ein viktig type funn, der føremålet er å gje lesarane konkret kunnskap om korleis musikklærarar opplever skulekvardagen sin. Underveis i rapporten og til slutt har me sett funna inn ein drøftande kontekst. Me har lagt stor vekt på å visa skilnader og likskapar mellom musikklærarpraksis på dei to hovudstega 1- 4 og 5- 7.

2.1 Undervisingserfaring og utdanningsbakgrunn

Det er 101 kvinner og 39 menn i utvalet som har svart. Av dei 140 som har valt å svara for musikkfaget er det 99 som har allmennlærarutdanning, 27 faglærarutdanning, 8 har Fag + PPU og 16 har førskuleutdanning. Berre 3 personar har ingen pedagogisk utdanning.

Dei fleste av musikklærarane på barnesteget underviser 1-2 timer i musikk per veke. Figuren under syner at det er fleire av lærarane på 5.-7. steg som har meir enn 2 timer musikk i veka, noko som tilseier at desse har meir undervising i faget enn sine kollegaer på 1.-4. steg.



Figur 1: Tal på undervisingstimer per veke for 1.-4. og 5.-7.steg.

Dette syner at informantgruppa vår som venta har allmennlærarutdanning som dominerande bakgrunn. Fordelinga av undervisning stemmer godt med inntrykket av eit barnesteg der klasselæraren dominerer, også når det gjeld musikkfaget. Det er likevel grunn til å merka seg

at talet faglærarar i informantgruppa ikkje er ubetydeleg og at fleire av lærarane har meir enn 12 timer musikk i veka.

Informantgruppa vår er ei erfaren lærargruppe. Av Tabell 1 går det fram at berre 3 % av lærarane har undervist mindre enn eitt år. Heile 58 % av dei 140 lærarane har undervist meir enn 10 år.


Bakgrunn: Hvor mange år har du undervist i grunnskolen?	
Svaralternativ	Prosent
Mindre enn 1 år	3 %
1-3 år	18 %
4-6 år	10 %
7-9 år	11 %
10-15 år	21,5 %
Mer enn 15 år	36,5 %
Total	100,0 %

Tabell 1: Tal på år lærarane har undervist i grunnskulen.

2.2 Praktisk kompetanse

Praktisk kompetanse er undersøkt i tilknyting til spørsmål om i kva for grad lærarar har vanskar med ulike musikkaktivitetar i klassen eller i førebuingar til slike aktivitetar. Dei kryssa av for eitt av alternativa på ein skala frå 6= *ingen vansker* til 1= *kan ikke gjennomføre*. Lista over konkrete kompetansar det er spurt om, er ikkje uttømande, men dekker grunnleggande kompetansar ein kan forventa at ein musikklærar treng. Som før nemnt er konkretiseringane av aktivitetar slik dei kjem fram av figuren nedanfor, eit uttrykk både for vår tolking av læreplanen i musikk og vår profesjonelle kjennskap til musikkfaget på barnesteget. I tillegg er spørsmålet og den konkrete lista over kompetansar eit uttrykk for vår vurdering av kva som fagleg sett kan vera spesielt utfordrande for musikklærarar som har lite utdanning i faget. Eit døme på slike vurderingar er t.d. at spørsmål om musikklytting ikkje er konkretisert. Dette er basert på ei vurdering av at det er mindre krevjande fagleg sett å arbeida med musikklytting i ein klasse enn å leggja til rette for komponeringsaktivitetar eller samspel.

Slike vurderingar er høgst diskutable, men likevel naudsynte å gjera her fordi ei slik aktivitetsliste i eit spørjeskjema må presenterast i ei konkret form og med eit rimeleg omfang. Det er i tillegg også eit godt grunnlag for å leita etter skilnader og likskapar mellom lærarar på dei ulike trinna og lærarar med ulik utdanningsbakgrunn.



Figur 2: Vurdering av eigen praktiske kompetanse delt i steg 1-4 og 5-7. Skala: 1=Kan ikke gjennomføre, 2=svært store vansker, 3=Store vansker, 4= En del vansker, 5= Litt vansker, 6= Ingen vansker.

Kva fellestrek kan me finna ved musikklærarar sin praktiske kompetanse?

Figur 2 ovanfor syner at det ikkje er store skilnader mellom lærarane på dei to hovudstega 1-4 og 5-7 når det gjeld vurdering av eigen praktiske kompetanse i faget knytt til tilrettelegging av undervisning. Dei fleste lærarane både på 1.-4. og 5.-7.steg har ikkje har nokon vanskar med å læra seg nye songar til bruk i klassen og laga/forenkla/legga til rette teoretisk lærestoff på sine respektive klassessteg. Dei har samla sett også berre ”litt vansker” med å legga til rette for skapande aktivitetar i heil klasse. Andre aktivitetar lærarane på dei to hovudstega har lite vanskar med, er det å gjera ”videooppptak” og ”lydopptak av elevproduksjonar”.

Her rapporterer rett nok lærarane samla sett litt større vanskar med eit snitt på ca 4,5 altså mellom ”4 - ein del vanskar” og ”5 - litt vanskar”.


For resten av dei praktiske kompetansane me etterspør i undersøkinga rapporterer lærarar på 5.-7.steg eit høgare kompetansenivå enn lærarane på 1.-4.steg. For heile 11 av dei 15 aktivitetane har lærarane på 5.-7.steget mindre vanskar enn lærarane på 1.-4.steg, men funna er heile tida innanfor kategorien litt eller ein del vanskar. Dette gjeld særleg aktivitetar knytt til ”samspill/spille til fellesaktivitet/komponering i grupper/lære nye digitale verktøy/brenne lyd-cd/arbeide med vurdering/” og i bruk av YouTube og Spotify.

Kva skilnader finst mellom lærarar sin praktiske kompetanse på stega?

”Independent samples t-test” syner at lærarane på 1.-4.steget er flinkare til å leia songaktivitet i klassen enn lærarane på 5.-7.steget ($p=.045$, gj.snitt 1-4: 5,94/ gj.snitt 5-7: 5,80). Samstundes viser denne analysen at lærarane på 5.-7.steget er flinkare til å spela til fellesaktivitet i klassen enn 1-4 lærarane ($p=.004$, gj.snitt 1-4: 4,58/ gj.snitt 5-7: 5,39). Det å legge til rette for komponeringsaktivitet i grupper er også eit område der lærarane på 5.-7.steg rapporterer betre kompetanse i ($p=.018$, gj.snitt 1-4: 4,26 / gj.snitt 5-7: 4,77).

Det statistiske grunnlaget for å stadfesta eller ikkje om utdanningsnivået for lærarane på dei to hovudstega korrelerer med denne rapporteringa, er for svakt. Det er 21 av 53 lærarar på 1.-4.steg og 15 av 75 lærarar på 5.-7.steg som har mindre enn 30 stp i musikk. Dette kan tyda på at utdanning betyr noko for lærarane si vurdering av eigen praktisk kompetanse, særleg fordi funna er tydelegare for meir fagrelaterte og nyare aktivitetar i faget som samspel og komponering. Men samla sett er skilnadene små mellom stega. Derimot kan det vera interessant å undersøkja korleis musikklærarar sitt sjølvrapporterte kompetansenivå heng saman med fagleg fordjuping uavhengig av kva steg lærarane underviser på.


Kva skilnader i praktisk kompetanse finst mellom lærarar med og utan fagfordjuping?



Figur 3: Vurdering av eigen praktiske kompetanse delt etter utdanningsdjupne. Skala: 1=Kan ikke gjennomføre, 2=svært store vansker, 3=Store vansker, 4=En del vansker, 5=Litt vansker, 6= Ingen vansker.

Denne analysen syner at mengde utdanning påverkar særleg tre av dei ulike kompetansefelta me har sett sokelyset på. Desse er evne til å brukte samspel, spela til klassen og legga til rette for komponering i grupper. Det er signifikante skilnader i gjennomsnittsskår mellom lærarar som har 30 stp eller meir og lærarar som har mindre enn 30 stp i musikk for dei nemnde kompetansefelta. Dette inntrykket vert samstundes forsterka av ein bivariat korrelasjonsanalyse, som syner at det er positive samanhengar når det gjeld mengde utdanning og variablane ”forberede og organisere samspill” ($r=.230$), ”Spille til fellesaktiviteter i klassen” ($r=.312$) og ”Legge til rette for komponeringsaktivitet i elevgrupper” ($r=.412$).

Det neste spørsmålet som melder seg er om det finst skilnader mellom lærarane som rapporterer høg praktisk kompetanse innan dei ulike felta. Er det slik at formell utdanning har mindre å sei for somme kompetansar?



Figur 4: Prosent av lærarar med 30 stp eller meir i musikk og lærarar som har mindre enn 30 stp i musikk, som har svara "ingen vansker" for dei ulike praktiske kompetansane.

Denne figuren viser at mengd utdanning er avgjerande og gjennomgåande for opplevinga av å meistra dei praktiske sidene ved musikkfaget på barnesteget. Dei kompetansane som dette har minst utslag på er ”å lede sangaktivitet i klassen” og ”bruk av YouTube”. Eitt tydeleg funn er også at ”komponeringsaktivitet i elevgrupper” synest å vera det vanskelegaste for dei lærarane som har mindre enn 30 stp i musikkfordjuping (berre 8,1 % har ingen vanskar med dette). Det same kan seiast om det å ”forberede og organisere samspill”, der berre 21,6 % av lærarane med mindre enn 30 stp rapporterer høg kompetanse. Dermed ser det ut til at materialet gjev grunnlag for å hevda at manglande fagleg fordjuping ser ut til særleg å gå utover samspel og komponering.

Funna knytte til lærarane si sjølvrapportering av eigen praktisk kompetanse er av overraskande positiv art. Det er svært få som samla sett rapporterer om vesentlege vanskar

med tilrettelegging av fagaktivitetar i undervisning som krev praktisk kompetanse. Me kan ikkje gje noko fullgodt svar på kvifor lærarane rapporterer så få vanskår i denne avkryssingsdelen av undersøkinga. Dette stemmer, som me såg på i kapt.1 av denne rapporten, ikkje heilt med det generelle nivået for utdanningsdjupne i faget sett ut frå tanken om at jo meir utdanning, jo færre vanskår knytt til praktisk kompetanse. I vår informantgruppe fann me at berre 21 % av lærarane samla sett hadde utdanning på 30 stp eller meir enn i faget, og dette er i samsvar med andre undersøkingar (Lagerstrøm, 2007).

I den opne delen av dette spørsmålsettet bad me lærarane beskrive aspekt knytt til tilrettelegging av eiga musikkundervisning som dei opplevde som lett eller vanskeleg, og som ikkje var er nemnd i avkryssingsalternativa. Dersom me ser på desse tekstsvara frå informantane blir biletet litt meir nyansert. Nokre innrømmer indirekte at dei ikkje er ukjent med å ha vanskår, men at dei finn sin måte å omgå vanskane på eller knyter vanskane til rammevilkår for faget og klasseromsarbeidet:

"Skal ha praksisstudentar som har fordjupning i musikk. Samlar opp musikktimar til dei, og har difor ikkje hatt så mange musikktimar enda. Det er også mange år sidan sist eg underviste i musikk. Å syngje songar gjer vi utanom musikktimane." (nr.524, kvinne 40-49 år, 1 musikktimes, 30 stp eller mindre i musikk)

"Musikk er mangt og det er viktig å kunne spille instrumenter og kunne noter. Jeg kan ikke noter og kan spille litt gitar og keyboard" (nr.153, kvinne, 40-49 år, 0 musikktimar, 30 stp eller mindre i musikk)

Andre knyter vanskår til spørsmål om organisering:

"Å forberede og organisere samspill uten lokale/fasiliteter er vanskelig. Ikke eget musikkrom og må bære alt fra rom til rom. Mangel på instrumenter og materiell." (nr. 118, mann, 30-39 år, 15 musikktimar, meir enn 30 sp i musikk)

"...det vanskelige er at gruppene som skal undervises er så store at det er vanskelig å aktivisere alle på en gang....." (nr. 567, kvinne, 40-49 år, 3 musikktimar, meir enn 30 sp i musikk)

Andre igjen knyter vanskår til spørsmålet om disiplin og ro og store grupper, og ikkje til fagdidaktiske spørsmål og spørsmål om eigen tilretteleggingskompetanse i faget.

"Det vanskeligste er å holde ro i praktiske fag generelt.... "(nr.574, kvinne, 40-49 år, 2 musikktimar i veka, 30 sp eller mindre i musikk)

"Man er ofte alene med en hel klasse. Det begrenser av og til mulighetene.... "(nr.138, mann, 40-49 år, 12 musikktimar, meir enn 30 sp musikk)

"Den største utfordringen er elevtallet, hadde vært bedre å ha maks 12 elever (halv klasse)"(nr. 586, mann, 30-39 år, 4 musikktimar, meir enn 30 sp musikk)

"Store grupper når det skal komponeres, er svært vanskelig.... "(nr. 142, mann, 40-49 år, 14 musikktimar, meir enn 30 sp)

"Den største utfordringen mtp musikkundervisningen er for store elevgrupper. På vår skole blir det ikke prioritert delingstimer i musikk..."(nr. 147, mann, 40-49 år, 4 musikktimar, meir enn 30 spstp musikk)


Desse tekstsvara representerer ein gjennomgåande problematikk knytt til musikkundervising i heile klassar/store elevgrupper. Lærarane er samstemde i at store elevgrupper avgrensar høvet dei har til å aktivisera alle elevane innanfor kreative sider ved musikkfaget.

Det kan synast påfallande at sjølvrapporteringa om eigen kompetanse i svært liten grad omtalar mangel på utdanning i faget. Det er likevel ikkje eit ukjent fenomen sett i lys av forsking om truverdet i lærarar si sjølvrapportering i slike undersøkingar. Delar av forskingslitteraturen om sjølvrapportering hevdar at slike rapportar ikkje har stort truverd og at lærarane relaterer seg relativt til ulike funksjons- og kvalitetsnivå og ikkje til eit forventa læreplandefinert kvalitetsnivå (Goodlad & Ammons, 1979). Me har ikkje grunnlag for å hevda at lærarane sine opplysningar ikkje er til å stola på i denne undersøkinga. Me opplever vanskane som blir rapportert som truverdige. Når det gjeld spørsmålet om kvalitetsnivå og manglande utdanning trur me lærarane opplever læreplanverket si beskriving av skulefaget som relativt generell og lite konkret og at dette gir rom for utvikling av ulike typar kvalitetsnormer i praksisfeltet. Me vil tru det er dette lærarane relaterer seg til når dei skal vurdera eigen kompetanse. Kva dette kvalitetsnivået *er* i ulike samanhengar er vanskeleg å seia noko generelt om, anna enn at eit generelt lågt utdanningsnivå i faget truleg vil gjera det vanskeleg å oppnå eit høgt kompetansenivå for elevane gjennom lærarane si undervising.

2.3 Rammevilkår

Spørsmåla knytte til rammevilkår inneheld også konkretiseringar av utstyr og fasilitetar. Dei same atterhalda som me omtalte for den førre spørsmålsgruppa, med omsyn til konkretiseringane i svaralternativa i figuren nedanfor, gjeld også her. Konkretiseringane gjev seg ikkje ut for å gje eit samla bilet av kva for utstyr og fasilitetar som finst på barnesteget i grunnskulen. I denne spørsmålsgruppa var alternativa organisert etter ein firedele Likert-skala: 1=ikke tilgang, 2= liten tilgang, 3= tilgang av og til, og 4=alltid tilgang. Også her bad me lærarane med eigne ord skissera aspekt knytt til rom og utstyr som dei meiner er avgjerande for kvaliteten i arbeidet og som ikkje er nemnd i avkryssingsalternativa.

Frekvensanalysar syner at berre 41% av informantane *alltid* har tilgang på eit musikkrom, medan så mykje som 24,3 % ikkje har tilgang til dette i det heile. Grupperom i tilknyting til musikkrommet finst det berre jamnleg tilgang til i liten grad: 20 % svarer at dei *alltid* har tilgang til dette og på 1.-4.steget er hovudinntrykket at lærarane har *liten tilgang* til slike rom.



Figur 5: Tilgang til utstyr, 1-4 og 5.-7. steg. Skala: 1=ikke tilgang, 2=liten tilgang, 3=tilgang av og til, 4=alltid tilgang.

Figur 5 ovafor syner at gitar, piano og Orff-instrument er relativt lett tilgjengelege for dei fleste, men ikkje for alle. Hovudinntrykket elles er at musikkundervisinga på barnesteget i hovudsak går føre seg i klassen sitt eige klasserom, sjølv om mange også rapporterer at dei har tilgang til musikkrom ”av og til”. Det er liten tilgang til datalabbar, men desto meir tilgang til berbare PC-ar, dvs. tilgang av og til. Trådlauast internett er også tilgjengeleg i relativt stor grad, omtrent på same nivå som prosjektor/videokanon. Det er også eit noko overraskande funn at mange lærarar rapporterer at dei har tilgang til smartboard ”av og til”.

Det er elles eit påfallande trekk at skilnadane mellom 1.-4. og 5.-7. stega er større for rammevilkår knytt til utstyr enn for den forrige spørsmålsgruppa knytt til vurderinga av eigen praktiske kompetanse. Skilnadene er særleg påfallande for tilgang til instrument som piano, keyboard, el-bass, el-gitar og trommesett. Dette kan truleg eit stykke på veg forklara noko av skilnadene i tilgangen på musikkrom, men ikkje fullt ut.

Funna i denne delen av undersøkinga stadfestar oppfattinga av at musikkundervisinga på barnesteget i hovudsak går føre seg i klassen sitt eige klasserom, og i langt mindre grad i eit dedikert musikkrom. Sjølv om bruken av musikkrom ser ut til å vera noko større på 5.-7.steget der musikkfaget har større plass på timeplanen, er skilnadane relativt små. Dette funnet kan likevel balanserast av funn som tyder på at 5.-7.steget er langt betre skodd med tanke på moderne musikkutstyr som el-bass, trommesett osv. Det er også eit noko overraskande funn at tilgangen til teknologi synes å vera relativt god, men gjennomsnittstal nær 3,0 (”av og til”) for fleire av teknologivariablane.

Tekstsvara til lærarane stadfestar funnet om musikkfaget på barnesteget som eit ”klasseromsfag” og ikkje eit ”spesialromsfag”. Dette utsagnet frå ein av informantane forklarer dette på ein nokså pragmatisk måte:

”I 3.klasse har vi bare 1 time musikk i uka som gjør at vi ikke vil bruke tiden på å flytte oss til rom hvor vi kan gjøre lydopptak osv.”(nr.520, kvinne, 20-29 år, 2 musikktimar, meir enn 30 spstyp musikk)

Og

”mine erfaringer er at det beste for de yngste elevene er å bruke klasserommet.”(nr.525, kvinne, 40-49 år, 2 musikktimar, meir enn 30 sp musikk)

Me finn også svar som er døme på at musikkfaget ikkje er tilgodesett med spesielle og tilrettelagde tilhøve og at det må tilpassa seg det som til ei kvar tid er tilgjengeleg:

"Vi har ikke musikkrom, og må ha all musikkundervisning i gymsalen, hvilket kolliderer med annen gymsalbruk. Vi har heller ikke godt utstyr til musikk, eller lagerplass." (nr. 557, kvinne, 50-59 år, 3 musikktimar, meir enn 30 sp musikk)

Det er også fleire lærarar som rapporterer at skulen sitt samarbeid med friviljuge aktivitetar skaper utfordringar for tilrettelegging av musikkfaget i form av rom og utstyr, og at lærarar brukar sitt personlege utstyr for å bøta på manglar:

"Nesten alt av utstyr deles med musikkorpset og må ryddes på plass etter bruk. Dette tar tid fra undervisningen. Rommet vi bruker er gymsalen og scena. Drømmen er å ha et eget musikkrom der alt kan stå klart til bruk..." (nr. 567, kvinne, 40-49 år, 3 musikktimar, meir enn 30 sp musikk)

"Bruker mine personlige instrumenter og digitale teknologi til bruk i undervisning for å gi kvalitet til elevene. Medfører slitasje som jeg selv må dekke økonomisk. Uten dette bidrag ville musikkundervisningen på skolen vært av dårlig kvalitet" (nr. 118, mann, 30-39 år, 15 musikktimar, meir enn 30 sp musikk)


Behovet for dedikert plass for musikkfaget kjem særleg tydeleg fram når lærarane rapporterer om danseaktivitetar i faget. Sjølv om dans ikkje lenger er eit eige hovudemne i musikk, så er dans og rørsle ein viktig del av faget og som gjev heilt spesielle utfordringar i ein klasseromskontekst. Dette kjem fram i fleire samanhengar og blir godt oppsummert i dette tekstsvarat:

"Mulighet for dans er et stort problem. Gymsalen er forbeholdt gymtimer, og rektor mener ikke musikk er et fag som skal tilgodeses med danseplass selv om det står i planen at de skal danse. Dermed er vi avhengig av muligheten til å rydde vakk pulter for å danse, noe som gjør det vanskelig. Det fører og til at jeg danser mindre med dem enn jeg ville. Enkelte år er musikkrommet brukt som klasserom, og da får musikkfaget bare tilgang når det er ledig, dvs. i bare noen av musikktimene. Jeg mener det er avgjørende at man har et velutstyrt musikkrom disponibelt til alle musikktimer der det også er plass til dans." (nr. 563, kvinne, 50-59 år, 8 musikktimar, meir enn 30 stp musikk)

Samla sett gir denne delen av undersøkinga oss eit inntrykk av at lærarane tilpassar seg faget sin låge status i form av tildelt tid og i form av spesifikke utstyrssbehov. Inntrykket av at faget er eit ”klasseromsfag” heller enn eit ”spesialromsfag” er gjennomgåande og tydeleg. Det er difor ikkje urimeleg å forventa at faget blir prega av ei slik rolle, t.d. ved at det i større grad enn det er tilslukta i læreplanverket blir eit songfag og eit fag som får preg av å vera eit metodefag. Me vil ikkje med dette seia at god musikkundervisning ikkje kan finna stad i eit vanleg klasserom. Men det avgrensar aktivitetane og reduserer vala ein lærar til ei kvar tid har. Funn i kapittel 1 av denne rapporten konkluderer med at lærarane si haldning til musikkfaget er svært positiv, også til å bruka faget som metode, men at graden av slik bruk er relativt låg. Det totale biletet av faget på barnesteget kan difor sjå ut for at me ser konturane av eit ’redusert’ musikkfag, ikkje nødvendigvis i timeomfang sett i høve til tidlegare læreplanperiodar, men i høve til kva for sider av faget som blir realisert og med tanke på kva for status faget har i form av konkret tilrettelegging av rom og utstyr. Dette skal me sjå nærare på seinare i rapporten.

2.4 Organiseringsformer - ytre og indre

Spørsmål om kva for organiseringsformer som blir nytta for musikkfaget spenner frå spørsmål om korleis faget blir fordelt og organisert timeplanmessig til om det er utarbeidd lokale læreplanar i faget (ytre organisering), og til spørsmål om bruk av prøver, tverrfagleg arbeid, framsyningar m.m. (indre organisering). Spørsmåla knytt til ytre organisering var utforma som 13 utsegner respondentane skulle kryssa av med ’stemmer’ (=1), ’stemmer av og til’ (=2), ’stemmer som oftest’ (=3), og ’stemmer’ (=4). Funna knytt til dei 13 utsegnene er vist i figuren nedanfor for 1.-4.steget og 5.-7.steget kvar for seg.



Figur 6: Organiseringsformer på 1.-4. og 5.-7. steg. Skala:1=Stemmer ikke, 2=Stemmer av og til, 3=Stemmer oftest, 4=Stemmer.

Ein inspeksjon av datamaterialet syner at undervising i hovudsak er organisert på ”tradisjonelt vis” i form av timar kvar veke, av ein lærar til heile klassar og at lærarane i hovudsak arbeider individuelt med førebuing og tilrettelegging av faget. Det er i tillegg nokså stort samsvar i denne praksisen mellom dei to hovudstega, men med ein liten tendens til mindre einelæraransvar på 1- 4 steget. Den største skilnaden mellom hovudstega synes å vera knytt til ”utvikling av lokal læreplan” som i vesentleg større grad førekjem på 5.-7.steget.

Det kan elles vera grunn til å merka seg at undervising sjeldan blir tilbydd til elevgrupper på tvers av klassar og/eller klassestrinn, at musikklærarane berre sjeldan eller av og til arbeider i team, og at musikkundervisinga berre av og til er strukturert som kurs. Det siste er litt meir vanleg på 5.-7.steget enn på 1.-4.

Vurdering av ytre organisering


Også denne delen av undersøkinga stadfester inntrykket av den einsame musikklæraren, eller klasselæraren som har musikk, med jamn undervisning frå veke til veke, og stort sett med eineansvar for kva som skal gå føre seg. Det er påfallande at det er såpass stor skilnad mellom 1-4 og 5.-7. stega når det gjeld utvikling av ein lokal læreplan for musikkundervisning. På 1-4 er 'gjennomsnitt' så låg som 1, 9 (2= stemmer av og til) mot 2, 8 (3= stemmer som oftest) for dette spørsmålet. Rett nok er tida til musikkundervisning vesentleg større på 5.-7.steget, men dette skulle ikkje frita skulen og lærarane for å ha utarbeidd ein lokal plan for innhald, organisering og prosesjon i musikkfaget. Utan ein slik plan er det stor fare for at faget blir ei rekke av usamanhengande aktiviteter der metode og "cosy arts" (Bamford, 2012) -preget blir det som er mest iaugefallande. Denne 'faglege' biten av musikkfaget synes å vera noko betre ivareteken på 5.-7.steget, noko me m.a. kan sjå av 'gjennomsnitt' på svara på utsagnet '*Musikkundervisningen er strukturert innholdsmessig som kurs i ulike ferdigheter og emner i musikkfaget*'. Her er talet for 5.-7.steget 2,45, mens det er 2,0 for 1.-4.steget. Som 'gjennomsnitt' viser er dette uttrykk for signifikante skilnader i funn for dei to stega.

2.4.1 Spørsmål knytte til "indre organisering i faget"

Svaralternativa på spørsmåla om det me her har kalla 'indre organisering' vart utforma som ein 6 delt Likert-skala der informantane kunne kryssa av for "ikke vektlagt" (=1) til 'svært mye veklagt' (= 6). Variablane me bad om svar på var som følgjer:
'Lede fellesundervisning; Veilede elever; Organisere undervisningen i tverrfaglige prosjekt; Bruke prøver; Arrangere elevkonserter og forestillinger; Bruke lekser; Bruke elevenes bakgrunnskunnskap og musikalske ferdigheter; og 'Legge til rette for at elever får drive egenvurdering".

Desse sidene ved musikkundervisinga har me omtalt som 'indre organisering' fordi dei seier

noko om korleis læraren organiserer arbeidet *innanfor* rammene av faget, både med tanke på leiing og rettleiing av elevane, og kva for tiltak og verkemiddel ein tek i bruk for driva det indre arbeidet i skolefaget.



Figur 7: Læraren si vektlegging i eiga undervising på steg 1-4 og 5-7. Skala: 1=Ikke vektlagt, 2=Svært lite vektlagt, 3=Lite vektlagt, 4=Noko vektlagt, 5=Mykje vektlagt, 6=Svært mykje vektlagt.

Figuren ovanfor viser at lærarane brukar og legg stor vekt på leiing av fellesundervisning i faget. Det er ikkje eit uventa funn, særleg med tanke på at songdelen av faget synes å ha ein viktig plass. Funn i denne delen stadfester at faget ikkje i særleg grad blir organisert i form av tverrfaglege prosjekt då dette er lite vektlagt på begge hovudstega med ein snittverdi på ca. 3.0. Unnataket synes å vera bruken av elevkonsertar og framsyningar som er mykje vektlagt på begge hovudtrinna. Det er elles grunn å leggja merke til at både bruk av lekser og bruk av prøvar er svært lite vektlagt på 1.-4.steget.

Det er nokre klare skilnader mellom dei to hovudstega når det gjeld 'indre organisering'. Dei største skilnadene finn me på variablane knytte til bruk av prøver, bruk av elevane sin bakgrunnskunnskap og musikalske dugleikar, og bruk av elevars eigenvurdering. Alle desse variablane er sterkare vektlagde på 5.-7.steget.


2.5 Innhold, aktivitetar og arbeidsformer i faget

Musikkfaget i grunnskulen er beskrive innanfor dei tre hovudemna lytting, musisering og komponering. Kvart hovudemne og dei tilhøyrande kompetansemåla reflekterer denne hovudinndelinga og utgjer det ein vanlegvis vil kalla 'innhaldet' i faget. Utforminga av spørsmåla til lærarane for denne delen av undersøkinga vart likevel litt av ei utfordring for forskargruppa. Korleis skulle me få konkretisert faget tilstrekkeleg slik at det vart forståeleg i skjemaet, og korleis skulle me dekka behovet for å skilja mellom teoretiske emne, praktiske aktivitetar og arbeidsformer i faget? I tillegg kom vurderingane knytt til vår kjennskap til læreplanen, det fagdidaktiske feltet og til vår kunnskap og erfaring frå klasserommet.

Me valde ei utforming der me i hovudsak bygde spørsmåla på formuleringane i kompetansemåla på 2, 4, og 7 trinnet, men med nokre tillegg som me var nokså sikre på at lærarar på barnesteget hadde som del av lærarpraksisen sin, t.d. spørsmål om blokkfløyte, gitar og noteteori. Denne spørsmålsgruppa kalla me 'innhald og aktiviteter' for å tydeleggjera det sterke aktivitetspreget til faget. I tillegg laga me ei spesiell spørsmålsgruppe knytt til improvisasjon, komponering og utforsking som me var særleg interesserte i å få kunnskap om. Denne gruppa refererer i hovudsak tilbake til eit omgrep som har vore sentralt i planverket sidan 1974 planen, nemleg 'skapande aktivitet' og som sidan 1997 planen er tydeleggjort i hovudemnet 'komponering'. Me sette denne spørsmålsgruppa inn i ei ramme der me spør om vektlegginga av slike aktivitetar. For å skilja denne spørsmålsgruppa frå den føregåande kalla me dette for 'arbeidsformer' i faget. I det følgjande vil me handsama desse to spørsmålsgruppene kvar for seg, men sjå dei i samanheng når me knyter samla vurderingar til faget sitt innhald, aktivitetar og arbeidsformer.

2.5.1 Innhold og aktivitetar

I figuren over innhald og aktiviteter nedanfor, Figur 8, er dei ulike variablene gitt eit forkorta namn, t.d. 'innhald og aktivitetar a)'. Også her nytta me ein sekssdelt Likert-skala der informantane kunne kryssa av for 'ikkje vektlagt' (=1) til 'svært mykje vektlagt' (= 6).



Figur 8: Musikkleararar si vektlegging av innhald og aktivitetar på steg 1-4 og 5-7.
Skala: 1=ikkje vektlagt, 2=Svært lite vektlagt, 3=Lite vektlagt, 4=Noko vektlagt, 5=Mykje vektlagt, 6=Svært mykje vektlagt. Signifikante skilnader er indikert med p-verdi.

For å lesa figuren meiningsfullt må difor lesaren referera til opplistinga nedanfor for vita kva a) b) og c) og så bortetter står for.

a) Elevane deltek i leikar med eit variert repertoar av songar, rim, regler, songleikar og dansar
b) Elevane arbeider med å gi uttrykk for opplevingar med musikk gjennom språk, dramatisering, dans og bevegelse
c) Elevane speler enkle ostinat og melodiar etter gehør


d) Elevane lærer et utval norske og internasjonale folkedansar
e) Elevane lærer å spele gitar
f) Elevane gjenkjenner sentrale blåse-, strenge- og slagverkinstrument
g) Elevane synger fleirstemt i gruppe med vekt på intonasjon, klang og uttrykk
h) Elevane arbeider med å gjenkjenner musikk frå historiske hovudepokar i kunstmusikken
i) Elevane lærer noteteori
j) Elevane lærer å spele blokkfløyte

Tabell 2: Oversikt over variablar for "innhald og aktivitetar i musikkfaget".

Musikklærarane på 1.-4. og 5.-7.steg kan eit stykke på veg synast å ha ein samstemt praksis i form av at nokre aktivitetar vert ”mykje” eller ”noko vektlagt” på begge hovudtrinn. Dette gjeld a) ’leikar med eit variert repertoar av songar, rim, regler, songleikar og dansar’, som er mykje vektlagt, b) ’uttrykk for opplevingar med musikk gjennom språk, dramatisering, dans og bevegelse’ som er noko vektlagt, og d) ’lærer et utval norske og internasjonale folkedansar’ som også er noko vektlagt.

Me finn signifikante skilnader mellom dei to hovudstega når det gjeld dei andre variablane. Størst skilnad finn me for dei fire variablane e) ”lærer å spille gitar”, f) ”gjenkjenner musikk frå historiske hovudepokar i kunstmusikken”, g) ”synger fleirstemt i gruppe med vekt på intonasjon, klang og uttrykk” og i) ”Elevane lærer noteteori”. På 5.-7.steget varierer desse aktivitetane frå noko (4) til mykje (5) vektlagt, mens tilsvarende på hovudsteg 1-4 varierer frå svært lite vektlagt (gitar, 2,07) til lite vektlagt (notearbeid, 3,2). Arbeid med aktivitet f) ”gjenkjenning av sentrale instrument” er vektlagt på begge hovudsteg, men meir på 5-7 enn på 1- 4 (4,0 mot 4,5). Blokkfløyte er lite vektlagt på begge trinn i vårt materiale, men finst med eit omfang med ein gjennomsnittskår på 2,25 (1-4) og 2,9 (5-7). Det er også verdt å ta med at aktivitet d) ”spiller enkle ostinater og melodier etter gehør” er noko vektlagt på 5-7 (snitt 4,05) og noko mindre vektlagt på 1-4 (snitt 3, 5).

I analysen av svara har me også sett på om utdanningsdjupne i musikkfaget samla sett for heilt barnesteget kan sjå ut til å påverka lærarane si vektlegging av innhald og aktivitetar. Her har me berre samanlikna gruppene etter om dei har meir eller mindre enn 30sp i faget og difor ikkje skilt mellom 1.-4. og 5.-7. stega. Me har difor eit betre statistikkgrunnlag å vurdera ut frå i denne analysen der N= 92 for dei med 30 stp eller meir og N= 36 for dei med mindre enn 30 stp. Variablane me har sett på er dei same som me har gjort greie for tidlegare i dette avsnittet, a) til j):



Figur 9: Musikklærarar si vektlegging av innhald og aktivitetar etter meir eller mindre enn 30 stp utdanning i musikk. Skala: 1=Ikke vektlagt, 2=Svært lite vektlagt, 3=Lite vektlagt, 4=Noko vektlagt, 5=Mykje vektlagt, 6=Svært mykje vektlagt. Signifikante skilnader er indikert med p-verdi.

Analysen viser at lærarar med meir utdanning samla sett legg gjennomgåande større vekt på alle emne og aktivitetar i musikkfaget enn lærarar med mindre enn 30 stp i faget. Men skilnadane er ikkje signifikante for meir enn 3 av dei 10 variablane me har spurt om. Størst er skilnaden for variabel b) og e) $p=.002$, og variabel f) $p=.003$, mens for dei andre variablane kan me ikkje påvisa signifikante effektar av utdanningsdjupne i denne undersøkinga. Dersom me igjen ser på Tabell 2 ovanfor, kan me difor berre snakka om signifikant effekt av utdanningsdjupne for ”elevane arbeider med å gi uttrykk for opplevelingar med musikk gjennom språk, dramatisering, dans og bevegelse”, ”elevane lærer eit utval norske og internasjonale folkedansar”, og ”elevane lærer å spele gitar”.

Samla sett viser analysen vår at signifikante skilnader mellom 1.-4.steget og 5.-7.steget er større enn når me ser på korrelasjonar mellom ulike faktorar og heile lærargruppa. Dette er t.d. tydeleg når det gjeld korrelasjon mellom desse to lærargruppene med tanke på vektlegging av emne og aktivitetar.. Dette er i og for seg ikkje eit overraskande funn. Musikkfaget har monaleg større plass på 5.-7.steget enn på 1-4 og aktivitetane her er difor forventa både å vera fleire og med meir fagleg djupne slik det er beskrive i kompetansemåla.

Likevel er det kanskje litt overraskande at det ikkje er signifikante skilnader for blokkfløyte mellom dei to hovudstega, sjølv om denne aktivitetten er lite vektlagt, og at arbeid med songar, rim, regler, sngleikar og dansar står såpass sterkt på begge hovudstega.

Elles er det signifikante skilnadar på alle dei andre variablane og den generelle tendensen er at lærarar på 5.-7.steget vektlegg innhald og aktivitetar b-j i større grad enn 1-4 lærarane. Når det gjeld innhald og aktivitetar a-b er gjennomsnittet høgare for 1-4 enn for 5-7. (sjå Figur 8)

Når me ikkje finn klare signifikante skilnader når me korrelerer vektlegging av aktivitetar/emne mot utdanningsdjupne for heile informantgruppa, kan dette ha ei statistisk forklaring, t.d. lite utval. Men det kan også forklarast av at det norske musikkfaget har funne ei form og eit innhald som legg vekt på det tradisjonelle i form av song og leik, og der nye og meir krevjande aktivitetar som samspel og komponering ennå ikkje har funne sin plass. Andre undersøkingar av det norske musikkfaget, t.d. Johansen (2003) og Espeland & Grønsdal (2009) kan tyde på at ei slik forklaring også kan vera relevant her.

2.5.2 Skapande arbeidsformer i musikkfaget


Denne spørsmålsgruppa tok utgangspunkt i læreplanen sitt hovudemne «komponering» og kompetansemåla knytt til det. Spørsmåla kan difor sjåast på som eit konsentrat av formuleringane knytt til dette hovudemnet på 2., 4. og 7. steg. Også her bad me lærarane kryssa av for vektlegging på ein sekstdelt Likert-skala. Me konkretiserte følgjande skapande arbeidsformer:

- | |
|--|
| a) Elevene improviserer enkle stemmer og rytmer etter gehør |
| b) Elevene utforsker ulike musikalske uttrykk gjennom å improvisere med lyd og bevegelse |
| c) Elevene komponerer melodier og lydillustrasjoner til tekster og lager egne tekster til musikk |

- | |
|---|
| d) Elevene improviserer dans og bevegelse |
| e) Elevene lager egne komposisjoner |
| f) Elevene bruker grafisk notasjon til å lage skisser av komposisjonene |


Tabell 3: Oversikt over variablar for "skapande arbeidsformer i musikkfaget".

Spørsmålet me stiller i denne samanhengen er om skapande arbeidsformer vert vektlagt ulikt på dei to hovudstega. I figuren under ser ein gjennomsnittet av lærarane si vektlegging av dei ulike arbeidsformene, delt etter kva steg lærarane underviser på.



Figur 10: Gjennomsnitt av lærarar si vektlegging av skapande arbeidsformer. Skala: 1=Ikke vektlagt, 2=Svært lite vektlagt, 3=Lite vektlagt, 4=Noko vektlagt, 5=Mykje vektlagt, 6=Svært mykje vektlagt.

I analysen av svara var me særleg på jakt etter å finna kor stor del av informantane våre som brukte slike arbeidsformer i stor grad eller liten grad. I figuren nedanfor har me difor angitt kor mange prosent av informantane våre som har kryssa av for ”mykje vektlagt” og ”lite vektlagt” for dei ulike skapande arbeidsformene.



Figur 11: Prosent musikklærarar som har svara "mykje vektlagt" og "lite vektlagt" for arbeidsformer spesifisert i tabellen under:

a) Elevere improviserer enkle stemmer og rytmar etter gehør
b) Elevere utforsker ulike musikalske uttrykk gjennom å improvisere med lyd og bevegelse
c) Elevere komponerer melodier og lydillustrasjoner til tekster og lager egne tekster til musikk
d) Elevere improviserer dans og bevegelse
e) Elevere lager egne komposisjoner
f) Elevere bruker grafisk notasjon til å lage skisser av komposisjonene

Tabell 4: Oversikt over variablar for "arbeidsformer i musikkfaget".

Resultatet for analysen syner at det er stor skilnad på vektlegginga av skapande arbeidsformer for lærarane på dei to hovudstega. Bortimot 30 % av 5.-7. lærarane svarar ”mykje vektlagt” for tre av dei skapande arbeidsformene; ”Elevere improviserer enkle stemmer og rytmar etter gehør”; ”Elevere komponerer melodier og lydillustrasjoner til tekster og lager egne tekster til musikk”; ”Elevere improviserer dans og bevegelse”.

For lærarane på 1.-4.steget er tala for dei same arbeidsformene vesentleg lågare; frå 15% og ned mot 10%. Det er også stor skilnad på dei to hovudstega for ”Elevere lager egne komposisjoner” der 25 % av 5-7 lærarane svarar at dei vektlegg dette mykje, mens tilsvarande

tal for 1-4 gruppa er 9 %. Det kan også vera grunn til å merka seg at lærargruppene vektlegg ”Elevene utforsker ulike musikalske uttrykk gjennom å improvisere med lyd og bevegelse” omrent i like stor grad, ca. 23 %, og at alle lærarane arbeider svært lite med bruk av grafisk notasjon knytt til komponering.

Samla sett viser denne delen av analysen vår at signifikante skilnader mellom 1.-4.steget og 5.-7.steget er større enn når me ser på korrelasjonar mellom ulike faktorar og heile lærargruppa. Dette er t.d. tydeleg når det gjeld korrelasjon mellom desse to lærargruppene med tanke på vektlegging av emne og aktivitetar. Dette er i og for seg ikkje eit overraskande funn. Musikkfaget har monaleg større plass på 5.-7.steget enn på 1-4 og aktivitetane her er difor forventa både å vera fleire og med meir fagleg djupne slik det er beskrive i kompetansemåla. Likevel er det kanskje litt overraskande at det ikkje er signifikante skilnader for blokkfløyte mellom dei 2 hovudstega, sjølv om denne aktiviteten er lite vektlagt, og at arbeid med songar, rim, regler, songleikar og dansar står såpass sterkt på begge hovudstega.

Elles er det signifikante skilnadar på alle dei andre variablane og den generelle tendensen er at lærarar på 5.-7.steget vektlegg innhald og aktivitetar b) til j) i større grad enn 1-4 lærarane. Når det gjeld innhald og aktivitetar a) og b) er gjennomsnittet høgare for 1-4 enn for 5-7.

Funna våre for spørsmåla knytt til skapande arbeidsformer er vanskelege å tolka. Her er skilnadane relativt store mellom dei to hovudstega. Det kan forklarast av skilnader i tid til faget og det kan forklarast av at nokre av kompetansemåla på 7.steget for hovudemnet ’komponering’ er meir ’fagleg’ formulert enn for 1.-4.steget. Funnet vårt i spørsmålsgruppa om vektlegging av innhald og aktivitetar om at dette hovudemnet er lite vektlagt i heile lærargruppa, blir nyansert i denne delen av undersøkinga ved at ca. 30 % vektlegg slikt arbeid mykje. Den sikraste tolkinga synes å vera at det er store skilnader mellom skular og lærarar også når det gjeld vektlegging av skapande arbeidsformer. Nokre av lærarane sine tekstsvar kan tyda på det.

2.6 IKT i musikkfaget


I Kunnskapsløftet vart ’å kunne bruke digitale verktøy’ definert som ein grunnleggjande dugleik i alle fag, også i musikkfaget. I spørjeskjemaet for Skolefagsundersøkelsen 2011 la me difor inn to hovedtypar av spørsmål knytt til bruk av IKT i musikkfaget. Den første gruppa spørsmål dreier seg om kva for IKT baserte musikkaktivitetar lærarane legg til rette

for at elevane kan bruka, og den andre gruppa spørsmål om bruk av spesifikke IKT verktøy i undervisning eller som førebuing til undervisning. I det følgjande skal me sjå på analysar av desse to hovudgruppene spørsmål kvar for seg. I den første spørsmålsgruppa bad me informantane gje opplysningar om bruk på ein 6-delt Likert-skala frå 1= aldri til 6= svært ofte. Variablane var følgjande :

a) Elevene komponerer og gjør lydopptak ved hjelp av digitale verktøy
b) Elevene arbeider med musikkfaget innenfor en læringsplattform (f.eks. Fronter og It's Learning)
c) Elevene arbeider med uavhengige musikkpedagogiske nettressurser (nettsider, spill)
d) Elevene produserer selv musikk basert på bruk av digitale verktøy
e) Elevene bruker og arbeider med musikk lastet ned fra internett
f) Elevene bruker YouTube

Tabell 5: Oversikt over variablar for "IKT i musikkundervisinga".

Når det gjeld utval av aktivitetar gjeld det same for desse som me tidlegare har vore inne på; utvalet er gjort både på grunnlag av vår fagdidaktiske kjennskap til musikkfaget og til planverket (LK06). Figuren nedanfor viser korleis analysen slår ut når me samanliknar dei to hovudstega 1-4 og 5-7:



Figur 12: Spørsmål om kor ofte læraren legg til rette for at elevar bruker IKT i musikkundervisinga. Skala: 1=Aldri, 2=Veldig sjeldan, 3=Sjeldan, 4=Av og til, 5= Ofte, 6= Svært ofte. Signifikante skilnader er indikert med p-verdi.

For det første kan me slå fast at IKT i musikkfaget ikkje er mykje brukt i norsk barneskule. Ingen av aktivitetane det er spurt om kjem over 4 i verdi (av og til) verken på 1.-4.steget eller 5.-7.steget. For 1.-4.steget er bruksnivået gjennomgåande lågare enn for 5.-7. og for dei aller fleste aktivitetane nær ”sjeldan” eller ”aldri”. Bruk av YouTube skil seg ut frå dette bildet der bruken på steg 5-7 er på ”av og til” nivå (4) og på steg 1-4 tett opp under ”sjeldan” (3).

Årsakene til at det er slik er ikkje lett å lesa ut frå våre data, men tekstsvara for denne spørsmålsgruppa gir nokre hint som det kan vera verdt å ta med, t.d. ei forklaring som legg vekt på tekniske utfordringar:

”For å få Ikt basert undervisning til å fungere er jeg avhengig av å få programvare inn i læringsplattformen. Jeg har prøvd ulike løsninger i flere år, men det strander pga. tekniske problemer. Nå er det en stor omlegging av datasystemet i kommunen, og jeg tror vi kan få programvare nå som kan legges inn i It's Learning.” (563-kvinne, 50-59 år, 8 musikk timer, meir enn 30 sp musikk)

og

"Pga. få pc'er, og dårlig kapasitet på kommunens elevnett, lar ikke dette seg gjennomføre." (121-mann, 20-29 år, 2 musikktimar, meir enn 30 sp musikk)

Men det finst også svar som tyder på at einskildpraksisar kan leggja stor vekt på bruk av IKT i musikkfaget og at programbruken kan vera nokså avansert, t.d.

"Musikk og IKT kjøres samlet i bolker om våren, praktisk å ha et samlet fokus på dette da. De komponerer musikk for instrumenter med elever spiller på. De får prøve å spille dette etterpå. De kan lage lydrekklame for et produkt. Blir kjent med note notasjonsprogram Finale notepad og AudaCity. Skriver av melodier fra sangboka, inn i et notasjonsprogram." (580-kvinne, 50-59 år, 12 musikktimar, meir enn 30 sp i musikk)

Det samla bildet er difor at sjølv om bruken av IKT i musikkfaget på barnesteget gjennomgåande er svært moderat, så kan variasjonen mellom ulike skular og praksisar vera stor. Ut over dette gir ikkje denne spørsmålsgruppa særleg gode svar på kva som går føre seg med omsyn til bruk av IKT i musikkfaget på barnesteget. For å få meir kunnskap om dette har me gjort ein analyse der me skil mellom lærarbruk og elevbruk av IKT og der me spurde av bruk av spesifikke IKT verktøy.

Musikklærarar sin bruk av IKT-verktøy


For å finna svar på lærarane sin bruk av spesifikke IKT verktøy gjennomførte me ein "Independent samples t-test" av svara i datamaterialet der me samanlikna lærargruppene på 1.-4. og 5.-7.stega. For å vera så konkret som råd spurde me om ei rekke aktivitetar som me vurderte som relevante for lærarar sin bruk av IKT verktøy, t.d. teksthandsaming og lydredigering. For kvar aktivitet spesifiserte me eit verktøy som døme. I Figur 12 nedanfor er resultatet vist for alle aktivitetane me spurde om. Også her kan det sjølvsagt hevdast at det kunne ha vore spurt om fleire eller andre aktivitetar med spesifisering av fleire verktøy eller andre verktøy. Konkretiseringane for denne spørsmålsgruppa er i endå større grad enn for andre spørsmålsgrupper basert på vår fagdidaktiske kunnskap. Det finst ingen konkretiseringar i læreplanen (LK06) på spesifikke verktøy. I beskriving av funn og drøftinga av desse skil me mellom ålmenne IKT verktøy og fagspesifikke verktøy. Ålmenne verktøy er dataprogram som "Word" og "PowerPoint" eller læringsplattformer. Fagspesifikke verktøy er verktøy som er utforma for musikk, t.d. "iTunes" eller "Jamstudio". (Vavik m.fl., 2009).

Dei konkrete variablane me spurde om for lærarane sin bruk av IKT verktøy var følgjande:

Lærerbruk IKT verktøy a) Tekstbehandling (f. eks. Word)
Lærerbruk IKT verktøy b) Presentasjon (f. eks. PowerPoint)
Lærerbruk IKT verktøy c) Bruk av internett (f.eks. Firefox, Internet Explorer)
Lærerbruk IKT verktøy d) Lydavspilling (f. eks. Windows Media Player, iTunes, Spotify)
Lærerbruk IKT verktøy e) Lydinnspilling/opptak på mp3 opptaker
Lærerbruk IKT verktøy f) Lydredigering (for eksempel Audacity)
Lærerbruk IKT verktøy g) Remixing (for eksempel JamStudio / Ejay)

Tabell 6: Oversikt over variablane for kor ofte lærarane sjølve bruker og kor ofte dei let elevane brukta ulike IKT-verktøy:

I Figur 13 nedanfor er resultata vist som gjennomsnittsskår for kvar aktivitet med utgangspunkt i ein seksdelt Likert-skala der 1= aldri og 6= svært ofte.



Figur 5: Spørsmål om kor ofte læraren sjølv brukar ulike typar IKT-verktøy knytt til musikkundervisinga. Skala: 1-Aldri, 2-Veldig sjeldan, 3-Sjeldan, 4-Av og til, 5- Ofte, 6- Svært ofte.

Eit gjennomgåande funn er at 5-7 gruppa brukar IKT meir enn 1-4 gruppa. Skilnadene er signifikante for alle variablane og størst for ålmenne IKT verktøya som teksthandsaming og bruk av internett. For verktøy brukt til lydavspeling er skilnaden noko mindre. For alle desse tre variablane er bruken relativt høg med ein snittverdi på ca. 4 (av og til). Bruk av verktøy til lydinnspeling, lydredigering og remixing er vesentleg lågare på begge hovudtrinna med snittverdiar frå ca. 2 (sjeldan) for 5.-7.steget og under 2 og 1,5 for 1.-4.steget. Funna viser klart at fagspesifikke verktøy er mindre brukt enn ålmenne verktøy og at bruken på 1.-4.steget er vesentleg lågare enn på 5.-7.steget.

Funna i denne spørsmålsgruppa stadfestar inntrykket av at bruk av IKT-verktøy samla sett er svært beskjeden på barnesteget. Som venta er bruken noko høgare på 5.-7.steget enn på 1.-4. Det er heller ikkje uventa at bruken av ålmenne verktøy som Word og PowerPoint er vesentleg høgare enn bruken av fagspesifikke verktøy. Samanhilde med andre funn i denne undersøkinga stadfestar det vurderinga av at me på barnesteget har eit ”redusert” musikkfag med eit sterkt klasselærarpreg der det fagspesifikke også når det gjeld IKT-verktøy har liten plass. Dette er særleg påfallande for 1.-4.steget og ikkje uventa, men det er også eit klart trekk for 5.-7.steget.

2.7 Oppfattingar og fagsyn

I denne delen av undersøkinga søkte me informasjon om informantane sine meningar om ulike sider ved musikkfaget. Me har kalla dette ”oppfattingar og fagsyn”. For å få tak i meningane deira formulerte me 11 utsegner som me bad lærarane reagera på i form av avkryssing på ein 6 delt Likert-skala frå ”svært ueinig” = 1 til ”svært einig” = 6. Utsegnene dreier seg til dels om synspunkt på musikkfaget generelt og dels om spesifikke sider ved faget. Nokre av utsegnene er gjorde litt provokatoriske med sikte på å få fram klare standpunkt. Andre utsegn dreier seg om spørsmål som har vore oppe i debattar om musikkfaget eller som er ein tilbakevendande del av den fagdidaktiske diskursen i faget. Nokre av utsegnene er formulerte negativt og nokre er formulerte positivt.

Utsegnene er:

Nr	Utsegner	Einig %	Ueinig %
1	Musikk på barnetrinnet bør i hovedsak dreie seg om sang	23	77
2	Elevene trenger ikke forstå musikkteori, bare de kan synge og spille	22	78
3	Å være god i musikk betyr å kunne spille et instrument	13 (kun litt einig)	87
4	Skapende arbeid i musikkfaget er vanskelig på barnetrinnet	32 (ingen svært einig)	68
5	Bruk av IKT stjeler masse tid som kan brukes til nyttigere formål	24	76
6	Bruk av IKT i musikkundervisningen gjør musikalsk aktivitet mulig for flere elever enn uten bruk av IKT	62	38
7	Tilstrekkelig utstyr (instrumenter, læremidler etc.) er den viktigste faktoren for kvalitet i barnetrinnets musikkundervisning	63	37
8	Grupperom er helt avgjørende for å drive med skapende virksomhet	65	35
9	Musikkfaget må spille sammen med kunst- og kulturlivet utenfor skolen	60	40
10	Fokus på systematisk vurdering av enkeltelevers arbeid i musikkfaget styrker elevenes læring	70	30
11	Samspill bør være den viktigste aktiviteten i musikkfaget	59	41

Tabell 7: Oversikt over utsegner musikklærarane vart bedne om å ta stilling til, samt ei todelt oppsummering av kor mange prosent som var einige/ueinige i desse.

Tabell 7 over viser fordeling ut frå ei todeling av alle svara: dei som har sagt seg svært ueinig, ueinig eller litt ueinig *versus* dei som er litt einig, einig eller svært ueinig. Her er det ikkje skilt mellom klassetrinnsval. I kommentarane nyanserer me tolkinga litt basert på ei meir detaljert kjennskap til svara enn det som går fram av tabellen.

Samla sett meiner eit stort fleirtal at musikkundervisning er meir enn song (77 %). Det er likevel grunn til å merka seg at så mykje som 23 % av svara samtykker i at musikkfaget i hovudsak bør dreia seg om song (utsegn 1). Rett nok er dei fleste av desse svara kryssa av som ”litt einig”, men det viser at songen framleis står sterkt i den norske barneskulen. Svaret kan også henga saman med at informantgruppa i hovudsak er klasseromslærarar med allmennlærarutdanning. Det er også eit stort fleirtal (78 %) som meiner at elevane ikkje treng

”å forstå musikkteori, bare de kan synge og spille”(utsegn 2). Dette styrker andre funn i denne undersøkinga i retning av at det praktiske og aktivitetsorienterte musikkfaget står sterkt på barnetrinnet. Dette fagsynet blir nyansert litt ved at det er 42 % som er ueinig i at ”samspele bør vera den viktigaste aktiviteten i musikkfaget” (utsegn 11), og ved at ein kan vera god i musikk utan å kunne spele eit instrument.

Andre funn i andre delar av denne undersøkinga, t.d. lærarane sine problem med å leggja til rette for komponering blir også nyansert ved at heile 68 % av informantane er ueinige i at ”skapende arbeid i musikkfaget er vanskelig på barnetrinnet”. Det er også eit markert fleirtal som meiner at tilgang på grupperom og utstyr er viktig for å driva skapande arbeid og for kvalitet i undervisninga. Lærarane stadfester også stort sett eit positivt syn på IKT i musikkundervisninga, men når me samanliknar desse svara med svara på spørsmåla om kva aktivitet lærarar brukar eller legg til rette for i undervisninga, ser me at IKT i stor grad er knytt til bruk av YouTube og anna avspeling av musikk frå nettet. Det kan også vera grunn til å merka seg at lærarane ikkje er eintydig positive til samspele med kunst og kulturlivet utanom skulen (40 % ueining), sjølv om ei finlesing av svara gir ei overvekt på ”litt ueinig” blant dei negative her. Og endeleg; svara viser at lærarane meiner ”fokus på systematisk vurdering av enkeltelevers arbeid i musikkfaget styrker elevenes læring”.

Me har valt å ikkje detaljera funna våre med samanlikning av dei to hovudtrinna 1-4 og 5-7 i denne delen av undersøkinga. Men analysen har me gjort. Den viser små skilnader, t.d. ved at det er fleire informantar på hovudsteg 1-4 som meiner at song er viktigaste aktiviteten i musikk, medan det er fleire lærarar på 5-7 som meiner at bruk av IKT fremjar aktiviteten for alle og at vurdering av enkeltelevar er viktig. Detter er skilnader som er nokså naturlege gitt den skilnaden i rammevilkår faget har på dei to hovudstega.

Samla sett gir denne delen av undersøkinga eit inntrykk av positive haldningar til eit praktisk og aktivitetsorientert musikkfag der ingen av musikkfaget sine hovudområde vert sett på som umogelege å realisera, sjølv om skapande arbeid blir sett på som utfordrande. Samanhilde med andre delar av undersøkinga stadfester det inntrykket vårt om at det ikkje er haldningane til faget som kan vera til hinder for god praksis, men heller utstyr og rom og kunnskap og erfaring med å arbeida med nyare sider ved faget.

3.0 Oppsummerande drøfting

Denne undersøkinga er ei av svært få undersøkingar om tilstanden til det norske musikkfaget. Me har ikkje andre nasjonale undersøkingar som gir oss data om musikkfaget med spørsmål til praktiserande lærarar, der konkretisering av fagdidaktiske spørsmål er sett i forhold til eigenpraksis og skulepraksis og deira vurderingar av faget. Slik sett kan undersøkinga oppfattast som ei temperaturmåling på faget som gir eit visst grunnlag for å seia noko om tilstanden sett i forhold til beskrivinga i gjeldande læreplan. I denne oppsummerande drøftinga vil me difor sjå på funna i undersøkinga ut frå eit meir overordna perspektiv der det fagdidaktiske blir sett i samanheng med andre spørsmål. Hovudspørsmålet me stiller er difor om i kva grad praktiseringa av faget slik det blir rapportert av denne informantgruppa kan vurderast som ei forventa realisering av faget slik det er beskrive for det norske barnesteget.

Kompetansemåla i faget

For musikkfaget er det formulert kompetansemål på 2., 4, og 7. på barnesteget.

Kompetansemåla er som før sagt knytte til hovudområda musisere, lytte, og komponere. I det følgjande vil me samanhalda våre funn og inntrykk frå denne undersøkinga med ei vurdering av kva som kan forventast i form av ei rimeleg realisering av læreplanen for dei ulike hovudområda. For hovudsteg 1- 4 omfattar kompetansemåla for musiseringsemnet for 2.steget i hovudsak bruk, imitering og improvisering og framføringar av rytmar, melodiar, songar, leikar og dansar med vekt på variasjon og bruk av gehør. På 4.steget er dette utvida til meir spesifiserte fagkrav som jamn puls, spel av ostinat og melodiar, ulike sjangrar, intonasjon, og eit bestemt utval av dansar. På 7.steget er kompetansemåla i langt større grad prega av musikkfaglege element, slik som oppfatting og medviten bruk av dynamikk, tempo, harmonikk, einstemt og fleirstemt song med vekt på intonasjon, klang og uttrykk, spel av akkompagnement, framføring av eigenkomponert musikk i framføring med meir.

Kompetansemåla for hovedemnet ”komponering” har ein liknande progresjon der måla på 2. steget er formulerte som å læra å setja saman ulike musikalske grunnelement. I kompetansemålet for 4.steget er progresjonen knytt opp til eksperimentering, komponering og improvisering, mens det for måla på 7.steget dreier seg om meir fagspesifikk improvisering og komponering, å gje uttrykk for eigne idear, og laga eigne komposisjonar med og utan hjelp av digitale verktøy. Rørsle og dans er integrert på alle nivå.

Kompetansemåla for hovudemnet ”lytte” er dei mest talrike og omfattande av alle hovudemna. Progresjonen går frå samtalar om assosiasjonar musikk kan gje og aktivitetar der elevane får gje uttrykk for eigne opplevingar til større grad av gjenkjenning og namngjeving av ulike sider ved spesielle former for musikk. Vidare er målet med lytting å oppnå ei meir omfattande erfaring med ulike typar musikk som kan gje grunnlag for diskusjonar og drøftingar knytt både til dei kunstnarlege, kommersielle og funksjonelle sidene ved ulike typar musikk.

Samla sett er det vår vurdering at det synes å vera eit relativt sterkt mistilhøve mellom intensjonane i den formelle læreplanen og den operasjonaliserte læreplanen (Goodland & Ammons, 1979). I tillegg ser me konturane av ein skjult læreplan som ikkje nødvendigvis berre relaterer seg til den formelle læreplanen, men som er eit produkt av den kompetanse og dei rammevilkår barnesteget til ei kvar tid har til rådvelde. Dei største hindera for at den formelle læreplanen vert realisert, ser etter vårt syn ut til å vera knytt til spørsmål om formell utdanning og fagdidaktisk kompetanse. I tillegg ser me klare tendensar til at musikkfaget blir sett på som eit ”krydder og metodefag” som det ikkje blir stilt same krav til som dei såkalla basisfaga som norsk og matematikk. Dette ser me tydelegast i fråveret av nasjonale vurderingsordningar, i lærarane sine haldningar til faget, og i ei oppfatting av at musikkfaget må tilpassa seg dei rammene det får og at dette er til å leva med, sjølv om ting kunne ha vore betre.

Kompetansespørsmålet

Funna knytte til lærarane si sjølvrapportering av eigen praktisk kompetanse var av overraskande positiv art for oss. Det er svært få som samla sett rapporterer om vesentlege vanskar med tilrettelegging av fagaktivitetar i undervisning som krev praktisk kompetanse, rett nok med nokre viktige unnatak. Me veit frå andre undersøkingar at utdanningsnivået for praktiserande musikklærarar på barnesteget er vesentleg lågare enn på ungdomstrinnet (Lagerstrøm 2007, Espeland, Allers, Carlsen og Kalsnes, 2009) og at svært mange underviser i musikk utan anna fagleg utdanning enn den dei hadde i si eiga grunnskuletid. Me veit også at hovudmodellen for undervisning på barnesteget er klasseromslæraren som har mange fag i eigen klasse og at dette også i hovudsak gjeld den som underviser i faget musikk. Det er mange funn i denne undersøkinga som stadfestar ei slik oppfatting, m.a. at musikkundervisninga på barnesteget i hovudsak går føre seg i klassen sitt eige klasserom, særleg på hovudsteg 1-4, og i langt mindre grad i eit dedikert musikkrom.

Det er uråd for oss å seia noko sikkert om *kvaliteten* på den undervisninga som finn stad, og me kan heller ikkje påstå at sjølvrapporteringa til lærarane gir eit feil bilde av situasjonen for faget og kva som konkret går føre seg. Men me kan seia noko om korleis lærarane opplever den praksisen dei står i. I dette biletet er det ikkje unaturleg at rapporteringa blir positiv sett i forhold til eigen kompetanse. Svært mange i informantgruppa har musikkundervising som del av kvardagen sin og dei meistrar det på sitt nivå og med den kvalitet som dei til ei kvar tid er i stand til. Men når lærarane rapporterer større vanskar med dei to hovudområda ”komponering” og ”musisering”, i tillegg til arbeid med ”dans”, er dette eit teikn på at det er den meir ”faglege” og nyare delen av faget, som komponering, musisering og dans, som blir opplevd som vanskelegare enn meir tradisjonelle emne som ”lytting” og ”song”. Slik sett kan ein spekulera på om utvidinga av det gamle songfaget til det moderne musikkfaget anno 2010 ennå ikkje er heilt fullført for alle delar av barnesteget (Bjørnstad & Espeland, 2009).

Eit redusert musikkfag?

Det norske musikkfaget vart etablert i 1960 med ei kraftig utviding av det gamle songfaget. Nye faglege og fagdidaktiske utvidingar har følgd læreplanreformene, med innføringa av den skapande dimensjonen i 1974-planen og med utvidingar fram til L97, som etablerte hovudområda lytting, musisering, komponering, og dans. I LK06 er det framleis dette praktiske og aktivitetsorienterte faget som ligg til grunn, sjølv om danseemnet i LK06 er integrert i dei andre hovudemna.

Inntrykket av at faget er eit klasseromsfag heller enn eit spesialromsfag, er gjennomgåande og tydeleg i denne undersøkinga. Det er difor ikkje urimeleg å forventa at faget dermed blir prega av ei slik rolle, t.d. ved at det i større grad enn det er tilsikta i læreplanverket, blir eit songfag og eit fag som får preg av å vera eit metodefag. Funn i kapittel 1, fellesdelen, av denne rapporten konkluderer med at lærarane si haldninga til musikkfaget er svært positiv, også til å bruka faget som metode, men at graden av slik bruk er relativt låg. Men det kan også forklarast av at det norske musikkfaget har funne ei form og eit innhald som legg vekt på det tradisjonelle i form av song og leik, der nye og meir krevjande aktivitetar som samspel, musisering og komponering ennå ikkje har funne sin plass på barnesteget. Andre undersøkingar av det norske musikkfaget, t.d. Johansen (2003) og Espeland & Grønsdal (2009) kan tyda på at ei slik forklaring også kan vera relevant her. Sjølv om dans ikkje lenger er eit eige hovudemne i musikk, er dans og rørsle ein viktig del av faget som gir heilt spesielle utfordringar i ein klasseromskontekst.

Det totale biletet av faget kan difor sjå ut som at me på barnesteget snakkar om *eit redusert musikkfag*, ikkje nødvendigvis i timeomfang sett i høve til tidlegare læreplanperiodar, men i høve til kva for sider av faget som blir realisert på barnesteget, og i høve til kva for status faget har i form av konkret og positiv tilrettelegging av rom og utstyr for dei kompetansemåla som me finn på 2., 4. og 7.steg. Vårt funn om at lokale læreplanar i stor grad manglar på 1.-4.steget styrker inntrykket av eit redusert musikkfag. Dermed er det stor fare for at faget blir ei rekke av usamanhengande aktivitetar, der metodesida og ”cosy arts” (Bamford, 2012) haldninga blir det som får mest tyngde.

Skilnader mellom hovudstega

Musikkfaget har monaleg større plass på 5.-7.steget enn på steget 1-4 og aktivitetane her er difor forventa både å vera fleire og med meir fagleg djupne slik det er skildra i kompetansemåla. Me finn fleire slike klare og signifikante skilnader, særleg for meir faglege aktivitetar knytt til hovudemna for komponering og musisering. Den generelle tendensen er at lærarar på 5.-7.steg vektlegg slike aktivitetar i større grad enn 1-4 lærarane, og i følgje våre analysar kan utdanningsdjupne vera ei viktig forklaring på at det er slik. Skilnader mellom bruk av IKT-verktøy er samla sett noko høgare på 5.-7.steget enn på 1.-4. Samanhaldet med andre funn i undersøkinga styrkjer dette vurderinga vår av at me på barnesteget har eit ”redusert” musikkfag med eit sterkt klasselærarpreg, der det fagspesifikke også når det gjeld IKT-verktøy har liten plass. Dette er ikkje uventa, men særleg påfallande for 1.-4.steget, fordi den grunnleggjande dugleiken i å bruka digitale verktøy også gjeld for dette hovudsteget. Liten bruk av IKT-verktøy er også eit klart trekk for 5.-7.steget.

Funna våre for spørsmåla knytt til skapande arbeidsformer er vanskelegare å tolka. Her er skilnadane relativt store mellom dei to hovudstega. Det kan forklarast av skilnader i tilgang på undervisingstid i faget og det kan forklarast av at nokre av kompetansemåla på 5.- 7.steget for hovudemnet ’komponering’ er meir fagspesifikt formulerte enn for 1.-4.steget.

Referansar

- Bamford, A. (2011). *Arts and Cultural Education in Norway*. Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen.
- Bjørnstad, F.O. & Espeland, M. (2010). Educational progress or stasis on the outskirts of Europe. I Cox, G. & Stevens, R. (Eds.) (2010). *The Origins and Foundations of Music Education. Cross-cultural historical studies of music in compulsory schooling*. London: Continuum.
- Espeland, M. & Grønsdal, I. (2009). Musikk: musikkundervisninga på ungdomstrinnet og bruk av IKT - eit tenleg instrument for heile musikkfaget? I Vavik, L., Andersland, S., Arnesen, T.E., Arnesen T., Espeland, M., Flatøy., Grønsdal, I., ... Tuset, G.A. (2010). *Skolefagsundersøkelsen 2009. Utdanning, skolefag og teknologi*. (HSH rapport 2010/1).
- Espeland, M., Allers, T-H., Carlsen, K., Kalsnes, S. (2011). *Praktiske og estetiske fag og Lærerutdanning* (HSH-rapport 2011/1). Hentet fra:
http://idtjeneste.nb.no/URN:NBN:no-bibsys_brage_16239
- Goodlad, J.I. & Ammons, M.P. (1979). *Curriculum Inquiry. The Study of Curriculum Practice*. New York: McGraw-Hill.
- Johansen, G. (2003). *Musikkfag, lærer og læreplan: en intervjuundersøkelse av læreres fagoppfatning i musikk og en ny læreplans påvirkning på denne*. (NMH Publikasjon 2003:2). Oslo: Norges Musikhøyskole.
- Lagerstrøm, B.O. (2007). *Kompetanse i grunnskolen: hovedresultater 2005/2006*. (SSB Rapport 2007/21)
- Vavik, L., Andersland, S., Arnesen, T.E., Arnesen T., Espeland, M., Flatøy., Grønsdal, I., ... Tuset, G.A. (2010). *Skolefagsundersøkelsen 2009. Utdanning, skolefag og teknologi*. (HSH rapport 2010/1).

Tabell-liste

Tabell 1: Tal på år lærarane har undervist i grunnskulen

Tabell 2: Oversikt over variablar for "innhald og aktivitetar i musikkfaget"

Tabell 3: Oversikt over variablar for "skapande arbeidsformer i musikkfaget"

Tabell 4: Oversikt over variablar for "arbeidsformer i musikkfaget"

Tabell 5: Oversikt over variablar for "IKT i musikkundervisinga"

Tabell 6: Oversikt over variablane for kor ofte lærarane sjølve bruker og kor ofte dei let elevane brukta ulike IKT-verktøy:

Tabell 7: Oversikt over utseigner musikklærarane vart bedne om å ta stilling til, samt ei todelt oppsummering av kor mange prosent som var einige/ueinige i desse.

Figurliste

Figur 1: Tal på undervisingstimar per veke for 1.-4. og 5.-7. steg.

*Figur 2: Vurdering av eigen praktiske kompetanse delt i steg 1-4 og 5-7. Skala:
1=Kan ikke gjennomføre, 2=svært store vansker, 3=Store vansker, 4= En del
vansker, 5= Litt vansker, 6= Ingen vansker.*

*Figur 3: Vurdering av eigen praktiske kompetanse delt etter utdanningsdjupne. Skala:
1=Kan ikke gjennomføre, 2=svært store vansker, 3=Store vansker, 4= En del vansker,
5= Litt vansker, 6= Ingen vansker.*

*Figur 4: Prosent av lærarar som har svara "ingen vansker" for dei ulike praktiske
kompetansane.*

*Figur 5: Tilgang til utstyr, 1-4 og 5.-7. steg. Skala: 1=ikke tilgang, 2=liten
tilgang, 3=tilgang av og til, 4=alltid tilgang.*

*Figur 6: Organiseringsformer på 1-4 og 5.-7. steg. Skala:1=Stemmer ikke,
2=Stemmer av og til, 3=Stemmer oftest, 4=Stemmer.*

*Figur 7: Læraren si vektlegging i eiga undervising på steg 1-4 og 5-7. Skala:
1=Ikke vektlagt, 2= Svært lite vektlagt, 3=Lite vektlagt, 4=Noko vektlagt,
5=Mykje vektlagt, 6=Svært mykje vektlagt.*

*Figur 8: Musikklærarar si vektlegging av innhald og aktivitetar på steg 1-4 og 5-
7. Skala: 1=Ikke vektlagt, 2= Svært lite vektlagt, 3=Lite vektlagt, 4=Noko
vektlagt, 5=Mykje vektlagt, 6=Svært mykje vektlagt. Signifikante skilnader er
indikert med p-verdi.*

*Figur 9: Musikk-lærarar si vektlegging av innhald og aktivitetar etter meir eller
mindre enn 30 sp utdanning i musikk. Skala: 1=Ikke vektlagt, 2= Svært lite
vektlagt, 3=Lite vektlagt, 4=Noko vektlagt, 5=Mykje vektlagt, 6=Svært mykje
vektlagt. Signifikante skilnader er indikert med p-verdi.*

*Figur 10: Gjennomsnitt av lærarar si vektlegging av skapande arbeidsformer.
Skala: 1=Ikke vektlagt, 2=Svært lite vektlagt, 3=Lite vektlagt, 4=Noko vektlagt,
5=Mykje vektlagt, 6=Svært mykje vektlagt.*

*Figur 11: Prosent musikklærarar som har svart ”mykje vektlagt” og ”lite
vektlagt” for arbeidsformer spesifisert i tabellen under:*

*Figur 12: Spørsmål om kor ofte læraren legg til rette for at elevar bruker IKT i
musikkundervisinga. Skala: 1=Aldri, 2=Veldig sjeldent, 3=Sjeldent, 4=Av og til, 5=
Ofte, 6= Svært ofte. Signifikante skilnader er indikert med p-verdi.*

*Figur 13: Spørsmål om kor ofte læraren sjølv brukar/let elevane bruka ulike
typar IKT-verktøy knytt til musikkundervisinga. Skala: 1-Aldri, 2-Veldig sjeldent,
3-Sjeldent, 4-Av og til, 5- Ofte, 6- Svært ofte.*

Skolefagsundersøkelsen 2011 gir oppdatert kunnskap om ulike sider ved skulefaga kroppsøving, kunst og handverk, mat og helse og musikk slik desse blir praktiserte på barnesteget i den norske grunnskulen.

Innsamlinga av data er gjort gjennom ei nasjonal nettbasert omfattande undersøking retta mot praktiserande lærarar på barnesteget. Rapporten byggjer på ein analyse av 794 svar frå desse lærarane gjennomført av ei tverrfagleg forskargruppe ved Høgskulen Stord/Haugesund og Høgskolen i Bergen. Metodiske spørsmål er gjort greie for og drøfta i første kapitlet i rapporten.

I kapittel 1 *"Metode eller danningsfag? Lærarperspektiv på praktiske og estetiske fag på barnesteget"* blir det fokusert på det som er felles for faga. I kapittel 2 *"Kroppsøving på barnesteget – vektlegging av leik og rørsleglede"* ser ein nærare på læraroppfatninga av kroppsøvingsfaget. Kapittel 3 *"Kunst og håndverk i barneskolen – et fag i oppløsning?"* drøftar resultat frå undersøkinga i et faghistorisk perspektiv, og kapittel 4 *"Mat og helse på barnetrinnet – praktisk men ennå ikke kreativt"* peikar på at faget på dette steget først og fremst framstår som et praktisk fag. I det siste kapitlet i rapporten, *"Musikkfaget på barnesteget – eit redusert musikkfag?"*, drøftar forfattarane om et lite fag er blitt ennå mindre gjennom det valet av læringsaktivitetar lærarane synes å leggja opp til.